

Variasjon og endring i bømlamålet

-ei sosiolingvistisk gransking av målet i Bømlo kommune i Sunnhordland

VIBEKE NOTLAND

**Hovudfagsavhandling
Ved Nordisk institutt, Universitetet i Bergen
Hausten 2001**

Føreord

Då eg bestemte meg for å begynna på hovudfag, var det heile tida ein føresetnad at eg ville skriva noko om bømlamålet. Eg er sjølv oppvaksen på Moster i den søraustlege delen av Bømlo kommune, og eg hadde lenge lagt merke til at det var mogleg å variera svært mykje med omsyn til seiemåtar i talemålet der. Dette var noko som eg hadde observert i mitt eige talemål, men òg i talemålet til venner og slektningar. I tillegg hadde eg ei vag oppfatning av at i målet til dei heilt yngste var dei moderne formene etter kvart begynt å få overtaket. Eg bestemte meg for å granska bømlamålet med tanke på å avdekkja om all denne variasjonen var eit teikn på at talemålet på Bømlo var inne i ein endringsprosess.

Fordi eg i utgangspunktet òg hadde tenkt å undersøkja kva tyding ein person sitt sosiale nettverk har å seia for talemålet, lot eg informantane mine fylla ut eit skjema som var uforma med tanke på å kartleggja nettverkstypene deira. Det viste seg at tida blei for knapp til at eg kunne gjera noko meir med dette skjemaet. Dessutan kom eg fram til at fokuset i granskinga ville bli for spreidd, dersom eg skulle ta med dette òg. Informantane skal likevel vita at det ikkje var bortkasta arbeid å fylla ut dette skjemaet. Materialet vil bli lagra, og kanskje kan eg ta det fram ved eit seinare høve.

Av tekniske årsaker vil tabellane i analysekapittelet bli delte mellom to sider der det er naudsynt. Nokre av tabellane vil komma i vedlegget.

Rettleiaren min, Gjert Kristoffersen, skal ha mange takk for god og grundig rettleiing.

Takk til Knut Hofland ved HIT-senteret, for arbeidet med å gjera materialet mitt klart til gjennomlytting og ekserpering, og for å visa meg korleis eg skulle gå fram. Audun Lange ved NSD skal ha takk for god hjelp til statistikken.

Takk til skuleleiinga og lærarar ved Moster skule og Bremnes ungdomsskule, for at de lot meg gjennomføra datainnsamlinga i skuletida, og takk til Rolf for korrekturlesing og litt til.

Til slutt vil eg takka alle informantane mine. Utan dykkar deltaking kunne eg ikkje ha gjennomført prosjektet! Velviljen dykkar gjorde innsamlingsfasen til ei kjekk oppleving.

Bergen, november 2001

Vibeke Notland

Innholdsliste

Føreord	i
Innholdsliste	ii
<u>Oversikt over vedlegg</u>	<u>vii</u>
Oversikt over figurar og tabellar i teksten	vii
Kart over soknegrenser og skular i Bømlo kommune	ix
1. FØREMÅL OG BAKGRUNN	1
1. 1. Innleiing og oversikt	1
1. 1. 1. Føremålet med avhandlinga	1
1. 1. 2. Kapitteloversyn	1
1. 2. Bømlo kommune	1
1. 2. 1. Det geografiske området	1
1. 2. 2. Skulestruktur	2
1. 2. 3. Næringsliv og sysselsetjing	2
1. 3. Talemålet	3
1. 3. 1. Innleiing	3
1. 3. 2. Tidlegare granskingar av bømlamålet	3
1. 3. 3. Geografiske forskjellar	6
1. 3. 4. Stokka si gransking	6
1. 4. Hypotesar	7
1. 4. 1. Makrososiale faktorar	7
1. 4. 2. Haldningsfaktorar	8
2. TEORI – KORLEIS ENDRAR SPRÅKET SEG	9
2. 1. Språksamfunnet	9
2. 2. Språkhistoriske forklaringsmodellar	10
2. 2. 1. Historisk lingvistikk og språkending	10
2. 2. 2. Leksikalsk diffusjon	11
2. 2. 3. Den junggrammatiske kontroversen	12
2. 2. 4. Indre og ytre årsaker til endring	13
2. 2. 5. Indre faktorar	14
2. 2. 5. 1. Analogi	14
2. 2. 5. 2. Funksjonell tyngd	15

2. 2. 6. Ytre faktorar	15
2. 2. 6. 1. Mobilitet	15
2. 2. 6. 2. Skriftspråket	16
2. 2. 6. 3. Massemedia	16
2. 2. 7. Oppsummering	17
2. 3. Sosiolingvistisk språkendingsteori	18
2. 3. 1. Definisjon	18
2. 3. 2. Sosiolingvistikk og språkending	18
2. 3. 3. Kan ein forklara korleis ei ending oppstår?	21
2. 3. 4. Identitet og prestisje	22
2. 3. 5. Akkommodasjonsteori	23
2. 3. 6. Personlegdomstypar	26
3. METODE OG DATAINNSAMLING	29
3. 1. Kvantitative eller kvalitative metodar	29
3. 2. Val av informantar	31
3. 2. 1. Tilsynelatande tid eller verkeleg tid	31
3. 2. 2. Kven skal vera informantar	35
3. 2. 3. Kriterium for utval	36
3. 2. 4. Framgangsmåte ved utval	37
3. 3. Korleis observera språkbruk?.....	39
3. 4. Datainnsamling	44
3. 4. 1. Innleiing	44
3. 4. 2. Informantgruppe 1: tenåringane	44
3. 4. 3. Praktisk tilrettelegging	45
3. 4. 4. Gangen i informantsamtalane	46
3. 4. 5. Skjemautfylling	49
3. 4. 6. Informantgruppe 2: dei vaksne	49
3. 4. 7. Gangen i informantsamtalane	50
3. 4. 8. Vurdering	52
4. VARIABLAR.....	54
4. 1. Presentasjon av variablar	54
4. 1. 1. Innleiing	54

4. 1. 2. Korleis velja variablar	54
4. 2. Språklege variablar	55
4. 2. 1. Tradisjonelle kontra moderne former	55
4. 2. 2. Fonemnotasjon	55
4. 2. 3. Morfologiske variablar	56
4. 2. 3. 1. Presens av svake verb med a-ending	56
4. 2. 3. 2. Presens av sterke verb med i-omlyd	56
4. 2. 4. Fonologiske variablar	57
4. 2. 4. 1. Realisasjon av konsonantsambanda <i>ld</i> , <i>nd</i> , <i>mb</i> og <i>ng</i>	57
4. 2. 4. 2. Palatalisering av velarar i innlyd	59
4. 2. 4. 3. Differensiasjon	60
4. 2. 4. 4. Segmentasjon	60
4. 2. 4. 5. Vokallenging	62
4. 2. 4. 6. Veksling mellom [ɣ], [ʉ] og [œ]	64
4. 2. 5. Oppsummering	65
4. 3. Makrososiale variablar	67
4. 3. 1. Innleiing	67
4. 3. 2. Geografi	67
4. 3. 3. Alder	68
4. 3. 4. Kjønn	69
4. 3. 5. Foreldrebakgrunn	70
4. 3. 6. Tid borte frå Bømlo	70
4. 3. 7. Oppsummering	71
4. 4. Haldningsvariablar	71
4. 4. 1. Innleiing	71
4. 4. 2. Dialektrangering	71
4. 4. 3. Synst informantane dialekten deira er fin?	72
4. 4. 4. Snakkar informantane alltid likt?	72
4. 4. 5. Hender det at informantane føler at dialekten deira ikkje passar inn?	72
4. 4. 6. Finst det samanhengar der dialektar generelt ikkje passar inn?	73
4. 4. 7. Finst det ulike dialektar på Bømlo?	73
4. 4. 8. Snakkar dei samme dialekten på Moster og Bremnes?	73
4. 4. 9. Kva dialekt meiner informantane sjølve at dei snakkar?	73
4. 4. 10. Identitet	74

4. 4. 11. Trivsel	74
4. 4. 12. Kan informantane tenkja seg å bu ein annan plass?	74
4. 4. 13. Oppsummering	75
5. TRANSKRIPSJON OG SØKJEMETODE	76
5. 1. Norsk talemålskorpus	76
5. 2. Framgangsmåte ved og evaluering av transkripsjon og søkjemetode	76
5. 2. 1. Framgangsmåte ved transkripsjon	76
5. 2. 2. Evaluering av transkripsjon	78
5. 2. 3. Kopling mellom transkripsjon og digitalisert lyd til eit søkbart korpus	78
5. 2. 4. Framgangsmåte ved søk	79
5. 2. 5. Evaluering av søkjemetode	79
5. 2. 6. Samla vurdering	80
6. STATISTISK ANALYSE OG HYPOTESAR	81
6. 1. Statistisk analyse	81
6. 1. 1. Grunnpremissar	81
6. 1. 2. Operasjonalisering av hypotesetestinga	82
6. 1. 3. Statistikkprogram	83
6. 2. Presentasjon av hypotesar	83
6. 2. 1. Innleiing	83
6. 2. 2. Språk – alder	83
6. 2. 3. Språk – alder – geografi	84
6. 2. 4. Språk – kjønn	84
6. 2. 5. Språk – foreldrebakgrunn	84
6. 2. 6. Språk – tid borte frå Bømlo	85
6. 2. 7. Språk – innomspråklege faktorar	85
6. 2. 8. Språk – haldningsvariablar	86
7. ANALYSE	87
7. 1. Resultat i forhold til alder og geografi	87
7. 1. 1. Innleiing	87
7. 1. 2. Fokus på potensiell språkleg endring	87
7. 1. 2. 1. Oppsummering av språklege resultat i forhold til alder	88

7. 1. 2. 2. Korfor endrar desse trekka seg?	95
7. 1. 3. Korleis stiller materialet seg i forhold til hypotesen om aldersvariasjon	97
7. 1. 4. Endring av talemålet eller aldersavgrensa språkbruk	98
7. 1. 5. Geografi kopla med alder	99
7. 1. 6. Medvit om språkleg forskjell	105
7. 1. 7. Oppsummering	107
7. 2. Resultat i forhold til kjønn, foreldrebakgrunn og tid borte frå Bømlo	107
7. 2. 1. Innleiing	107
7. 2. 2. Kjønnsspektet	108
7. 2. 3. Foreldrebakgrunn	111
7. 2. 4. Tid borte frå Bømlo	113
7. 2. 5. Oppsummering	114
7. 3. Resultat i forhold til haldningar	114
7. 3. 1. Innleiing	114
7. 3. 2. Haldning til dialektar	115
7. 3. 3. Haldning til heimstad	119
7. 3. 4. Personlegdomstypar	128
7. 3. 5. Identitet	129
7. 3. 6. Medvit om språkleg tilpassing	132
7. 3. 7. Oppsummering og problematisering	135
8. AVSLUTNING	138
8. 1. Oppsummering og konklusjonar	138
8. 2. Framtidsdialekten	139
Litteraturliste	141

1. FØREMÅL OG BAKGRUNN

1. 1. Innleiing og oversikt

1. 1. 1. Føremålet med avhandlinga

Denne avhandlinga omhandlar ei sosiolingvistisk gransking av målet i Bømlo kommune i Sunnhordland. Eg har tatt utgangspunkt i to sokn på Bømlo, Moster og Bremnes, og freistar å kartleggja den språklege variasjonen og dei endringane som verkar å vera i ferd med å skje med talemålet der. Eg har òg undersøkt om tradisjonelle språklege forskjellar mellom måla i desse to sokna framleis er til stades i talemålet til dei unge. Grunlaget for undersøkinga er innsamla materiale frå 36 informantar frå desse to sokna. Eg har freista å sjå om bruken av tradisjonelle og moderne talemålsvariantar samvarierer med ulike ytre sosiale faktorar.

Informantane blei derfor delte inn i ulike grupper etter alder, geografi, kjønn, foreldrebakgrunn og tid borte frå Bømlo. Eg har òg freista å undersøkje om ulike haldningar eller personlegdomstypar verkar å påverka språkbruken til informantane.

1. 1. 2. Kapitteloversyn

Avhandlinga er delt inn i åtte kapittel. I tillegg til ei skildring av føremålet med avhandlinga, inneheld kapittel 1 ein presentasjon av Bømlo kommune og kva som tidlegare er skrive om talemålet der. Til slutt i kapittelet kjem ein kort presentasjon av dei viktigaste hypotesane. Første del av kapittel 2 omhandlar generell teori i samband med språkending, medan siste del går inn i særleg sosiolingvistisk teori rundt språkending. Kapittel 3 er ei drøfting av metodiske val og korleis eg gjennomførte feltarbeidet mitt. Dei språklege og sosiale variablane eg valte å fokusera på, blir drøfta i kapittel 4. I dette kapittelet finn ein òg ein gjennomgang av det Jan Terje Stokka (1982) kom fram til med omsyn til dei trekka eg granskar. Kapittel 5 inneheld ein presentasjon og ei evaluering av den metoden eg gjorde bruk av ved transkripsjonen og ekserperinga i det innsamla talemålsmateriale. I kapittel 6 presenterer eg hypotesane og korleis eg gjennomførte den statistiske analysen. Kapittel 7 inneheld resultatata i forhold til hypotesane og drøftinga av desse. Oppsummering og konklusjon kjem i kapittel 8.

1. 2. Bømlo kommune

1. 2. 1. Det geografiske området

Bømlo er ein øykommune i Sunnhordland med til saman over tusen større og mindre øyar. Hovudøya er mykje større enn dei andre, men dei største øyane elles er Goddo i nord og

Moster i søraust. Flatemålet er til saman 247 km², og talet på innbyggjarar er omlag 10700. Busetjinga på Bømlo er spreidd, men med fem tettstader (Langevåg, Finnås, Mosterhamn, Svortland og Rubbestadneset) fordelt på fire sokn: Bømlo, Lykling, Moster og Bremnes. Kommunesenteret ligg på Svortland i Bremnes sokn.¹ Nabokommunane til Bømlo er naboøya Stord i aust, Fitjarøyane i nordaust, Austevoll i nordvest og Sveio i søraust. Vest for Bømlo ligg Nordsjøen. Den nærmaste byen er Haugesund, som ligg om lag ein times køyretur frå Bømlo.

Fram til 1916 heitte kommunen Finnås herred, men 1. juli det året blei heradet delt i tre: Bømmel herred, Moster herred og Bremnes herred. Denne stoda varte fram til kommunesamanslåinga i 1963. Då slo ein dei tre herada saman, og namnet på kommunen blei Bømlo.

1. 2. 2. Skulestruktur

Bømlo har tretten kommunale skular. Av desse er ni barneskular, tre kombinerte barne- og ungdomsskular og ein ungdomsskule. Skulestrukturen er med andre ord svært desentralisert. I tillegg er det to vidaregåande skular, ein allmennfagleg og ein yrkesfagleg, samt ein folkehøgskule.

Denne avhandlinga kjem til å fokusera på Moster og sentralområdet i Bremnes sokn. I Moster sokn finn ein ein kombinert barne- og ungdomsskule (Moster skule) og to barneskular (Håvik og Foldrøy).² Dei frå Moster som har deltatt i denne granskinga, har alle gått både barne- og ungdomsskule på Moster. I Bremnes sokn finst det fem barneskular (Gilje, Meling, Svortland, Kvarven og Rolfsnes), ein kombinert barne- og ungdomsskule (Rubbestadneset) og ein ungdomsskule (Bremnes). På Bremnes ungdomsskule kjem elevane frå alle barneskulane i Bremnes sokn, utanom dei frå Rubbestadneset og Rolfsnes. I tillegg kjem elevane frå Foldrøy barneskule i Moster sokn og barneskulen i Lykling sokn òg til Bremnes for å gå på ungdomsskulen. Dei frå Bremnes sokn som har deltatt i denne granskinga, kjem frå Gilje, Meling og Svortland (tidlegare Steinsbø) skulekrinsar. Dette vil bli grunngjeve seinare.

1. 2. 3. Næringsliv og sysselsetjing

Store delar av næringslivet på Bømlo er knytt til havet. Det finst fleire rederi, som driv med forsyning til oljeindustrien, fraktfart og fiske. Det finst òg fleire fiskeforedlingsverksemder. I tillegg er det fleire verksemder som produserer ulike produkt til skipsfart, fiske- og

¹ Sjå kart s. ix.

² Sjå kart s. ix for alle dei kommunale skulane i Bømlo kommune.

oljeindustri, og som leverer produkta sine til heile verda. Utanom dette finst det sjølvsagt fleire mindre verksemdar, som produserer alt frå sølvsmykke til tova ullprodukt.

Kommunen har ein godt utbygd kommunal sektor som medfører mange arbeidsplassar. I tillegg til kommuneadministrasjonen finst det, som nemnt, mange skular, fire institusjonar for eldre, fleire legekontor, tannlegar og veterinærteneste. I tillegg er det òg mange som har arbeidsplassen sin i private sørvisverksemdar av ulikt slag. Det finst mange ulike butikkar og forretningar på Bømlo, då særleg på Svortland. Framleis finst det òg ein del på Bømlo som har yrket sitt i primærnæringane.

Dessutan er det slik at mange har arbeidsplassen sin i verksemdar andre plassar enn på Bømlo, særleg på Stord, og det er mange som er tilsette i rederi og oljeselskap som ikkje har sete på Bømlo.

Det har jamt over vore lågare arbeidsløyse på Bømlo enn i regionen og landet elles, og ein har ikkje vore utsett for dei store svingingane i sysselsetjinga.

1. 3. Talemålet

1. 3. 1. Innleiing

Bømlamålet er eit (sør)vestnorsk talemål. Det er eit typisk a-mål, med a-ending i infinitiv og i eintal ubestemt form av svake feminina.

1. 3. 2. Tidlegare granskingar av bømlamålet

Det er skrive litt forskjellig om ulike delar av talemålet i Bømlo kommune. Det første ein har oversikt over er Chr. Vidsteen si skildring av måla i Sunnhordland i dei to skriftene *Oplysninger om Bygdemaalene i Søndhordland* (1882) og *Ordbog over Bygdemaalene i Søndhordland* (1900). I desse finn ein målet i Finnås herad skildra. Seinare har det blitt publisert ein del skrifter til. Nedanfor er desse lista i kronologisk rekkefølge:

Håkon Hamre (1945): *Målet på Bømlo i Sunnhordland*. Dette er ei skildring av lydverket i gamle Bømmel herad, no Bømlo sokn.

Ole Andreas Selle (1948): *Stadnamn frå eit øyrike*. Dette omhandlar vestre Bremnes sokn.

Peter Hallaråker (1961): *Stadnamn frå sørvestre Bremnes*.

Peter Hallaråker (1973): *Fonologiske hovudtrekk i Bremnesmålet*.

Peter Hallaråker (1976): *Skjergardsnamn frå Bremnes*.

Peder Svein Grønås (1976): *Nokre opplysningar til stadnamn frå Moster i Sunnhordland*.

Birger Røksund (1979): *Dialektord på Bømlo*.

Jan Terje Stokka (1982): *Noko om Bømlamålet. Ei utgreiing om lydverk og formverk i målet i Bømlo kommune, Hordaland, med stor vekt på målskilnader alt etter tilhaldsstad og alder*.

I tillegg opplyser Oddvar Nes i sin *Norsk dialektbibliografi* (1986:314) at det òg er ein Grønnevik som i 1953 utgav noko om bømlamålet. Denne har eg ikkje klart å oppspora, og eg veit ikkje kva den omhandlar.

Som ein ser, omhandlar halvparten av desse skriftene stadnamnsgransking, og desse er dermed ikkje særleg relevante i forhold til avhandlinga mi. Elles ser ein at det er måla i Bømlo sokn og Bremnes sokn som er grundigast skildra. Det finst inga sjølvstendig heilskapleg skildring av målet i Moster sokn. Målet i Moster sokn er likevel grundig dekkja av Stokka (1982), til liks med målet i resten av Bømlo kommune. Desse skriftene er alle relativt tradisjonelle dialektologiske skildringar, sjølv om Stokka si gransking fokuserer på aldersskilnader og geografisk variasjon.

Dersom ein går litt inn i det som er skrive om måla i Sunnhordland, finn ein dei ofte skildra som *overgangsmål*. Hamre (1945:6) seier at

Ein lyt sjå på målet i NShl. [nordre Sunnhordland] som eit *overgangsmål* millom rygjamål og Nordhordlandsmål, med so stor skyldskap til båe sider, at ein med like stor rett kan knyta det til den eine som til den andre av desse målgreinene.

Marius Hægstad (1916:1) seier òg at ”Dei uthordske maali synest i gamall tid (liksom no) ha vore *yvergangsmaal*, i sud til rygjamål, i nord til fjordamaal eller nordvestlandsk” (mi utheving). Som ein ser, er omgrepet *rygjamål* nemnt i begge sitata. Hægstad (1915:113-114) deler den gammalnorske hovuddialekten ”sudvestlandsk” inn i to; ei indre grein og ei ytre grein, som han kalla ”Rygjamaal”, der måla i Sunnhordland er medrekna. Hans Ross (1909:96) reknar heile målet i Sunnhordland til rygjamålet (”Rygemaal”). Ivar Aasen (1864:345) seier at

Den hordske eller søndre bergenske Maalgren omfatter maalene i Sogn (for den største Deel), Voss, Hardanger og Nordhordland. (Det Søndhordlandske hører egentlig ogsaa hertil, men fraskiller sig noget i Bøiningsformerne, saa at det bekvemmere kan regnes til den stavangerske Green).

Om måla i Sunnhordland seier han vidare: ”Ellers meget tilfælles med Nordhordlandsk”. Han nyttar ikkje omgrepet *overgangsmål*. Vidsteen (1882:7) stilte måla i Sunnhordland opp som ei eiga dialektgruppe, då han meinte at dei skilte seg åt frå måla i Ryfylke og Nordhordland. Han deler dei inn i ei nordleg grein og ei sørleg grein. Finnås herad reknar han til den nordlege greina, men peiker likevel på at med omsyn til fleire språktrekk skil målet i Finnås seg frå resten av nordsunnhordlandsmåla. Dette gjeld særleg den søre delen, det som no utgjer Bømlo og Moster sokn, som han meinte ville gå over til den sørlege greina ”i en ikke meget fjern Fremtid” (Vidsteen 1882:10). Peter Hallaråker (1976:15) kallar målet i Bremnes sokn eit ”ytre Sunnhordlands-mål”. Han nemner ikkje omgrepet *overgangsmål*. Dette er Peder Svein Grønås (1976:4) einig i. Han meiner at nemninga overgangsmål er uheldig, fordi ”Kvart målføre innom ei større målgrein (her: sørvestlandsk) må verta rekna som eit overgangsmål.” Han bruker nemninga ”ytre sunnhordemål”. Stokka (1982:423) seier på slutten av si avhandling at “utanom sør-Bømla-målet, må målet i kommunen elles reknast til nord-sunnhordlandsken.” Han reknar med andre ord målet i både Moster og Bremnes sokn til dei nordlege sunnhordlandsmåla, og meiner altså at Vidsteen sin profeti ikkje har slått til med omsyn til mostramålet. Likevel seier han at “Mostra-målet er, pga. ymis vokallenging i hovudtrykkstaving, overgangsmål til sør-sunnhordlandsk, utan at det bør reknast saman med det.” Stokka problematiserer inndelinga si noko, og til slutt seier han (1982:433): “Målet i Bømlo kommune ser då ut til delvis å falla mellom to stolar. Det torde vera typisk for eit overgangsmål”.³ Han er med andre ord tilhengjar av omgrepet *overgangsmål* som karakteristikk av bømlamålet, og hevdar at mostramålet er eit overgangsmål til dei sørlege sunnhordlandsmåla, medan målet i Bremnes sokn er eit overgangsmål mot dei nordlege sunnhordlandsmåla og nordhordlandsk.

Ein ser altså at det ikkje har vore heilt semje om korleis ein skal plassera måla i ytre Sunnhordland, og med dei bømlamålet. Eg kjem ikkje til å bruka tid på å prøva å karakterisera bømlamålet som den eine eller den andre måltypen. Eg har referert denne diskusjonen i eit forsøk på å plassera bømlamålet for lesaren.

Fordi Stokka si gransking er den mest omfattande og den nyaste, vil eg ta utgangspunkt i skildringa hans av måla i Moster og Bremnes sokn.

³ Stokka si understreking.

1. 3. 3. Geografiske forskjellar

Det er ei tradisjonell oppfatning på Bømlo at ein kan høyra forskjell på måla i dei ulike sokna. Hamre (1945:6) seier at ”Der er ikkje liten skilnad på Bømlamålet [målet i noverande Bømlo sokn] og målet i Bremnes s[okn]”. Stokka (1982:II) skriv:

I ei undersøking (...) av kva skuleelevane frå 7. klasse og oppover ville svara på spørsmålet ”meiner du at det finst ein eller fleire dialektar i Bømlo kommune”, viste det seg at så å seia alle (500, jfr. s.5) svarte ”fleire”.

Eg spurde informantane mine det samme spørsmålet, og langt dei fleste av desse meinte òg at det var ulike dialektar på Bømlo. 61,1 % svara ja, og 33,3 % svara delvis. Eg spurde dei òg om det var forskjell mellom måla i Moster sokn og Bremnes sokn. Langt dei fleste meinte at det var forskjell (69,4 %). Ein ser at det framleis er eit medvit om forskjell, og eg er interessert i å sjå om oppfatninga har noka rot i røynda.

1. 3. 4. Stokka si gransking

Stokka (1982) freista å gje ei heilskapleg skildring av målet i heile Bømlo kommune. Han la vekt på skilnaden mellom det han kalla eldre og yngre mål, og han freista òg å skildra eventuelle målskilnader mellom dei ulike sokna. Han legg vekt på at han først og fremst vil skildra, ikkje forklara (1982:III).

Det som Stokka kallar *eldre mål*, er basert på direkte intervju med 63 informantar fødde 1949 eller tidlegare, medan det han kallar *yngre mål*, delvis er basert på direkte intervju med 21 informantar fødde 1950 eller seinare (Stokka 1982:1). Desse blei bedne om å bøya ord eller om å oppgje dialektuttalen på diverse ord. I tillegg gjorde han lydbandopptak av nokre av dei. Han gjennomførte òg ei spørjeskjemaundersøking av 500 skuleelevar fødde mellom 1960 og 1964. Dei fleste av desse gjekk på ungdomsskulen. Spørjeskjemaet som desse elevane fylte ut, utgjer òg ein del av grunnlaget for det han kallar yngre mål. Han seier at spørjeskjemaundersøkinga utgjorde eit viktig korrektiv til det andre materialet, men at i fleire tilfelle utgjorde ho òg den kjelda han støtta seg mest på ved utsegner om yngre mål. Stokka (1982:3) var klar over ulempene med å bruka spørjeskjema, men han hevdar at opplysningane samsvarte godt med dei frå direkte intervju. Det var likevel nokre unntak. Om han var klar over ulempene ved bruk av direkte utspørjing seiast ikkje. Stokka nytta òg seg sjølv som informant. Han presenterer talemålet ved hjelp av presentar, som han har rekna ut på bakgrunn av det innsamla materialet. Stokka nytta ikkje signifikanstestar.

Mot slutten av avhandlinga si freistar Stokka å samanlikna målet til dei unge i dei ulike delane av Bømlo kommune med omsyn til modernitet. Han meiner at målet til dei unge i sentralområdet i Bremnes sokn var den mest konservative av dei yngre målvariantane (Stokka 1982:423), medan han hevda at dei unge i Moster sokn hadde tatt opp mange av dei moderne formene (1982:422). Dette er bakgrunnen min for å avgrensa granskninga mi til målet i sentralområdet i Bremnes sokn og Moster sokn.⁴ Stokka sin karakteristikk av målformene i Bremnes og Moster sokn vil bli gjennomgått der eg gjer greie for dei språklege trekka eg granskar. Ein skal merkja seg at der vil eg berre kommentera dei språktrekka eg undersøker. For ei meir heilskapleg skisse av bømlamålet, kan ein sjå Stokka si avhandling (1982). I tillegg kan det vera interessant å sjå Peder Svein Grønås si avhandling, *Nokre opplysningar til stadnamn frå Moster i Sunnhordland* (1976). I den vil ein finna ei skisse over det fonologiske inventaret i mosteramålet. For å få ei oversikt over det fonologiske inventaret i bremnesmålet, kan ein sjå *Fonologiske hovudtrekk i Bremnesmålet* (1973) av Peter Hallaråker. Føremålet med denne avhandlinga er ikkje å kartleggja endringar i det fonologiske inventaret, og det vil derfor ikkje bli brukt meir plass på det her.

1. 4. Hypotesar

For å få eit inntrykk av kva som er hovudfokuset i avhandlinga, er det naudsynt å kort presentera dei viktigaste hypotesane.⁵ Dette gjeld hypotesar i tilknytning til dei makrososiale faktorane sin innverknad på språket, og dei hypotesane som seier noko om korleis haldningar kan påverka språket. Alle hypotesane vil bli gjort nærmare greie for i kapittel 6. 2.

1. 4. 1. Makrososiale faktorar

- H1: Det er eit samsvar mellom låg alder og høg modernitetsprosent.
- H2a: Med omsyn til dei vaksne, vil dei frå Bremnes sokn ha ein lågare modernitetsprosent enn dei frå Moster sokn.
- H2b: Dei unge vil ikkje visa ein samanheng mellom geografi og språkbruk.
- H3: Det er ein samanheng mellom kjønn og språkbruk.

⁴ I tillegg til målet i Moster sokn, plasserte Stokka målet på Rubbestadneset i Bremnes sokn og målet på Espevær i Bømlo sokn i den moderne enden av skalaen. Eg kunne sjølvsagt valt å granska ein av desse i staden for mosteramålet, men eg føler at det var ein fordel å granska målet i Moster sokn sidan eg har betre kjennskap til forholda der. Det er òg slik at dei sosiale forholda på Rubbestadneset og Espevær har vore litt annleis i forhold til dei andre plassane i Bømlo kommune, noko som Stokka (1982:416, 423-215) gjer greie for.

⁵Det vil òg bli formulert nokre hypotesar i forhold til korleis språkinterne faktorar kan påverka språket (H6a-d). Fordi desse ikkje er viktige for fokuset i avhandlinga, blir dei ikkje presenterte før i kapittel 6. 2.

- H4: Dei som har begge foreldre eller berre mor frå Bømlo vil ha ein lågare modernitetsprosent enn dei som har berre far eller ingen av foreldra frå Bømlo.
- H5: Det er ein skilnad mellom dei som har budd borte frå Bømlo og andre når det gjeld modernitetsprosent.

1. 4. 2. Haldningsfaktorar

- H7a: Det er ein samanheng mellom haldning til dialektar og språkform.
- H7b: Det er ein samanheng mellom haldning til heimstad og språkform.
- H7c: Det er ein samanheng mellom grad av lokalidentitet og språkform

2. TEORI – KORLEIS ENDRAR SPRÅKET SEG

2. 1. Språksamfunnet

Sjølv om det er vanleg å snakka om at språk endrar seg, er det eigentleg me menneske som endrar språket. Språket eksisterer ikkje som eit eige fenomen uavhengig av menneska, men som ein del av eit *språksamfunn*. Mange har freista å definera omgrepet *språksamfunn*, men det er har vist seg å vera vanskeleg. Det er ingen definisjon som av alle blir opplevd som fullt ut dekkjande. Likevel er ideen om språksamfunnet så sentral for sosiolingvistisk forskning at det vanskeleg lar seg gjera å unngå den. Nokre definisjonar er reint lingvistiske, og, i følge Wardhaugh (1992:117), definerer Lyons (1970:325) språksamfunnet som alle dei som brukar ein gjeven dialekt. Andre definisjonar drar inn normer eller folk si kjensle av tilhørsle.

William Labov (1972a:120) definerer språksamfunnet på denne måten: "The speech community is not defined by any marked agreement in the use of language elements, so much as by participation in a set of *shared norms*".⁶ Labov sin definisjon impliserer at ulike sosiale grupper kjenneteikna ved ulike språkvarietetar, kan reknast til samme språksamfunn så lenge dei evaluerer språkvarietetane likt. Lesley Milroy på si side seier at eit språksamfunn er "social units to which people feel they belong and which are less abstract than social classes." (Milroy 1987:14) Milroy sine samfunn er altså mykje mindre abstrakte, og menneske kjenner direkte tilhørsle til dei i mykje større grad enn det ein oftast gjer til klasse og andre større sosiale kategoriar. Det er òg viktig å understreka at Milroy sine samfunn har ein sterk territoriell basis. Milroy sine samfunn er små lokale grupper, som menneske har eit medvit om å høyra til. Ingen av desse definisjonane er heilt uproblematisk, men eg vil ikkje gå inn i ein stor diskusjon om korleis ein skal definera omgrepet språksamfunn i denne avhandlinga. Det er eit viktig og komplisert spørsmål som krev ei meir omfattande handsaming enn det eg har høve til å gje det her. Det språksamfunnet som eg granskar består av bømlingar som bur på Bømlo, og som av seg sjølve og andre blir oppfatta slik at dei snakkar bømladialekt. Denne definisjonen kan minna mykje om Lyons sin definisjon, som tar utgangspunkt i dei som snakkar ein gjeven dialekt. Likevel ser ein at min definisjon omhandlar meir enn det reint lingvistiske i og med at den drar inn folk sine oppfatningar. I så måte har den òg trekk av Labov og Milroy sine definisjonar, som legg vekt på folk si kjensle av tilhørsle og ønskje om å følgja faste normer. Sjølv denne arbeidsdefinisjonen er ikkje heilt problemfri. Eit av utgangspunkta for denne avhandlinga er at det tradisjonelt har eksistert ulike språkvarietetar på Bømlo, og intensjonen er å finna ut om desse forskjellane framleis eksisterer blant dei unge

⁶ Mi kursivering.

på Bømlo i dag. Det er òg blant dei fleste bømlingar eit medvit om at desse geografiske forskjellane finst. Likevel vel eg å handsama Bømlo som eitt språksamfunn. Bømlo har vore ein kommune sidan 1963, og dei tradisjonelle målforskjellane blir truleg mindre og mindre markerte. Ein av hypotesane mine seier nettopp at dei tradisjonelle målforskjellane mellom ulike bygder på Bømlo er i ferd med å forsvinna, og dermed passar det truleg best å rekna Bømlo som eitt språksamfunn i dag.

Sjølv om det er menneska som er ansvarlege for språkending, skjer det likevel i dei fleste tilfella nokså umedvite. Fordi hovudsiktemålet med språket er kommunikasjon, blir språk endra gradvis og vanlegvis etter nokså faste mønster. Dette sikrar kommunikasjon på tvers av generasjonane.

2. 2. Språkhistoriske forklaringsmodellar

2. 2. 1. Historisk lingvistik og språkending

Det *diakrone* studiet av språk fokuserer på språket i eit historisk perspektiv. Ein studerer dei ulike stega av språket opp gjennom historia med sikte på å kartleggja historisk utvikling. Det *synkrone* studiet av språk derimot, er studiet av særskilde steg av språket på bestemte tidspunkt i historia. Ein kan sjå det slik at synkrone og diakrone studium utfyller kvarandre på den måten at det diakrone studiet set dei ulike synkrone skildringane av språket i ein historisk samanheng. I følgje April M. S. McMahon, involverer studiet av språkending

the examination and comparison of distinct language stages and systems, which may be profitably analysed using models and theories developed in synchronic studies; conversely, these models can be usefully tested against historical data, and cannot be considered complete if they do not allow for the incorporation of change into the grammar (McMahon 1994:9).

Granskinga mi er eit synkront studium som, ved å samanlikna med tidlegare granskingar, tar sikte på å avdekka historisk endring.

Historiske lingvistar har alltid vore opptatte av språkending. Dette er sjølvstundt ein naturleg konsekvens av at det diakrone studiet av språk viser at språk stadig har vore og er i endring. Frå det attande århundre har historiske lingvistar drive og konstruert *familietre* som viser korleis dei ulike språka kan delast inn i språkfamiliar der medlemmane er i slekt med kvarandre og kan sporast tilbake til eit sams opphav. Dei har òg vore opptatte av å rekonstruera tidlegare språksteg på basis av det dei meiner dei veit om dei historiske endringane som har funne stad. Denne typen historisk språkvitskap var i førstninga

hovudsakleg konsentrert om den indoeuropeiske språkfamilien, og ein freista å rekonstruera former frå det indoeuropeiske urspråket, proto-indoeuropeisk. Det vanlege synet var at utviklinga av språka gjekk i retning av meir og meir forfall, og ein såg på dei tidlege og svært formrike språkstega som betre enn dei seinare og meir formfattige stega. Det var òg vanleg å ta i bruk svært så fantasirike forklaringar på korfor språket endrar seg. Alt frå klima og topografi til einskilde folkegrupper sitt energiske lynne blei tatt i bruk som forklaringsmodellar. Sjølv om forskarane etter kvart begynte å ana at språkendingar følgde visse mønster, var det ikkje før siste halvdel av attenhundretalet at det dukka opp ei gruppe språkforskarar som med sine teoriar om lydending på mange måtar revolusjonerte den historiske lingvistikken. Dette var *junggrammatikarane* med deira *unntakslause lydlover*.

Junggrammatikarane var namnet på ei gruppe språkforskarar som var konsentrerte rundt universitetsmiljøet i Leipzig på 1880-talet. Etter mønster frå naturvitskapane freista dei å visa at lydendingar var like regelbundne som naturlovene. På det mest ekstreme er det junggrammatiske synet det at lydendingar er heilt regelbundne og unntakslause.

Lydendingane verkar på alle aktuelle ord og på alle språkbrukarane i samfunnet samstundes, men det er ikkje mogleg å observera lydendingar som er under progresjon, fordi dette skjer så gradvis. I følgje junggrammatikarane, er lydending ”lexically abrupt but phonetically gradual” (McMahon 1994:47). Fordi det likevel er slik at mange ord verkar å ha slept unna verknadene av lydlovene, har mange angripe det junggrammatiske synet. Det er derfor viktig å påpeika at junggrammatikarane ikkje forneakta unntaka. Deira syn var det at det alltid måtte finnast ei forklaring på dei. Junggrammatikarane forklarte mange av dei tilsynelatande unntaka frå lydlovene med *analogiverksemd*. Fordi lydlovene, i følgje junggrammatikarane, skjer med ’blindt naudsyn’, kan dei råka ved strukturen i grammatikken. Det er her analogiverksemda⁷ kjem inn og skaper orden i systemet igjen. Men i motsetnad til lydlovene, er analogiverksemda alt anna enn unntakslaus, og det er derfor ikkje alltid at den trer i kraft.


2. 2. 2. Leksikalsk diffusjon

I følgje junggrammatikarane, er det altså ikkje mogleg å observera lydendingar som er i ferd med å skje, fordi dei skjer så gradvis, og når ei lydending først har skjedd, så spreier den seg til alle aktuelle ord og alle medlemmane av språksamfunnet samstundes. Likevel har mange dialektologiske og sosiolingvistiske granskingar vist at det nettopp er mogleg å observera pågåande endring gjennom såkalla *tilsynelatande-tid-studiar*.⁸ Desse studiane viser at i

⁷ Analogi vil bli gjort greie for nedanfor.

⁸ Vil bli gjort greie for seinare.

mange tilfelle eksisterer ulike former av samme morfemet i språksamfunnet samstundes. I tillegg kan ein og samme språkbrukar nytta ulike variantar av eit morfem. Dette førte til at forskarar (Wang 1969, 1977) lanserte ein alternativ forklaringsmodell til lydendring. Denne teorien blir kalla *leksikalsk diffusjon*.⁹ I følgje denne teorien, oppstår lydendringar brått, og ikkje gradvis, slik junggrammatikarane hevda. Men når ei lydendring først har oppstått, spreier ho seg gradvis til dei aktuelle orda. Ei språkendring spreier seg heller ikkje samstundes til alle medlemmane av språksamfunnet, og ein språkbrukar treng ikkje ta i bruk den nye varianten i alle aktuelle ord samstundes. Sociolingvistiske granskingar har vist at ei språkendring ofte spreier seg etter mønster av ei såkalla *s-kurve*, som vist i figur 1. Det vil seia at endringa spreier seg sakte i byrjinga til ho har nådd om lag tjue prosent av dei aktuelle orda. Då kjem ein kortare periode der endringa spreier seg raskt til ho har nådd om lag åtti prosent av aktuelle ord. Deretter sakkar spreinga av endringa ned på farten igjen og spreier seg sakte til dei siste tjue prosent. Dette gjer det mogleg å ikkje berre observera ei endring medan ho skjer, men òg å seia noko om kvar i prosessen endringa er (Wardough 1992:212-213).



Figur 1: s-kurve

2. 2. 3. Den junggrammatiske kontroversen

Gjennomgangen ovanfor ser tilsynelatande ut til å implisera at det finst to motstridande teoriar om korleis språkendringar spreier seg, og at dersom den eine av desse teoriane viser seg å vera den rette, så må ein avvisa den andre. Men i ein artikkel frå 1981 ('Resolving the Neogrammarian Controversy') freistar Labov å visa at begge teoriane kan vera rette, men at dei forklarar to ulike typar lydendring. Han peiker på at tidlegare analysar hadde tatt for seg

⁹ Den første som lanserte dette var Hugo Schuchardt i *Über die Lautgesetze* (1885).

endringar som var fullførte for lenge sidan, og at det derfor var umogleg å slå fast kva måte dei hadde spreidd seg på. Derfor granska han endringar som var i ferd med å spreia seg og freista å finna ut kva forklaringsmodell som passa best til desse. Han kom fram til at den junggrammatiske teorien passa perfekt til nokre typar endringar, men at teorien om leksikalsk diffusjon passa like perfekt til andre typar endring. Labov sette derfor opp ei liste der han karakteriserte dei to typane endring med ti kjenneteikn kvar:

	(ohr), (oy), (ay), (uw), (ow), (æh) (‘neogrammarian change’)	/æ/ ~ /æh/ (lexical diffusion)
Discrete	no	yes
Phonetic conditioning	fine	rough
Lexical exceptions	no	yes
Grammatical conditioning	no	yes
Social affect	yes	no
Predictable	yes	no
Learnable	yes	no
Categorized	no	yes
Dictionary entries	1	2
Lexical diffusion: past	no	yes
present	no	yes

Labov 1981:296

Dette gjer det mogleg å bestemma om ei språkending kan klassifiserast som ei junggrammatisk endring, eller om ho har spreidd seg via leksikalsk diffusjon. Ein skal likevel ikkje sjå desse to typane av lydending som totale motsetnader. Det er til dømes mogleg at junggrammatiske endringar over tid begynner å spreia seg via leksikalsk diffusjon (McMahon 1994:58).

2. 2. 4. Indre og ytre årsaker til endring

Korfor språk endrar seg er eit svært komplisert spørsmål, som det truleg finst eit utal ulike svar på. Det er nok slik at det er mange ulike faktorar som verkar saman, og det å gje ei einskild forklaring er på mange måtar uråd. Nedanfor vil eg komma inn på ein del faktorar som er medverkande til språkending. Desse opererer på ulike plan, og det er vanleg å skilja

mellom indre og ytre faktorar. *Indre faktorar* er slike som verkar å vera ein del av språket sjølv, og som på mange måtar verkar å vera uavhengige av menneska sitt medvit. Sams for mange av dei indre årsakene til endring verkar å vera ei slags forenkling. Språket eksisterer likevel alltid i eit språksamfunn, og det er derfor under stadig påverknad frå ulike faktorar i dette språksamfunnet. Det er dette som blir kalla for *ytre faktorar*, og som òg er viktige i freistnaden på å forstå språkending. Dei ytre faktorane er slike som i denne avhandlinga vil bli omtalte som *sosiale faktorar*.

2. 2. 5. Indre faktorar

2. 2. 5. 1. Analogi

Som nemnt, nytta junggrammatikarane analogiverksemd som forklaring på dei fleste unntaka frå lydlovene. Seinare forskning har vist at dette truleg var å dra det litt langt (jfr. drøftinga av leksikalsk diffusjon ovanfor), men framleis er analogi viktig når det gjeld å forklara mange språkendingar. Dette gjeld særleg endringar innanfor morfologien, sjølv om det sjølvstøtt er vanskeleg å operera med heilt klare grenser mellom fonologi, morfologi og syntaks.

Analogiverksemda freistar å oppretthalda sambandet mellom lyd, grammatikk og meining; særleg når lydendingar har gjort dette sambandet utydeleg (McMahon 1994:70). I følgje McMahon (1994), finst det ulike typar analogi som er meir eller mindre regelbundne, sjølv om ingen analogitypar er fullt ut regelbundne. Dei to mest regelbundne analogitypane er, i følgje henne (McMahon 1994:70), ”analogical extension”, som me kan kalla *analogisk utviding*, og ”analogical levelling”, som me kan kalla *analogisk utjamning*.

Analogisk utviding er det som skjer når ”språkbrukarane generaliserer ut frå eit mønster som alt finst i språket og utvidar det til å gjelde vidare enn før.” (Torp og Vikør 1993:22) Denne typen analogi kan illustrerast ved å setja opp proporsjonar, der den analogiske forma kjem inn i staden for x. Eit døme kan vera at ein begynner å bøya eit tradisjonelt sterkt verb med avlyd utan vokalveksling etter mønster av svake verb:

sy : sydde = gje : X

X = gidde

Analogisk utjamning er ein type analogi som involverer grammatiske paradigme. McMahon (1994:73) hevdar at denne typen analogi klarast viser eit samband med lydending.

Lydendinga verkar på nokre former i bøyingsparadigmet, men ikkje på andre. Dette fører til

vekslingar innåt i paradigmet, slik som til dømes for det sterke verbet *å komma* i nynorsk og mange vestnorske dialektar:

Inf.	<i>komma</i>
Pres.	<i>kjem</i>
Pret.	<i>kom</i>
Perf.	<i>(har) komme</i>

Presensforma *kjem* er eit resultat av i-omlyd på eit tidlegare språksteg. På eit seinare tidspunkt kan analogiverksemda komma inn og jamna ut slike vekslingar innåt i paradigmet, noko som nettopp er i ferd med å skje i mange norske målføre:

Tradisjonelt bømlamål: /*c̥c̥e:m̥e*/ > Moderne bømlamål: /*k̥om̥e*/

Dette er truleg eit resultat av analogisk utjamning.

2. 2. 5. 2. Funksjonell tyngd

Grammatikken er oppbygd som eit system av motsetningar som må ha ei språkleg markering (Sandøy 1996:133). Nokre motsetningar verkar å vera viktigare enn andre. Det kan vera slike som åleine markerer eit visst grammatisk trekk, eller som i mange tilfelle er det einaste som markerer tydingsskilnad. Det vil seia at dei har stor *funksjonell tyngd*. Slike opposisjonar er det viktig å konservera på grunn av omsynet til språkforståinga. Andre opposisjonar har lita funksjonell tyngd, og der fører språkutviklinga nokre gongar til samanfall, fordi det har så små konsekvensar. Som døme på det siste nemner Sandøy (1996:134) assimilasjon av konsonantsambandet *ld* til [l:] i ordslutt i dei fleste norske dialektar. Kontrasten mellom /l:/ og /ld/ er ikkje i stor grad utnytta i det norske språkssystemet, og dermed vil samanfall i dei fleste tilfelle ikkje føra til homonym. Det at til dømes *sild* og *eld* blei til [sil:] og [el:] gjorde ingen stor skade, for det fanst ikkje nokre ord **sill* og **ell* frå før. Dette gjeld sjølvsagt òg dei andre norrøne konsonantsambanda som i dei fleste norske dialektar er blitt assimilerte.

2. 2. 6. Ytre faktorar

2. 2. 6. 1. Mobilitet

Det at folk blir meir og meir mobile gjer at ein i det daglege har mykje meir kontakt med ulike målformer enn det ein hadde tidlegare. Det er vanleg at folk flyttar på seg i jobb- eller

utdanningssamanheng, og på den måten kan ein i ei vanleg norsk bygd eller by treffa på mange ulike dialektar. Samstundes er det òg slik at mange pendlar eit stykke til jobb kvar dag, og dermed er dei dagleg i eit miljø der mange snakkar meir eller mindre ulikt dei sjølve.

I eit samfunn med høg mobilitet er det lettare å komma i kontakt med folk som ein berre knyter svake sosiale band til. Dette er fordi ein treff folk som ein berre møter i ei rolle. Dersom ein pendlar eit stykke for å komma seg på jobb, er det ikkje uvanleg at ein berre treff dei ein jobbar saman med på arbeidsplassen. Det er òg slik at nye busetnadsmønster har ført til at folk i mange tilfelle ikkje har noko særleg nært forhold til naboane sine. Det er òg mogleg at dei nærmaste naboane opphavleg er frå ein annan kant av landet. I følgje James Milroy (1992:176), vil samfunn prega av svake sosiale band vera meir opne for endring, og språkendingar vil dermed truleg skje raskare enn i meir stabile samfunn som er bundne saman av maksimalt sterke og tette sosiale band. Dette vil eg komma meir inn på nedanfor, der det vil bli gjort nærmare greie for sosiolingvistisk teori.

2. 2. 6. 2. Skriftspråket

Det er nærliggjande å tru at auka kontakt med skriftmålet fører til at skriftbiletet står sterkare i språkmedvitet vårt, slik at det òg verkar inn når me skal bruka talemålet (Sandøy 1996:140). Særleg gjeld dette ordforrådet, men det kan kanskje òg påverka lydverket og formverket, sjølv om det ikkje er like eintydig. Sandøy (1996:140-141) viser til fleire døme der dei formene som får prestisje og skriftspråket ikkje er identiske. Det at me har to skriftspråk i Noreg kan nok ha noko å seia her. Dette kan kanskje føra til at skriftspråket ikkje har så stor gjennomslagskraft når det gjeld påverknad på lyd- og formverk, nettopp fordi lyd- og formverk er så ulikt i dei to språka. Likevel er det mogleg å hevda at bokmål på mange område har større prestisje enn nynorsk, fordi me møter det i fleire samanhengar. Det er derfor på mange måtar rimeleg å tru at uttalar og bøyningar som samsvarar med bokmål har større påverknad på talemålet enn nynorsk uttale og bøyning. Samstundes skal ein hugsa på at nynorsk er tufta på dialektane, og at det derfor står i eit særleg forhold til talemålet. Kanskje kan det vera slik at nynorsk i like stor grad som bokmål kan påverka talemålet fordi det for mange har så stor likskap med det? I alle fall for dei dialektane som står nærmast nynorsk skriftmål, og der nynorsk er hovudmål for språkbrukarane, trur eg dette kan utgjera ein moglegheit. Ein skal likevel hugsa på at det ikkje er nokon naturgjeven samheng mellom skriftteikna og uttale, sjølv om det sjølv sagt finst visse konvensjonar. Dette gjer det litt problematisk å sjå talemål i tilknytning til skriftspråket.

2. 2. 6. 3. Massemedia

Mange framhevar fjernsyn og radio som ein viktig påverknadsfaktor på talemålet. Sandøy seier dette om påverknadskrafta til massemedia:

Ettersom desse ”talende” massemedia formidlar nye idèar og påverkar interessene våre, formidlar dei effektivt nye ord, og dei etablerer det ”normale” ordforrådet. Synonyme dialektord kjennes dermed som avvikande, og dei kjem lettare på defensiven. Men sjølve språksystemet blir neppe påverka direkte i merkande monn (Sandøy 1996:141).

Vidare hevdar Sandøy at grunnen til at han meiner at språksystemet i liten grad blir påverka av massemedia, er at dei representerer ein einvegskommunikasjon, og at det derfor ikkje er aktuelt at tilhøyrarane markerer gjennom språket at dei identifiserer seg med talarane. Peter Trudgill (1986:40) hevdar òg at massemedia truleg spelar ei minimal rolle i samband med språkending. I sin gjennomgang av korleis akkommodasjonsprosessar bidrar til språkending, peikar han på det forhold at når ein ser på fjernsyn, er det ikkje mogleg å kommunisera direkte med personane på tv, og dermed er ikkje akkommodasjon eit alternativ i den samanhengen. Eg trur likevel det er mogleg å argumentera for at massemedia har ein viss innverknad òg på endring av formverk og lydverk. Sjølv om personar i media ikkje direkte påverkar talemålet til ungdommar, kan dei kanskje bli påverka til å velja dei variantane innanfor talemålet deira som i minst mogleg grad er markerte i forhold til ein variant som blir oppfatta som prestisjefyllt. Ein kan tenkja seg at med omsyn til ein dialekt som er i endring, der det er stor variasjon med omsyn til uttalemåtar, kan kanskje det at ein stadig høyrer dei nyare uttalevariantane i fjernsyn og radio, vera med å styrkja posisjonen til dei nye formene. Så lenge uttalen av alle former som blir rekna som prestisjefylte, peikar i samme retning, kan massemedia vera ein av fleire medverkande årsaker til språkending.

2. 2. 7. Oppsummering

Første del av kapittelet har i stor grad omhandla faktorar som påverkar språkending, og korleis desse endringane spreier seg. Korleis ei endring oppstår har i mindre grad vore eit tema. Dette vil eg komma meir inn på i siste halvdel av kapittelet, som går nærmare inn på sociolingvistisk teori. Under gjennomgangen av ulike ytre faktorar som påverkar språkending, ser ein at omgrepa *identitet* og *prestisje* går igjen. Dette er òg noko som vil bli gjort nærmare greie for i dei neste avsnitta i tilknytning til dei sociolingvistiske forklaringsmodellane.

2. 3. Sosiolingvistisk språkendringsteori

2. 3. 1. Definisjon

Innanfor sosiolingvistikken studerer ein språket i sosiale samanhengar for å få ei betre forståing av språket og korleis det fungerer (Wardhaugh 1992:13). Ein tar i større grad enn innanfor tradisjonell historisk lingvistikk omsyn til sosiale og sosialpsykologiske faktorar sin innverknad på språkbruk og språkleg endring.

2. 3. 2. Sosiolingvistikk og språkendring

William Labov blir sett på som grunnleggjaren av sosiolingvistikken som vitenskapleg disiplin. Gjennom sine studiar av språkleg variasjon og endring på Martha's Vineyard og i New York City på slutten av sekstitalet og byrjinga av syttitalet viste han ein del samanhengar mellom språkleg og sosial variasjon som seinare har blitt ståande som grunnlaget for sosiolingvistisk forskning, og særleg for den delen av sosiolingvistikken som blir kalla *variasjonslingvistikken*.

Det er nærmast eit aksiom innom variasjonslingvistikken at språkleg variasjon innanfor eit talemål kan sjåast som ein forløpar til språkleg endring. Innovasjonar oppstår innanfor ein variant og spreier seg så vidare til andre (jfr. avsnittet om leksikalsk diffusjon ovanfor). Innovasjonen kan spreia seg til andre dialektar og over språkgrenser, men blir alltid avgrensa av sosiopolitiske faktorar. Dette er ein prosess som historiske lingvistar har kalla for *bølgjemodellen* (McMahon 1994:229), og som sosiolingvistar meiner blir styrt av sosiale faktorar.

Labov hevdar at språkleg variasjon aldri er vilkårleg, men alltid i eit samspel med ekstralingvistiske faktorar. Desse ekstralingvistiske faktorane kan vera slike som blei nemnte i førre kapittel – mobilitet, skriftspråket og massemedia – men i tillegg kjem forhold som identitet og prestisje inn i biletet, saman med makrososiale faktorar som sosialgruppe, kjønn, alder og foreldrebakgrunn. Han meiner desse faktorane påverkar den språklege variasjonen til individet og gruppa. Språkleg variasjon blir sett som eit teikn på at ei språkendring er under progresjon, og derfor er det mogleg å finna ut noko om språkleg endring ved å studera språkleg variasjon. Ein føresetnad for at det skal vera mogleg å seia noko om historisk språkendring ved å studera språkleg variasjon på eit synkront plan, er '*the uniformitarian principle*'. Det vil, i følgje Labov (1972a:275), seia at "We posit that the forces operating to produce linguistic change today are of the same kind and order of magnitude as those which operated in the past". Det vil seia at ein kan forklara tidlegare språkendring ved hjelp av dei mekanismane som påverkar dei endringane som er i ferd med å skje i dag. I følgje Labov

(1972a:275), kan ein granska språkending ved hjelp av såkalla *tilsynelatande-tidundersøkingar (apparent time)*, der ein på bakgrunn av dei språklege forskjellane som ein finn mellom ulike aldersgrupper, kan seia noko om utviklinga av eit talemål. Aldersforskjellar i materialet blir med andre ord tolka som språkending. For å kunna skilja verkeleg språkending frå det fenomenet som blir kalla for *aldersavgrensa språkbruk* eller *age-grading*, er det, i følgje Labov (1972a:275), viktig å ha minst ei tidlegare gransking av talemålet, som kan fungera som eit samanlikningsgrunnlag i *verkeleg tid* eller *real time*.¹⁰ Dette samanlikningsgrunnlaget treng ikkje vera ei tilsvarande sosiolingvistisk gransking, men kan like godt vera ei dialektologisk skildring av det tradisjonelle talemålet. Labov hadde eit slikt utgangspunkt for sine granskingar både på Martha's Vineyard og i New York City. Det samme har eg for mi gransking. Dersom ein ikkje har nokre tidlegare granskingar eller opptak av talemålet kan ein i prinsippet ikkje avgjera om den lingvistiske variasjonen ein observerer hos dei ulike aldersgruppene, er språkleg endring eller aldersavgrensa språkbruk.

Utgangspunktet for Labov og variasjonslingvistisk teori er at språkending som spreier seg via leksikalsk diffusjon, må forklarast ved hjelp av sosiale faktorar. Labov (1972a:178-180) har gitt ei relativt skjematisk framstilling av korleis språk endrar seg basert på sosiale mekanismar. I følgje han, oppstår ei språkending først hos ei avgrensa undergruppe i språksamfunnet. Den språkforma som begynner å endra seg er ofte ein markør av regional status/lokale verdiar med ein uregelbunden distribusjon innanfor språksamfunnet. Endringa begynner ved at den nye forma spreier seg til alle medlemmane av den undergruppa der ho oppstod. Dette foregår på eit umedvite nivå (*'change from below'*). Variabelen viser ingen stilistisk variasjon enno og må sjåast som ein *indikator* på medlemskap i gruppa. I følgje Labov (1972a:237), viser ein indikator "a regular distribution over socioeconomic, ethnic, or age groups, but are used by each individual in more or less the same way in any context." Etterfølgjande generasjonar innanfor den gruppa der endringa oppstod utvidar verkeområdet for den endra forma i forhold til der foreldregenerasjonen deira gjorde bruk av ho. I følgje Labov, er dette eit eksempel på *'hypercorrection from below'*. Denne typen hyperkorrigering er umedviten. Hyperkorreksjon kan definerast som det som skjer når ein språkbrukar gjer bruk av eit språkleg drag i fleire samanhengar enn dei opphavlege samanhengane. Ofte har dette med at språkbrukaren ikkje kan den korrekte regelen for bruken av det språklege trekket.

¹⁰ Forskjellar mellom undersøkingar gjorde i tilsynelatande tid og granskingar utførte i verkeleg tid, samt verknadene av aldersavgrensa språkbruk, vil eg gjera nærmare greie for i metodekapittelet.

I den grad verdiane til den gruppa der endringa oppstod vil spreia seg til andre grupper i samfunnet, vil språkendringa òg spreia seg til desse andre gruppene. Grensene for spreinga av det nye språklege trekket er identiske med grensene for språksamfunnet, definert som ei gruppe som deler eit sett av normer knytt til språkbruk. Når språkendringa når desse grensene, vil den språklege varianten vera ein del av det språklege normsettet som definerer språksamfunnet. Alle medlemmane vil no reagere likt på bruken av varianten, som no begynner å bli ein *språkleg markør*, definert som eit språkleg drag som begynner å visa stilistisk variasjon i tillegg til sosial variasjon.

Dersom den gruppa der den språklege endringa oppstod ikkje er den gruppa i samfunnet med høgast status, kan medlemmane av høgstatusgruppa begynna å stigmatisera den endra forma. Denne stigmatiseringa set, i følge Labov, i gang medviten, men sporadisk og uregelbunden korrigering av den endra forma etter mønster av den forma som høgstatusgruppa brukar, som vil ha status som prestisjeform (*'change from above'*). Den endra forma er no fullt ut ein språkleg markør og viser skarp stilistisk variasjon. Dersom prestisjeforma ikkje korresponderer med ei form som er brukt av andre samfunnsgrupper, vil dei andre gruppene begynna å hyperkorrigera ved at dei i formelle situasjonar gjer bruk av ei form som er endå lenger vekke i frå den stigmatiserte forma enn prestisjeforma. Dette er ei anna form for hyperkorrigering enn den som blei nemnt ovanfor. Dette kallar Labov for *'hypercorrection from above'*, fordi dette er ei medviten hyperkorrigering. Under ekstrem stigmatisering kan den endra forma bli utsett for utbreidd kommentering og kan dermed forsvinna. Forma er då blitt ein *stereotypi*.

Dersom språkendringa hadde hatt sitt utspring i høgstatusgruppa, ville ho blitt ein prestisjemodell for alle medlemmane av språksamfunnet. Den endra forma ville då blitt tatt opp i den meir formelle språkbruken til alle samfunnsgruppene proporsjonalt med deira kontakt med dei opphavlege brukarane av prestisjeforma. Dette ville i mindre grad vera tilfelle i daglegtalen.

Modellen til Labov viser på ein strukturert måte korleis ulike sosiale faktorar verkar saman i språkendringa si ferd mot fullføring. Den viser òg at ei endring kan oppstå i kva samfunnsgruppe som helst, men at spreimønsteret og bruksområdet vil variera alt etter kva samfunnslag ho oppstod i.

Ein kan ikkje overføra ein slik modell som Labov sin direkte til dei forholda eg granskar. Labov har komme fram til denne modellen gjennom å granska samfunn som er sterkt prega av sosial stratifisering på bakgrunn av sosioøkonomisk klasse. Dette er ikkje i like stor grad tilfelle i det samfunnet eg granskar. Likevel vil nok mange av dei samme

mekanismane verka der òg, sjølv om ein kanskje må ta utgangspunkt i ein anna type av sosial stratifisering, og meir fokusera på motsetnaden mellom lokale og regionale eller nasjonale verdiar, eller mellom rurale og urbane verdiar.

2. 3. 3. Kan ein forklara korleis ei språkending oppstår?

Mange har freista å finna svaret på spørsmålet om korleis ei språkending oppstår, men dei fleste forsøka har enda opp med å forklara korleis ei endring spreier seg. Spørsmålet om kva former som endrar seg og korfor, og ikkje minst korleis ei endring oppstår, har av mange blitt oppgjeve og karakterisert som uløyseleg. Labov (1972a:277) hevdar at ein ikkje kan skilja korleis ei språkending oppstår frå korleis og korfor ho spreier seg vidare. Han hevdar vidare at det ikkje er mogleg å rekna eit individuelt språktrekk som ei språkending. Sidan me definerer språk som eit instrument som først og fremst blir brukt til kommunikasjon mellom medlemmane av (språk)samfunnet, kan me ikkje rekna endringar i eitt menneske sin idiolekt som ei språkending. Eit språk eller ein dialekt har først endra seg når *ei gruppe* med språkbrukarar brukar språket på ein ny måte for å kommunisera med kvarandre. Sjølv om eit nytt språktrekk først blir introdusert av eitt individ, blir det ein del av språket først når dette nye språktrekket blir akseptert og brukt av andre. Labov (1972a:277) seier det slik: "the origin of a change is its 'propagation' or acceptance by others." Dette forklarar likevel ikkje dei språkstrukturelle grensene me meiner at me finn, eller at ei endring skjer når ho skjer og ikkje på eit anna tidspunkt. Heller ikkje forklarar det korfor nettopp eitt språkdrag endrar seg og ikkje eit anna. Labov ekskluderer ikkje at det er mogleg at ein innovasjon kan oppstå samstundes hos fleire språkbrukarar, men i alle fall den tidlege Labov rekna det som absurd at alle individa i eit språksamfunn skulle kunna endra seg samstundes uavhengig av kvarandre. I følgje han (1972a:277-78), måtte ei endring spreia seg gradvis frå språkbrukar til språkbrukar. Som ein ser står dette i kontrast til junggrammatisk teori slik den er gjort greie for ovanfor, og til det Labov kjem fram til seinare med omsyn til nokre typar endring. Leksikalsk diffusjon er likevel hovudtanken innanfor variasjonslingvistikken.

Labov meiner at det er øvre arbeidarklasse og lågare mellomklasse som er mest aktive når det gjeld å starta ei språkending. I følgje han, er dette fordi dei imiterer språket til dei med meir status, fordi dei sjølve er språkleg usikre. Labov hevdar at innovatørane typisk vil vera sentrale medlemmar i gruppa med sterke band innanfor gruppa og mange kontaktar utanfor gruppa (McMahon 1994:249).

James og Lesley Milroy har ei litt anna vinkling i forhold til det å forklara kven det er som startar ei språkending. Dei hevdar at tette nettverk med sterke sosiale band verkar

konserverande på talemålet, medan opne nettverk med svake sosiale band mellom medlemmane fremjar språkending. Dei foreslår at språkinnovatørane er å finna blant dei meir sosialt mobile språkbrukarane, som ikkje er nok integrerte i noka gruppe til å bli hindra av dei sterke interne språknormene, samstundes som dei knyter svake sosiale band til nok grupper som dei kan overføra den nye varianten til (McMahon 1994:250). James og Lesley Milroy lokaliserer dei språklege innovatørane innanfor dei samme samfunnsgruppene som Labov, det vil seia øvre arbeidarklasse og lågare mellomklasse, men dei peikar ut nokre andre individ enn Labov gjer, og forklaringa deira er òg annleis. I følgje dei, er det ikkje dei språklege innovatørane Labov har identifisert, men dei som James og Lesley Milroy kallar *the early adopters*. Desse er, i følgje dei, sentrale medlemmar av den gruppa dei tilhøyrer, og når desse har akseptert og tatt i bruk ei ny form, kan forma spreia seg vidare innanfor den gruppa desse tilhøyrer (McMahon 1994:250). Det er først når desse såkalla *early adopters* har tatt opp ei endring, at overføringa av endringa kan reknast som vellukka. Problemet med forklaringa til James og Lesley Milroy er at slike svake sosiale band, som eksisterer mellom språkinnovatørane og gruppa, er svært vanskelege å observera. Derfor kan det i praksis visa seg å vera umogleg å granska korleis ei språkending oppstår. For å seia det med orda til McMahon (1994:251): "we now know where to look, but can't see anything." Det me kan granska er korleis endringa blir tatt opp av *the early adopters*.

Det kan tilsynelatande verka som om ein må oppgje å forklara kva former som endrar seg og korfor. Likevel finst det teoriar som freistar å komma svara på desse spørsmåla nærmare. Det skal me sjå i dei neste underkapitla, som går meir inn i korleis haldningar, identitet, prestisje og personlegdomstypar kan påverka språkbruk. Det vil òg bli gjort greie for akkommodasjonsteori.

2. 3. 4. Identitet og prestisje

Identitet er eit komplisert tema i språkforskinga. Le Page og Tabouret-Keller (1985) seier at all språkbruk er "acts of identity." Gjennom språket uttrykkjer me kven me er, og kven me ønskjer å vera. Me føl dei språklege normene til den gruppa me ønskjer å identifisera oss med. I stabile og tette samfunn fungerer identifiseringsfunksjonen til språket som ei konserverande kraft (Sandøy 1996:137). Det er gjerne ikkje så mange grupper å velja mellom, og språket og språknormene blir dermed meir stabile. Det er òg slik at i tette, stabile samfunn er språknormene sterkare, og sanksjonane meir markante dersom ein går ut over språknormene til gruppa. I samfunn prega av større mobilitet derimot (jfr. teorien til James og Lesley Milroy), kan identifiseringsfunksjonen til språket føra til språklege endringar. Både

auka sosial og geografisk mobilitet fører til at talet på grupper som det er mogleg å identifisera seg med, aukar, og eit ønskje om å identifisera seg med nye grupper, kan føra til språklege endringar hos einskildindivid og grupper (Sandøy 1996:137).

Fenomenet *prestisje* viser svært komplekse mønster når me knyter det til språkleg variasjon og endring. Ulike språklege variantar verkar å ha ulike typar av prestisje knytte til seg, og det er ikkje eintydig slik at det er dei mest standardnære, normaliserte formene som spreier seg. Tradisjonelle lågstatusformer kan òg spreia seg på kostnad av former med uttalt (overt) prestisje. Med andre ord har ikkje alle språkendringar utspringet sitt i høgare samfunnslag, sjølv om medlemmane av språksamfunnet er samde om at språkbruken til den samfunnsgruppa med høgast status har prestisje. Dersom det hadde vore slik, ville lågstatusformene gradvis forsvinna, noko som ikkje alltid er tilfelle. Dette viser at bruk av såkalla lågstatusformer føl eit anna sett av normer, som av Labov (1972a:249) blir kalla for "covert norms, which attribute positive values to the vernacular". Bruk av dialektale lågstatusformer er forbunde med ein annan type prestisje knytt til gruppesolidaritet og identitet. Denne typen normer er ofte ikkje uttalte, og ein nyttar derfor omgrepet 'covert' om dei. Dette kan nok setjast i samband med identifiseringsfunksjonen til språket. Nettopp for å visa solidaritet og identitet i ei viss lei, nyttar språkbrukarane visse språkdrag, sjølv om dei oppfattar desse språkdraga som "stygge" eller "breie" (Sandøy 1996:138). Dei språkdraga som individet til ei kvar tid oppfattar som prestisjefylte vil vera dei som er forbunde med den gruppa individet ønskjer å identifisera seg med. Derfor kan omgrepa identitet og prestisje nyttast både i samband med språkleg stabilitet og språklege endringar. Kven individet ønskjer å identifisera seg med vil vera avhengig av kva haldningar individet har til heimstaden sin og talemålet sitt, eller kva haldningar individet har til rurale verdiar kontra urbane verdiar. Denne typen haldningar kan kanskje knytast til kva personlegdom individet har.

2. 3. 5. Akkommodasjonsteori

Talemål påverkar kvarandre, sjølv om medlemmane av dei ulike språksamfunna forstår kvarandre. Det er faktisk særleg språkbrukarar som har mykje kontakt, og som derfor er relativt nære kvarandre lingvistisk òg, som påverkar kvarandre mest. Howard Giles og kollegaene hans (sjå Howard Giles 1973 og H. Giles et al. 1973) utvikla *akkommodasjonsteorien* for å forklara desse tilsynelatande unødvendige modifiseringane av språket. Dei to mest sentrale omgrepa innanfor akkommodasjonsteorien er *konvergens* og *divergens*. Konvergens er det som skjer når språkbrukarar i kontakt med kvarandre reduserer språklege ulikskapar for å visa velvilje mot og oppnå godvilje hos kvarandre. Kven som

konvergerer mest er, blant anna, avhengig av statusforholdet mellom språkbrukarane. Divergens er den motsette prosessen, der språkbrukarar legg vekt på, eller kanskje til og med aukar, språklege ulikskapar for å visa avstand. Dersom språkbrukaren ønskjer å identifisera seg med ei særskild gruppe, kan han/ho konvergera språket sitt i møte med personar frå denne gruppa. I motsett fall, kan språkbrukaren divergera språket sitt i møte med individ frå ei særskild gruppe, dersom han/ho ønskjer å visa avstand til denne gruppa, eller dersom språkbrukaren ønskjer å visa lojalitet til si eiga gruppe. I følgje Peter Trudgill, er dette ein del av eit vidare mønster av åtferdsmodifikasjon ”under the influence of and in response to others.” (1986:2) Sjølv om Giles utvikla akkommodasjonsteorien til å forklara det sosiale samspelet mellom einskildindivid, meiner Trudgill at dette kan forklara samspel mellom ulike dialektar òg, og at det er ein medverkande faktor i varig språkending:

From the perspective of the linguist, however, it is clear that accommodation can also take place between accents that differ regionally rather than socially, and that it can occur in the long term as well as in the short term. (Trudgill 1986:3)

Det verkar som om det er særleg markerte språktrekk som blir tilpassa i akkommodasjonssituasjonen. Forsking har vist at i interaksjon mellom medlemmar av det samme språksamfunnet, modifiserer språkbrukarane *markørar*. I følgje Trudgill, er dette ”because of the *salience* which attaches to markers and indeed turns variables into markers in the first place.” (Trudgill 1986:11) I følgje Labov, er språklege markørar, språktrekk som viser stilistisk variasjon. Med andre ord er dette språktrekk som språkbrukarane har høgt medvit om, og som dei medvite og umedvite freistar å manipulera i særlege situasjonar. Trudgill kallar desse språklege markørane som det er særleg høgt medvit om, *saliente språktrekk*, og karakteriserer dei på denne måten (1986:11):

- Former som er stigmatiserte. Den markerte forma blir ofte stigmatisert, fordi den alternative forma, som blir tillagt høgare prestisje, ofte viser likskap med skriftspråket.
- Former som er involverte i språkending.
- Språklege variablar der dei ulike variantane er fonetisk svært ulike.
- Språklege variablar som er involverte i konserveringa av fonologiske kontrastar.

Gransking har vist at i stor grad verkar det som om det er den samme typen saliente språktrekk som blir konvergente i akkommodasjonen mellom to ulike språksamfunn òg, så lenge ikkje andre faktorar hindrar akkommodasjonsprosessen: ”Salient features will be

accommodated to *unless* other factors intervene to delay, inhibit or even prevent accommodation.” (Trudgill 1986:16) Faktorar som kan hindra akkommodasjonsprosessen er til dømes at reglar for samanstilling av fonem innanfor det konvergerande talemålet står i opposisjon til tilsvarande reglar innanfor det talemålet som det blir konvertert til. Det er òg mogleg at trekk som har ekstra sterk saliens, ikkje blir konvergente. Det vil seia at dei er så markerte at dei konvergerande språkbrukarane vegrar seg mot å ta dei opp. Forsking har vist at dei faktorane som set grenser for akkommodasjonsprosessen ikkje gjeld like sterkt i forhold til barn, og at dei må avgrensast til berre å gjelda i forhold til det fonologiske.

Me veit ganske mykje om korleis lingvistiske innovasjonar spreier seg på makronivå. Men korleis blir lingvistiske former spreidde frå eit geografisk område til eit anna med omsyn til dei individuelle språkbrukarane – på mikronivå? Det er på dette planet ein finn sambandet mellom akkommodasjonsteori og språkending. Trudgill (1986:39) hevdar at dersom språkbrukarane akkommoderer språket sitt nok til ei anna språkform, vil tilpassinga til slutt bli permanent og framstå som ei endring av denne personen sin idiolekt. Denne endringa kan så spreia seg vidare innanfor språksamfunnet og føra til ei endring av talemålet. Spørsmålet er kva som skal til før akkommodasjonen blir permanent. Trudgill (1986:40) seier at:

Diffusion can be said to have taken place, presumably, on the first occasion when a speaker employs a new feature in the *absence* of speakers of the variety originally containing this feature – when, in other words, it is no longer accommodation.

Det er store individuelle skilnader med omsyn til kor raskt dette skjer, dersom det i det heile skjer. Dei ulike haldningane og personlegdomstypene til ulike individ spelar nok ei rolle i samband med dette.

Ofte er det slik at det er tenåringar som i størst grad tar opp nye trekk i språket sitt. Samstundes er det ofte denne gruppa som har minst direkte kontakt med det talemålet som det aktuelle språktrekket spreier seg frå. Tenåringar er ofte mindre mobile enn andre grupper i samfunnet. Korleis kan ein forklara at det likevel er dei som verkar å ta opp nye språkdrag først? I følgje Trudgill, er det ei spesiell gruppe i språksamfunnet som spelar ei viktig rolle i samband med dette fenomenet. Etter Steinsholt (1964:26) kallar han dei *språkmisjonærar*.¹¹

¹¹ Ein skal merkja seg at eg nyttar termen *språkmisjonær* slik Trudgill (1986) nyttar termen *language missionary*. Dette skil seg litt frå slik Steinsholt (1964) nytta termen. Steinsholt nytta først og fremst omgrepet *språkmisjonærar* om unge jenter som kom heim til bygda etter eit kortare opphald i byen og om kvalfangarar frå bygda som i kvalfangstsesongen levde saman med byfolk for å så å venda tilbake til bygda i sommarhalvåret.

Dette er innflyttarar og barn av innflyttarar som har dei nye trekka i talemålet sitt. Desse har status som ”insiders”, sjølv om dei til ein viss grad skil seg språkleg frå resten av gruppa.

If the attitudinal factors are right, and particularly if individuals are perceived as being insiders by a certain group of speakers even though they are linguistically distinct, then they can have a considerable linguistic influence through face-to-face contact in spite of being heavily outnumbered. (Trudgill 1986:57)

Desse språkmisjonærane gjer det mogleg for tenåringar å ha direkte kontakt med personar som har det aktuelle trekket i talemålet sitt, sjølv om dei ikkje i stor grad er geografisk mobile. Som ein ser, understrekar Trudgill kor viktig språkbrukarane sine haldningar blir i samband med dette. Kva haldningar har dei til heimplassen sin og det tradisjonelle talemålet? Eller kva haldningar har dei til tradisjonelle verdiar i motsetnad til moderne og kanskje meir urbane verdiar? Nedanfor skal me sjå at personlegdomstypen til språkbrukarane truleg spelar inn i tilknytning til dette.

Det er ikkje alltid slik at dei formene som spreier seg via akkommodasjon er identiske med formene slik dei blir distribuerte i den målforma der dei originalt finst. Trudgill (1986:57) kallar dette *partial accommodation* (delvis akkommodasjon). Dette kan foregå på ulike måtar. Trekk kan bli variabelt opptatte i talemålet på den måten at dei vil visa stor variasjon, og at frekvensen av desse trekka med tida vil endra seg, både med omsyn til kva ord som har det nye trekket, og kor ofte det nye trekket vil bli brukt i dei orda der det allereie er mogleg å variera. Som ein ser, er dette ei skildring av leksikalsk diffusjon. Det er òg mogleg at akkommodasjonen, interaksjonen mellom to talemål, fører til at det oppstår former som ikkje finst i nokre av dei opphavlege dialektane.

2. 3. 6. Personlegdomstypar

I ein artikkel der han skildrar eit prosjekt som omhandlar forholdet mellom haldningar, urbanisering og språkending, viser Martin Skjekkeland (2001) at han kan dela informantane sine inn i to ulike personlegdomstypar. Han viser òg at personlegdommen til informantane verkar inn på talemålet deira. Han kallar dei to personlegdomstypane han skildrar, for *homo staticus* og *homo dynamicus* (Skjekkeland 2001:123). *Homo staticus* er karakteriserte ved positive haldningar til eigen heimstad og dialekt, og negative haldningar til livet i større byar. Dei uttrykkjer at dei ønskjer å fortsetja å bu på heimstaden heile livet, og dei uttalar seg negativt om folk som har fjerna seg frå det lokale talemålet etter at dei flytta til byen. *Homo dynamicus* derimot, fokuserer på det negative ved livet på heimstaden, og dei uttrykkjer at dei

ønskjer å flytta til byen og slå seg ned der. Dei er opptatte av å reisa, og nokre hadde òg eit ønske om å slå seg ned i utlandet. Då Skjekkeland (2001:123-124) samanlikna språkbruken til dei to gruppene, fann han at homo staticus hadde ein større del av tradisjonelle former i talemålet sitt enn homo dynamicus.

Personlegdommen sin innverknad på språkbruken er eit felt som ikkje i stor grad er blitt utforska innom sosiolingvistikken. Skjekkeland (2001:124-127) peikar likevel på nokre sosiolingvistar som har vore innom denne tanken i samband med prosjekta sine. Mats Thelander (1985) hevdar at han finn to personlegdomstypar blant informantane sine i samband med ei undersøking av språkleg akkommodasjon hos personar som hadde flytta frå nordre Västerbotten til Eskilstunaområdet. Han meiner at personlegdommen til informantane verka inn på kva språklege strategiar informantane hans valte i møte med det nye talemålet. Carol M. Scotton hevdar, i ein artikkel frå 1980, at i samhandling mellom personar der rolleforholdet mellom dei ikkje er avklart, vil ”Individual personality characteristics, including goals, (...) be better predictors of linguistic choices than are group identities or situational factors.” (Scotton 1980:363)

Skjekkeland (2001:127-129) viser til ulike teoriar frå psykologien for å underbyggja påstanden sin om at personlegdommen til individet verkar inn på språkbruken. Ein teori, som eg meiner verkar særleg relevant, er den Skjekkeland kallar ”The *trait* theory”:

The basic assumption of the *trait* point of view is that people possess broad predispositions, called *traits*, to respond in particular ways. In other words, people may be described in the terms of the likelihood of their behaving in a particular way (Skjekkeland 2001:127)

Personlegdomstrekk til eit individ gjer det mogleg å forutsjå, inn til ein viss grad, korleis individet over tid vil reagere på særlege situasjonar. Det er viktig å understreka at personlegdomstrekk ikkje er absolutte storleikar. Det me kan seia om ein person ut i frå kva personlegdomstrekk han/ho har, er at over tid vil eit individ med eit særleg sett av personlegdomstrekk, truleg reagere på ein særleg måte i bestemte situasjonar. Salvatore R. Maddi definerer omgrepet personlegdom på denne måten:

Personality is a stable set of tendencies and characteristics that determine those commonalities and differences in people’s psychological behaviour (thought, feelings and actions) that have continuity in time and that may not be easily understood as the sole result of the social and biological pressures of the moment. (Maddi 1996:8)

Dei færraste i dag meiner at individet er heilt og fullt styrt av sosiale faktorar utanom det sjølv, eller at individet kun blir styrt av biologiske behov. Det er vanleg å sjå på individet som ein handlande aktør som, inn til ein viss grad, er med og pregar tilveret sitt, i interaksjon med andre aktørar i samfunnet. Mykje kan forklarast med sosiale forhold, men det finst alltid situasjonar der individ vel å handla ulikt andre, sjølv om dei ytre forholda er like. Det er her dei ulike personlegdomstypene til ulike individ kjem inn i biletet. Det er på bakgrunn av dette rimeleg å tru at språkbruk òg delvis kan sjåast som eit uttrykk for individet sin personlegdom. I eit samspel med ytre sosiale faktorar, verkar personlegdomstypen til individet truleg inn på dei språklege strategiane individet føl. Personlegdommen til individet fargar kva haldningar og innstilling individet har til tilveret.

3. METODE OG DATAINNSAMLING

3. 1. Kvantitative eller kvalitative metodar

Ottar Hellevik definerer kvantitative metodar som

framgangsmåter der forskeren først systematisk skaffer seg sammenliknbare opplysninger om flere undersøkelsesobjekter av et visst slag, så uttrykker disse opplysningene i form av tall, og til slutt foretar en analyse av mønsteret i dette tallmaterialet (Hellevik 1993:14).

I samme bok definerer han kvalitative metodar som

metoder der forskeren gjør en mindre systematisk – mer impresjonistisk, kan en si – bruk av data for å besvare et empirisk spørsmål. Han baserer seg på sin evne til å leve seg inn i og oppfatte et mønster i det mangfoldet av sanseintrykk han mottar, i stedet for å trekke ut et begrenset antall aspekter ved helheten, og så måle og analysere dem ved hjelp av tall (Hellevik 1993:14).

Sjølv om humanvitskapane er dominerte av hermeneutiske og kvalitative analysar, så er det dei kvantitative metodane som tradisjonelt har rått grunnen innanfor sosiolingvistikken. Dette kjem nok av at William Labov, som har vore og på mange måtar framleis er det store namnet innanfor disiplinen, var sterkt influert av positivismen og meinte at me forstår verda best gjennom kvantifisering. Likevel finst det etter kvart mange forskarar innanfor sosiolingvistikken som meiner at kvalitative metodar er godt brukande og til visse føremål kanskje betre eigna til å prøva å forstå språkbruken i samfunnet.

Innanfor den kvantitative sosiolingvistikken er ein opptadd av å korrelere språklege og sosiale variablar for å få fram eit bilete av språkbruken til ulike grupper i samfunnet. Ein nyttar statistikk på datamaterialet, og resultata blir ofte framstilte i prosent illustrerte ved hjelp av tabellar og diagram. Signifikanstesting er òg ein viktig del av metoden. Ein er opptadd av å få ei mest mogleg representativ framstilling av språket til grupper i samfunnet, medan ein ikkje er så opptadd av kvart einskild individ som utgjer gruppa. Det blir lagt vekt på å gjera datainnsamlinga på ein mest mogleg strukturert måte, slik at det er mogleg å føreta systematiske samanlikningar mellom dei ulike individa og gruppene som utgjer informantane. Den kvantitative metoden eignar seg best til *testing* av hypotesar og teoriar (Grønmo 1996:105-106).

Innanfor den kvalitative sosiolingvistikken derimot, er dei opptadde av individet og den individuelle språkbruken. Ein fokuserer på individet som ein handlande aktør i samfunnet, som til ein viss grad handlar intensjonelt i forhold til andre sosiale faktorar.

Typisk for ein kvalitativ metode er at ein gjennom halvstrukturerte intervju med informantane freistar å få eit heilskapleg bilete av informantane sine språklege strategiar. Det at intervjuar kan sjåast som halvstrukturerte, vil seia at dei i større grad tar omsyn til det forholdet som oppstår mellom intervjuar og informant, utan å fokusera så mykje på at innhaldet som kjem fram skal vera direkte samanliknbart. Det kvalitative forskingsintervjuet er eit samarbeid mellom forskar og forskingsobjekt med sikte på å saman skapa mening. Med Harriet Holter (1996:16) sine ord er det ”en felles konstruksjon av en diskurs”, og mykje av analysen og tolkinga foregår samstundes med datainnsamlinga. Sigmund Grønmo (1996:95) seier at

Når forskerene selv ved kvalitative undersøkelser deltar aktivt i datainnsamlingen, skyldes det ikke bare at datainnsamlingen er mer krevende. Erfaringen fra feltarbeidet utgjør også en viktig kontekst for tolkningen av materialet. Tolkningen under dataregistreringen dreier seg ikke bare om å styre den videre datainnsamlingen i en mest mulig relevant retning. *Den er også innrettet mot en mer generell innsikt i og forståelse av de fenomener som skal analyseres.*¹²

Innanfor kvalitativ sosiolingvistikk gjer ein ofte bruk av berre nokre få informantar, fordi der den kvantitative sosiolingvistikken er opptadd av breidde, er den kvalitative delen av disiplinen meir opptadd av djupn. For den kvalitative forskaren er det viktigare å få ei heilskapleg forståing av kvar einskild informant, den verda informanten lever i og informanten si eiga forståing av denne verda, enn at resultata skal vera mest mogleg representative for ei gruppe. Den kvalitative metoden er best eigna til *utvikling* av hypotesar og teoriar (Grønmo 1996:105-106).

Kvantitative og kvalitative tilnærmingar har ofte blitt sett som motpolar til kvarandre. Men dei to metodane er kan hende ikkje så uforeinlege som det ofte er blitt hevda. Grønmo (1996:73) legg vekt på at omgrepsparet kvantitativ/kvalitativ refererer til eigenskapar ved det datamaterialet som ein samlar inn og som er gjenstand for analyse. I følgje han, medfører dette synspunktet at

et og samme [...] fenomen kan ha både kvalitative og kvantitative aspekter, at ulike [...] fenomener kan studeres ved hjelp av både kvalitative og kvantitative data, og at både kvalitative og kvantitative data kan samles inn og behandles ved hjelp av ulike metoder (Grønmo 1996:74).

Om ein skal velja den eine eller den andre metoden avheng mykje av kva ein vil med granskinga si. Metodeval heng saman med problemstillinga i prosjektet. Grønmo (1996:75)

¹² Mi kursivering.

er opptadd av at valet mellom kvalitative eller kvantitative tilnæringsmåtar skal vera av strategisk og ikkje prinsipiell karakter. Det er heller ikkje alltid sikkert at ein må gjera eit absolutt val mellom dei to metodane. Ofte kan det vera føremålstenleg å gjera bruk av begge tilnæringsmåtene til ulike delar av forskingsopplegget. Dette er fordi dei to metodane ikkje nødvendigvis står i eit motsetnadsforhold til kvarandre. Ein kan heller sjå på dei som komplementære, og ein kan bruka dei til å supplera kvarandre. Grønmo (1996:98) seier det slik: ”Mange av svakhetene ved kvantitative data kan i stor grad oppveies av de sterke sidene ved kvalitative data, og omvendt. Dette skulle tilsi at det er mye å vinne på å kombinere kvalitative og kvantitative data”. Ved å la dei to tilnæringsmåtene utfylla kvarandre kan ein komma fram til ei djupare og meir heilskapleg forståing av studieobjektet enn det ein ville med berre å gjera bruk av ein av metodane. Dersom ein vil sjå på verknadene av ei endring, passar vanlegvis kvantitative metodar best, medan kvalitative metodar truleg eignar seg best dersom ein vil fokusera på årsakene til endring.

Når det gjeld mitt prosjekt, så har eg i all hovudsak valt ei kvantitativ tilnærming. Dette var fordi ein kvantitativ tilnæringsmåte verka å vera mest føremålstenleg i forhold til ei kartlegging av korleis målet på Bømlo har endra seg dei siste tjue åra. Sjølv om eg synst det er interessant å registrera korleis kvar einskild informant snakkar, er det først og fremst talemålet til informantane som gruppe eg er ute etter i denne omgang. Eit delføremål med avhandlinga var likevel å prøva å komma fram til nokre forslag til årsaker til korfor talemålet endrar seg. Eg tenkte at det kunne vera interessant å komma inn på haldningar til dialektbruk generelt, til eigen dialekt og til heimstad, for på den måten å sjå om det er nokre samanhengar mellom dei språklege formene ein brukar og haldningar på desse områda. Eg utarbeidde derfor eit spørjeskjema som omhandla dette temaet, og delar av dette spørjeskjemaet vil bli utsett for ei meir kvalitativ tilnærming. Det kvalitative er likevel ikkje framtreddande i denne avhandlinga.

3. 2. Val av informantar

3. 2. 1. Tilsynelatande tid eller verkeleg tid

Den vanlegaste måten å gjera sosiolingvistiske granskingar på er å undersøka ulike aldersgrupper i *tilsynelatande tid* (apparent time). I ei undersøking gjennomført i tilsynelatande tid granskar ein utval som er trekte i frå ulike aldersgrupper, for på den måten å kartleggja språklege endringar (Gregersen 1999). Ein går då ut i frå at ulikskapar som ein ser mellom aldersgruppene, er eit uttrykk for at talemålet er i endring. Om dette seier Frans Gregersen:

Ud fra den simpleste mulige tankegang skulle de yngste i et *sample* have de nye varianter, eller eventuelt en større procentdel af de nye former, i forhold til de eldre informanter. Man ville på denne måde kunne observere en sprogbruksforandring ved at tage et øjebliksbillede af variationen inden for et aldersopdelt sprogsamfund (Gregersen 1999:114).

Ein føresetnad for tilsynelatande-tid-undersøkingar er forestillinga om at ein ikkje endrar språket sitt i særleg grad etter eit visst tidspunkt. Dette tidspunktet blir av mange sett til femtenårsalderen. Problemet med tilsynelatande-tid-granskingar, er det som blir kalla for *age grading*, eller *aldersavgrensa språkbruk*. Om aldersavgrensa språkbruk seier Gregersen (1999:115) at dette er: ”sprogformer der er karakteristiske for livsafsnit – og som man forlader når man forlader livsafsnittet.” Det er altså ei forestilling om at eit individ forandrar språkbruken sin gjennom heile livet. Konsekvensane av dette fenomenet for undersøkingar gjorde i tilsynelatande tid er at ein ikkje kan vita om dei forskjellane ein finn mellom aldersgruppene i materialet, er døme på verkeleg historisk endring, eller om dei er eit uttrykk for aldersavgrensa språkbruk. Penelope Eckert seier dette om sambandet mellom aldersgrupper og språkbruk:

The individual speaker or age cohort of speakers at any given moment represents simultaneously a place in history and a life stage. Age stratification of linguistic variables, then, can reflect change in the speech of the community as it moves through time (*historical change*), and change in the speech of the individuals as he or she moves through life (*age grading*) (Eckert 1997:151).

Løysinga på problemet med aldersavgrensa språkbruk kan vera å gjera den sosiolingvistiske granskinga i *verkeleg tid* (real time). I granskingar gjorde i verkeleg tid gjentar ein undersøkinga av dei samme informantane i verkeleg tid seinare enn den opphavlege undersøkinga. Ekte verkeleg-tid-undersøkingar er mykje sjeldnare enn tilsynelatande-tid-granskingar. Dette kjem nok av at tilsynelatande-tid-undersøkingar som oftast er meir praktisk gjennomførbare enn verkeleg-tid-undersøkingar. I ei tilsynelatande-tid-gransking kan ein gjennomføra heile feltarbeidet på ein gong og vera ferdig med det, medan ei verkeleg-tid-undersøking enten krev at det føreligg ei tidlegare gransking som ein kan komplettera, eller at ein sjølv går tilbake til informantane sine eit bestemt antal år seinare.

Etter mønster av ei klassisk tilsynelatande-tid-gransking, granska eg to aldersgrupper. Eg granska ei gruppe med tenåringar og ei gruppe med vaksne informantar, slik at eg kunne føreta ei samanlikning mellom dei to aldersgruppene. Dei vaksne informantane mine utgjorde dei yngste informantane i Stokka si gransking av målet i Bømlo kommune (1982), og derfor

har granskinga mi òg eit verkeleg-tid-perspektiv. Stokka kjem i slutten av si avhandling med ein del konklusjonar når det gjeld utviklinga av bømmlamålet. Desse byggjer han på den delen av granskinga si, som baserer seg på ei undersøking av størsteparten av ungdomsskuleelevane på Bømlo i 1978. Det var nokre av desse ungdommane eg ønskte å komma tilbake til no når dei var vaksne, for å sjå om den karakteristikken som Stokka gjev av målet deira, framleis passar.

Det finst ulike måtar å gjera verkeleg-tid-granskingar på. Ein måte er å lokalisera dei samme informantane som var med på den første undersøkinga og utsetja dei for det samme eksperimentet, intervjuet eller spørjeskjemaet. Dette blir kalla ein *panelstudie* (panel study). Denne metoden er svært krevjande, og den krev at det originale utvalet er stort nok til at eventuelle fråfall ikkje går ut over signifikansen i resultatata. Den andre typen verkeleg-tid-gransking er ein *trendstudie* (trend study). Om trendstudiar seier Labov:

The simplest type of replication is a trend study. We enumerate the general population in the same way, draw the sample population in the same way, obtain the data and analyze them in the same way – but x number of years later (Labov 1994:76).

I staden for å gjera bruk av dei samme informantane, gjer ein altså eit tilsvarande utval i populasjonen og gjennomfører undersøkinga på samme måte som ein gjorde i den originale granskinga. Ein viktig føresetnad for ein slik studie, er at det granska samfunnet har halde seg nokolunde stabilt i dei åra som har gått sidan den førre undersøkinga (Labov 1994:76).

Stokka hadde størsteparten av alle ungdomsskuleelevane på Bømlo i 1978 med på undersøkinga si, og derfor hadde han ikkje noka liste over informantar som han kunne gje meg. Men sidan han hadde prøvt å undersøkje ein så stor del av populasjonen, var det i teorien mogleg for meg å gjennomføra ein panelstudie likevel. Det at han hadde så mange informantar, ville jo medføra at eit eventuelt fråfall ikkje ville utgjera noko problem. Men det var nettopp det store talet på informantar som gjorde at eg likevel ikkje ville setja i gong med ein panelstudie. Eg hadde ikkje høve til å ha alle informantane hans med på mi undersøking, då dei metodane eg ønskte å gjera bruk av ville bli for tidkrevjande for så mange informantar. Dessutan var det at Stokka ikkje hadde nokre informantlister eit problem, fordi det gjorde at det ikkje var mogleg å sjekka om alle var med på den førre granskinga. Eit av kriteria for ein panelstudie er jo at dei samme personane deltar på begge undersøkingane. Det er vel heller lite truleg at alle elevane var på skulen den dagen Stokka gjennomførte undersøkinga si. Alt dette, saman med det at samfunnsstrukturen på Bømlo ikkje har endra seg i all for stor grad

dei siste tjue åra, gjorde at ein trendstudie var mest aktuell for meg. Eg gjorde altså eit nytt utval i populasjonen¹³, som i dette tilfellet var alle dei som hadde gått på ungdomsskulane på Moster og Bremnes i det aktuelle tidsrommet. Undersøkinga mi er likevel ikkje ein ekte verkeleg-tid-studie, sidan metodane mine ikkje er dei same som blei nytta ved den førre granskinga. Til kartlegginga av informantane sine språklege former nytta Stokka i all hovudsak direkte utspørjing og spørjeskjema, medan eg først og fremst gjorde bruk av opptak av samtalar som eg hadde med informantane mine. I utgangspunktet tenkte eg at eventuelle ulikskapar mellom mine og Stokka sine resultat kunne underbyggja mitt syn på at sjølvrapportering i spørjelister ikkje alltid like godt synleggjer dei formene informantane verkeleg brukar, men heller dei formene som informantane trur at dei brukar eller ønskjer å bruka. Men sidan eg ikkje nyttar dei same metodane som Stokka, blir det òg vanskeleg å samanlikna resultatene våre. I litteraturen blir det lagt vekt på at for å sikra resultat som lar seg samanlikna, bør ein i størst mogleg grad kopiera den tidlegare undersøkinga, både når det gjeld informantutveljing, innsamlingsmetode, intervjuaråtferd og situasjonen som heilskap. Intervjuaråtferd og forholdet mellom intervjuar og informant er subjektive storleikar som vanskeleg lar seg kopiera. Sjølv om ein nyttar den same intervjuaren som i den originale undersøkinga, er det ikkje gjeve at det oppstår det same forholdet mellom intervjuar og informantar som førre gong dei var samla. Derfor er det først og fremst innsamlingsmetodane mine som hindrar mi undersøking i å vera ei ekte verkeleg-tid-gransking. Det blir vanskeleg for meg å seia om eventuelle ulikskapar mellom resultatene våre kjem av at informantane har endra språkbruken sin, altså aldersavgrensa språkbruk, eller om det kjem av at me har nytta så ulike innsamlingsmetodar. Omsynet til å gjennomføra ei ekte verkeleg-tid-gransking må likevel ikkje prioriterast høgare enn omsynet til eit best mogleg metodisk grunnlag.

I tillegg til å gjera bruk av andre metodar, presenterer Stokka resultatene sine på ein annan måte enn det eg gjer, og dermed er ei nøyaktig samanlikning av resultatene heller ikkje mogleg. Eg meiner det likevel er føremålstenleg å føreta ei samanlikning, så lenge ein er merksam på desse atterhalda. Det er mogleg å undersøka om tendensen i mine resultat verkar å vera den same som tendensen i Stokka sine resultat. Dersom tendensen ikkje verkar å vera den same, opnar dette i alle fall for å diskutera dei konklusjonane Stokka kom fram til. Dersom tendensen verkar å vera den same, styrkjer det tilliten til resultatene våre. Dessutan er det jo òg ei slags validitetstesting av metodane våre. Dersom ein ved hjelp av ulike metodar

¹³ Dette kjem eg tilbake til seinare.

kjem fram til like resultat om samme fenomen, er det eit teikn på at metodane har høg validitet (Jick 1979:602-603). Ei tidlegare gransking av talemålet er, uansett metode, nyttig med tanke på å sjå om dei resultata ein kjem fram til verkar å vera truverdige.

Sjølv om eg no har brukt relativt mykje plass på å drøfta verkeleg-tid-studiar og i kor stor grad delar av mi undersøking ber preg av å vera ei slik, er granskinga mi først og fremst ei tilsynelatande-tid-undersøking. Eg har undersøkt utval som er gjorde i to aldersgrupper basert på den tanken at ulikskapar mellom dei to aldersgruppene er teikn på at dialekten er i endring.

3. 2. 2. Kven skal vera informantar?

Eg har, som nemnt, gjort utval i to aldersgrupper på Moster og Bremnes. Ei gruppe med niandeklassingar, som er fødte i 1985, og ei gruppe med vaksne, som var dei yngste som var med i den førre granskinga av bømlamålet. Det vil seia at dei er fødte i tidsrommet 1962-64, og at dei var mellom 36 og 38 år då eg gjennomførte feltarbeidet mitt. Eg er først og fremst interessert i språket til den yngste aldersgruppa, fordi det seier mest om kva retning bømlamålet utviklar seg i. Som eg drøfta ovanfor, har eg den eldste gruppa med fordi dei fungerer som eit samanlikningsgrunnlag for dei unge. Dei representerer i denne granskinga den tradisjonelle dialekten, eller det som er igjen av den. No er det slik at Stokka konkluderer med at desse òg har fjerna seg ein del frå dei tradisjonelle formene. Eg kunne nok derfor valt ei endå eldre aldersgruppe som representantar for desse, men sidan det tradisjonelle målføret allereie er kartlagt av Stokka, synst eg ikkje det var naudsynt å gjenta det. Eg synst derimot det var vel så interessant å sjå kvar dei som er fødte mellom 1962 og 1964 plasserer seg i brytinga mellom tradisjonelle og moderne former. Eg rekna med at det ville vera ein god del variasjon her, men eg hadde òg ei forestilling om at utviklinga hadde gått mykje fortare dei siste tjue åra enn i dei tjue føregåande. Eg trudde dette særleg ville gjelda dialekten på Bremnes. Dette byggjer eg på intuitive observasjonar som eg sjølv har gjort av målføra på Moster og Bremnes. Medan Stokka konkluderte med at dialekten på Bremnes var særleg tradisjonell, trur eg det blir vanskeleg å seia i dag. Dessutan trur eg at det er få forskjellar mellom dialektane på Moster og Bremnes blant dei heilt unge.

Grunnen til at det blei nett niandeklassingar som skulle utgjera den andre informantgruppa er dels praktiske og dels teoretiske. Desse var om lag femten år då eg gjennomførte kartleggingsintervjua. Dei som er tilhengjarar av tilsynelatande-tid-undersøkingar reknar med at språket held seg nokolunde stabilt ifrå fjorten-/femtenårsalderen. Blant andre, refererer Frans Gregersen (1999:110) til Brink og Lund

(1975:33), som hevdar at individet ”etter det 15. år ikke ændrer sine udtalevaner væsentligt”. Eg tenkte først at eg ville nytta tiandeklassingar, men sidan eg skulle gjennomføra kartleggingsintervjua vårsemesteret 2000, var det meir praktisk med niandeklassingar. Tiandeklassingar ville i vårsemesteret vera svært travle med å førebu seg til avgangseksamenane, og dermed ville det kanskje bli vanskeleg å få tid til å vera med på prosjektet mitt. Med niandeklassingane ville eg ikkje få slike problem.

3. 2. 3. Kriterium for utval.

Når det gjeld den geografiske avgrensinga av informantgruppene, tok eg omsyn til det Stokka kom fram til når det gjeld den geografiske inndelinga av måla i Bømlo kommune.

Informantgruppene frå Moster avgrensa eg til tidlegare Skimmeland skulekrins¹⁴. Dette gjorde at dei som hadde gått på Håvik barneskule¹⁵ ikkje fekk delta i undersøkinga, sjølv om desse går og har gått på ungdomsskulen på Moster. I følgje Stokka (1982:412), skil Håvik krins seg frå resten av Moster når det gjeld nokre språklege drag¹⁶. Informantgruppene frå Bremnes blei avgrensa til det Stokka kallar sentralområdet. Det vil seia Meling, Gilje og Steinsbø (no Svortland) skulekrinsar.¹⁷ Dei krinsane som blei utelatne var då Erevik og Kvarven (no berre Kvarven), Rolfsnes, Rubbestadneset og Foldrøy¹⁸ skulekrinsar. Desse krinsane merkjer seg språkleg frå det andre, meir sentrale, Bremnesområdet¹⁹. Dessutan er skulen på Rubbestadneset no utvida til å bli barne- og ungdomsskule.

Eg ville ikkje setja som krav at ein eller begge av foreldra til informantane måtte vera ifrå Bømlo. Eg synst heller det ville vera interessant å sjå kva eventuelle utanbygds foreldre hadde å seia for talemålet. Sidan folk er blitt meir og meir mobile i dag, er det jo like vanleg som ikkje, at ein har foreldre i frå ein annan plass. Ei kartlegging av bakgrunnen til foreldra blei sjølv sagt viktig i denne samanhengen.

¹⁴ No Moster skulekrins. Sjå kart s. ix.

¹⁵ Dei frå Røyksund, Håvik og Siggjarvåg.

¹⁶ Dei i frå Røyksund, Håvik og Siggjarvåg har ikkje lenging av andre vokalar enn /a/ føre utlydande /dŋ/, /dʎ/, /gŋ/. Dei manglar altså den særmerkt sørlege vokallenginga. I tillegg har dei noko [ʊ] i bestemt form sg. av feminine substantiv og i bestemt form pl. av nøytrum, medan dei i Skimmeland krins har [ɔ] (Stokka 1982:412).

¹⁷ Sjå kart s. ix.

¹⁸ Foldrøy høyrer eigentleg til Moster sokn, men elevane frå barneskulen der går på ungdomsskulen i Bremnes sokn. Foldrøy ligg òg klart mykje nærmare Svortland enn sentrum i Moster sokn, og folk frå Foldrøy orienterer seg i stor grad mot Bremnes sokn.

¹⁹ Dialekten i Foldrøy har noko [ɔ] i bestemt form sg. av feminine substantiv og bestemt form pl. av nøytrum, medan det sentrale Bremnesområdet har [ʊ]. I tillegg har dei ikkje spor av trong /e/ utanfor hovudtrykkstavinga, noko som var typisk for eldre mål i sentralområdet på Bremnes, og uttalen av /r/ var/er svakt artikulert slik som elles i kommunen utanom (stort sett) det sentrale Bremnesområdet. Erevik og Rolfsnes skil seg ut på den måten at dei har lite av palatalisering av velarar i innlyd (Stokka 1982:415).

Derimot sette eg som krav at informantane måtte ha budd på dei respektive plassane frå dei begynte på skulen. Sidan poenget var å finna ut korleis bømledialekten er i dag, ville eg ikkje at dei skulle ha blitt påverka for mykje av andre dialektar. Eg rekna med at dette var ei grei grense, sidan mange reknar åtteårsalderen som ei viktig grense med omsyn til språkkinnlæring. Før åtteårsalderen er barn ekstremt fleksible språkleg sett, og dei tilpassar seg lett til nye talemål. Etter åtteårsalderen blir dei gradvis mindre tilpassingsdyktige (Trudgill 1986:31-37). Eg ville heller ikkje at dei eldste informantane mine skulle ha budd særleg lenge borte frå Bømlo i vaksen alder. Men eg godtok at dei hadde budd vekke nokre år i ein utdanningsperiode eller tilsvarande. Det var òg viktig for meg at informantane mine ikkje var mostringar som budde på Bremnes eller omvendt, då eg nettopp òg var interessert i å kartleggja skilnader mellom måla på Moster og Bremnes.

3. 2. 4. Framgangsmåte ved utval

Populasjonen er lik ” alle einingane i ein viss definert kategori, t.d. språkbrukarane i eit bygde- eller bysamfunn.” (Venås 1991:154). Det vil seia at populasjonen i mitt tilfelle er alle språkbrukarane i Moster og Bremnes sokn. Utvalet kan definerast som ”dei individa forskaren har valt ut og nyttar som heimelsfolk.” (Venås 1991:154). Utvalet er i mitt tilfelle dei 36 informantane mine, som er fordelte geografisk og på to aldersgrupper og kjønn. For at resultatane av den sosiolingvistiske granskinga skal kunna reknast som pålitelege, er det viktig at det utvalet ein gjer i den populasjonen ein vil undersøkje er så representativt som råd. I følgje Venås (1991:154), er eit utval representativt dersom ”ein kan dra litande konklusjonar om heile populasjonen ut frå resultatane ein får i utvalet”. Venås nemner òg at eit utval på 30 eller fleire individ kan vera stort nok til at ein kan seia noko om heile populasjonen, men dette er vel avhengig av kor mange undergrupper ein ønskjer å granska. Eg reknar likevel med at mitt utval på 36 informantar skulle vera stort nok, sjølv om ein alltid skal vera varsam med å generalisera på bakgrunn av granskingar gjorde av utval av populasjonen. Dei fleste er òg samde om at ein sikrar representativiteten ved tilfeldig utval.

Mitt utval er likevel ikkje heilt tilfeldig. I sosiolingvistiske granskingar er det vanleg at ein styrer utvalet sitt til ein viss grad, slik at det blir fordelt utover dei ulike sosiale kategoriane ein vil sjå på. Sidan ein har relativt få informantar samanlikna med t.d. store sosiologiske spørjeundersøkingar, er det ikkje sikkert at eit heilt tilfeldig utval er det som best tryggjer representativiteten. Eg ville at informantane mine skulle vera likt fordelte på begge kjønn, og at det skulle vera like mange i frå kvart sokn. I tillegg ville eg ha dei fordelte på dei to aldersgruppene eg hadde bestemt meg for å granska.

For å skaffa meg oversikt over aktuelle informantar i den eldste aldersgruppa, tok eg kontakt med skulekontoret i Bømlo kommune for å få tilgang til klasselister over alle som hadde gått på Bremnes og Moster ungdomsskular i 1978. Då eg hadde dei i hende, begynte eg å kartleggja kven som framleis budde på Bømlo. Det var òg viktig for meg at dei framleis budde innanfor dei skulekrinsane som eg hadde valt å granska. For å kartleggja dei på Moster tok eg kontakt med eit par lærarar, som eg visste hadde jobba på skulen i 1978. Desse kunne fortelja meg kven av dei tidlegare elevane som framleis budde på Moster.

Det viste seg at det var litt meir arbeid å kartleggja dei som høyrde til i Bremnes sokn. Dei som soknar til Bremnes ungdomsskule, er mange fleire enn dei som soknar til Moster, og det var svært mange klasselister. Dessutan var det mange fleire der som ikkje var aktuelle for mi gransking, fordi dei budde utanfor det som eg ovanfor definerte som sentralområdet. Eg innsåg at det truleg ikkje var nokon lærar ved Bremnes ungdomsskule som hadde kjennskap til kvar alle elevane frå 1978 budde no. Den løysinga eg til slutt valde, var at eg tok kontakt med ein person på kvar klasseliste, som eg visste framleis budde på Bømlo, og så fekk eg denne personen til å gje meg dei opplysningane eg trong om dei som hadde gått i klassen hans/hennar. Dette viste seg å fungera svært godt.

Då eg så hadde fått kartlagt kven som var potensielle informantar, begynte eg utveljinga. Eg trekte vilkårleg frå dei som framleis budde på Bømlo, og så sende eg brev²⁰ til kvar person eg trekte ut og spurde om desse kunne tenkja seg å vera med på granskinga mi. Deretter tok eg kontakt per telefon for å få eit muntleg svar på førespurnaden min. Då fekk eg òg høve til å spørja om det var nokon som hadde budd vekke i frå Bømlo i mange år. Det viste det seg at det ikkje var. Dei som hadde budd vekke, hadde berre vore vekke nokre få år i samband med utdanning eller liknande. Dei som svarte ja fekk så eit brev til i posten med meir informasjon om prosjektet²¹, og dessutan blei dei bedne om å fylla ut ein svarslipp skriftleg.

For å sikra at eg skulle få fylt alle cellene mine, trekte eg like mange menn og kvinner i frå kvar plass. Eg trekte ut dobbelt så mange som eg trong, sidan eg rekna med at nokre ville seia nei. I Bremnes sokn styrte eg det slik at eg fekk like mange personar i frå Meling, Gilje og Steinsbø skulekrinsar. Det vil seia at eg fekk ein mann og ei kvinne i frå kvar krins. I tillegg styrte eg utvalet mitt slik at eg skulle få nokre informantar som var aktive medlemmer av ei kristeleg forsamling eller kyrkje. Dette var fordi eg i utgangspunktet hadde tenkt å undersøkja om dette kunne ha noko å seia for talemålet, men dette slo eg etterkvart i

²⁰ Sjø vedlegg A.

²¹ Sjø vedlegg B.

frå meg av tidsomsyn. Likevel trur eg at det at eg styrte utvalet mitt på den måten kan styrkja representativiteten i utvalet, fordi eg på den måten har sikra at eg har ulike miljø representerte.

Når det gjeld ungdomsskuleinformantane mine, gjekk eg fram på mykje den samme måten. Eg tok kontakt med ungdomsskulane på Moster og Bremnes, og bad om å få nytta nokre av niandeklassingane der som informantar til prosjektet mitt. Dette var ikkje noko problem for skuleleiinga, og dei viste seg positive frå første stund. Deretter troppa eg opp på skulen for å informera elevane om prosjektet. Eg gav dei så eit informasjonsbrev²² som dei skulle ta med til sine føresette, og ein svarslipp som dei måtte fylla ut og ta med tilbake til skulen dersom dei var interesserte i å delta i granskinga mi. Deretter trekte eg ut informantane mine blant dei som hadde lyst til å delta. Eg tok dei samme omsyna som eg gjorde med dei vaksne informantane og styrte utvalet på den samme måten.

Det kan sjølvstundt sjåast som litt problematisk at det berre er dei som svara ja til å bli med og dei som hugsa å returnera svarslippen som var aktuelle for uttrekning. Har dette noko å seia for representativiteten? Kan det tenkjast at dei som hadde lyst til å delta er særleg interesserte i talemålet, og at dette kanskje påverkar språket deira i ei bestemt retning? Dette kan nok vera ein fare, men det blir likevel berre spekulasjonar. Det er ingenting som skulle tilseia at dei som ikkje ville vera med på undersøkinga skulle ha ein dramatisk annleis språkleg varietet enn dei som deltok. Dessutan er det i realiteten ikkje mogleg å gjennomføra granskinga på andre måtar med omsyn til dette. Ein kan ikkje tvinga folk som ikkje vil, til å vera med på språklege granskingar.

3. 3. Korleis observera språkbruk?

Either our theories are about the language that ordinary people use in the street, arguing with friends, or at home blaming their children, or they are about very little indeed (Labov 1972b:109).

Sosiolingvistar har ofte som mål å observera det såkalla naturlege talemålet til informantane sine; *den naturlege daglegtaleten*. Men kva er eigentleg den naturlege daglegtaleten, og er det mogleg å observera den?

Labov har definert den naturlege daglegtaleten, *the vernacular*, som den måten å snakka på "in which the minimum attention is paid to speech." (Labov 1972b: 112) Altså den språkforma ein nyttar når ein er minst medviten om *korleis* ein snakkar, eller den mest spontane måten å snakka på. Labov hevdar òg, og dei fleste er einige med han i det, at alle

²² Sjå vedlegg C.

har eit naturleg talemål, som ein gjer bruk av i uformelle, spontane høve. Det er altså denne målforma dei fleste sosiolingvistar ønskjer å ha som studieobjekt. Men som me skal sjå, er det svært vanskeleg for oss som forskarar å få tilgang til denne målforma. Labov (1972b:112-113) listar nokre prinsipp som viser vanskanane med å observera det naturlege talemålet:

- There are no single-style speakers. (...)
- Styles can be ordered along a single dimension, measured by the amount of attention paid to speech . (...)
- Any systematic observation of a speaker defines a formal context in which more than the minimum attention is paid to speech.

Som ein ser, fører observasjon automatisk til at informantene nyttar ei meir formell målform enn *the vernacular*, ”in which the minimum attention is paid to speech” (jfr. definisjonen ovanfor). Dette dilemmaet blir best uttrykt av Labov i ”observatørens paradoks”: ”To obtain the data most important for linguistic theory, we have to observe how people speak when they are not being observed.” (Labov 1972b:113)

Forsøk på å minska dette problemet krev at ein ser litt nærmare på dei faktorane i observasjonssituasjonen som gjer at formaliteten i informantane sitt talemål aukar. Eg vel her å ta utgangspunkt i det sosiolingvistiske intervjuet, fordi det var denne metoden eg sjølv gjorde bruk av. Det sosiolingvistiske intervju blei utvikla av Labov til innsamling av talemålsdata til kvantitative granskingar, og det blir rekna som ein hovudmetode i variasjonslingvistikken. Målet er å samla inn og dokumentera naturleg tale. For å oppnå dette blir informantane ofte bedne om å ta initiativ og snakka om emne som interesserer dei, i håp om at dette vil fremja ein meir uformell talesituasjon, og dermed leggja til rette for at det naturlege talemålet skal komma til syne (Brodersen 2000:5-6). For å dokumentera intervjuet gjer ein normalt bruk av ein bandopptakar.

Det første momentet som gjer at det sosiolingvistiske intervjuet av informantane blir oppfatta som ein noko formell situasjon, er nettopp det at det blir oppfatta som eit intervju. Ein prøver sjølvstundt å unngå denne nemninga når ein vender seg til informantane, men intervjuet er ein sjanger som dei fleste kjenner frå ulike media, og informantane vil derfor ofte automatisk identifisera den samtalen som foregår mellom feltarbeidar og informant som eit intervju. Dei har ei formeining om kva eit intervju er, og korleis partane i intervjuet forhold seg til kvarandre. Dei fleste har ei forventning om at under eit intervju er det ein intervjuar som stiller spørsmål som den intervjuva svarar på etter beste evne. Det er eit asymmetrisk forhold mellom intervjuaren og den intervjuva, og det er intervjuaren som heile tida har

styringa. Nessa Wolfson (1997:116-117) går så langt som til å hevda at intervjuet i vårt samfunn er ein særskild type språkhending (*speech event*), og at det derfor er styrt av særlege språklege normer som gjer at det er umogleg å observera uformell tale gjennom intervju. Wolfson seier vidare at fri konversasjon ikkje er forventa under intervjuet, og at dei freistnadene som intervjuaren gjer på å bryta ut av spørsmål-svar-strukturen og få informantane til å ta initiativ og snakka spontant om ting som opptar dei, lett kan føra til at informantane blir usikre på kva som er forventa av dei. Desse grepa som intervjuaren i det sosiolingvistiske intervjuet typisk gjer, i håp om å få situasjonen til å bli meir naturleg, kan altså, i følgje Wolfson, få ein motsett verknad i forhold til det som er tilsikta. Situasjonen blir heller unaturleg, fordi ein bryt med dei språknormene som gjeld for intervjuet. Wolfson (1997:124) stiller i det heile tatt spørsmål ved heile den oppfatninga at det skal finnast eit naturleg talemål som er konstant og som kun kjem til syne i visse situasjonar. Poenget hennar er at

there is no single, absolute entity answering to the notion of natural/casual speech. If speech is felt to be appropriate to a situation and the goal, then it is natural in that context. The context itself may be formal or informal, interview or conversation. It is only when norms of speaking are uncertain or violated that one gets 'unnatural' speech .

Sjølv om eg klart ser poenget til Wolfson, trur eg likevel det er mogleg å hevda at det finst ein talemålsvariant hos informantane våre, som kan kallast den naturlege daglegtalet. Omgrepet naturleg er kanskje litt uheldig, fordi all tale i ytste instans kan sjåast som naturleg, så lenge ein ikkje bryt dramatisk med dei normene som gjeld for situasjonen. Kanskje det er betre å operera med eit omgrep som basistalemål, og definera det som det talemålet ein er oppvaksten med og som ein først og fremst nyttar i uformelle og spontane situasjonar der det ikkje er noko ytre press på korleis ein skal te seg (Thelander 1983:265). Dette er ofte saman med dei som ein omgjev seg med til dagleg, men ein må prøva å leggja intervjusituasjonen best mogleg til rette slik at dette basisspråket kan komma til syne der òg.

Det er nettopp dette med å tilretteleggja intervjusituasjonen slik at ein skal få tilgang til basisspråket, sosiolingvistar har jobba med i alle år. Kva omsyn skal ein ta for å komma så nær denne talemålsvarieteteten som mogleg?

Visse ting kjem ein ikkje utanom. På grunn av omsynet til dokumentasjon må bandopptakaren vera der, og den må vera synleg. Ein reknar det ikkje som etisk forsvarleg å driva med skjulte opptak. Datatilsynet tillet det heller ikkje. Det som dei fleste reknar som den viktigaste faktoren som kan ha innverknad på informantens sitt talemål, er forholdet

mellom intervjuar og informant. To viktige stikkord her er makt og solidaritet. Thelander (1983:266) seier etter Bengt Nordberg (1982) ”Att de som deltar i ett samspel gör det på någorlunda lika villkor torde normalt ge en mer avspänd talstil än om en av deltagarna (t.ex. en intervjuare eller en ordförande) har en utpräglad styrande funktion”. Nessa Wolfson er òg einig i at ein må tenkja mykje på det sosiale forholdet mellom intervjuar og informant før ein går ut i felten, dersom det sosiolingvistiske intervjuet skal ha ein sjanse til å bli vellukka. Det er altså ikkje berre den sosiale bakgrunnen til informanten som bestemmer kva språkvariant som kjem til syne i observasjonssituasjonen. Faktorar som blir rekna som viktige er alder, kjønn, generell framferd og dialekt eller målform. Det ideelle er kanskje at det er samsvar mellom intervjuar og informantar på alle desse punkta, men det kan bli vanskeleg å få til i praksis. Då måtte ein i så fall enten berre intervjuar ein type av informantar, eller ein måtte ha ein eigen intervjuar til kvar informant i granskinga. Ingen av desse løysingane er særleg realistiske. Eg meiner det er viktigast å fokusera på generell framferd og talemål.

Informantar er trass alt vane med å snakka avslappa og intimt med både menneske av motsett kjønn og med menneske som ikkje er på samme alder som dei. Eg trur at det oftast er når ein treff menneske som har ei heilt anna framferd, og særleg når dei i tillegg har ein annan dialekt, at ein begynner å bli merksam på si eiga framferd og dermed sitt eige talemål.

Talemålet kjennest jo som ein viktig del av framferda for mange. Det er ikkje sikkert at dette er likt for alle språkbrukarar. Kanskje er det slik at ulike dialektar blir tildelt ulik sosial verdi, og at brukarane av eitt talemål har ei dårlegare sjølvkjensle for talemålet sitt enn brukarane av andre talemål. Erfaringa mi med bømlamålet og bømlingar seier meg at bømlingar kanskje generelt har ei litt dårleg sjølvkjensle for talemålet sitt i møte med andre dialektar, og derfor synst eg det var ekstra viktig at eg som intervjuar delte språkbakgrunn med informantane mine. For å få fram ei avslappa framferd og ein avslappa talemåte, er det viktig å fokusera på solidariteten mellom samtalepartane. Derfor trur eg at det er ei god løysing å finna ein feltarbeidar som deler bakgrunn med informantane, både språkleg og sosialt. Likevel kan ein ikkje vera sikker på at problemet er heilt ute av verda. Det at intervjuaren er ein framand kan likevel verka formaliserande, sjølv om ho/han snakkar samme dialekt som informantane.

Mange har òg hevda at gruppesamtalar fungerer godt når det gjeld å nå fram til basistalemålet til informantane. Tanken er at dei normene som gjeld mellom menneske som normalt samhandlar sosialt vil vera sterkare enn påverknaden frå dei faktorane i observasjonssituasjonen som påverkar informantane til å endra talemålet sitt i ei meir formell retning.

Eg trur det er vanskeleg å gjera noko med maktforholda i intervjusituasjonen. Det asymmetriske forholdet mellom intervjuar og informant er vanskeleg å unngå. Eg er einig med Wolfson i at dei fleste informantar ville kjenna det som unaturleg dersom dei skulle ta meir initiativ til samtaleemne og liknande. Det ville nok gjera dei fleste informantar usikre på rolla si. Men det som er viktig, er at ein er merksam på kva samtaleemne som verkar å fengja informanten, og oppmuntrar informanten til å snakka fritt om desse emna.

Labov har hevda, og mange med han, at dersom ein introduserer språket som eit samtaleemne til informantane sine, så vil talemålet deira endra stil. Labov kallar dette *The Principle of Subordinate Shift*:

When speakers of a subordinate dialect are asked direct questions about their language, their answers will shift in an irregular manner toward [or away from] the superordinate dialect (Labov 1972b:111).

Informantane blir altså merksame på sitt eige talemål, og dette kan føra talemålet vekk i frå daglegtalet, basisspråket eller *the vernacular*, som er kjenneteikna ved at ein nettopp ikkje er merksam på korleis ein snakkar. Det finst òg dei som hevdar at det ikkje finst noko bevis på at folk snakkar meir formelt når samtaleemnet er språk, deriblant Mats Thelander (1983:266). Han argumenterer med at dersom ein lar informantane forstå at formålet med samtalan er at ein vil registrera det dei seier fordi ein skal analysera det språkleg, så er det ikkje noko poeng i å unngå å snakka om språklege emne. Det er vanleg å la informantane få vita at formålet med intervjuet er at ein samlar inn materiale til ei språkleg gransking. Men sjølv om ein informerer om formålet med samtalan, så er det ikkje nokon mal for kor mykje ein skal seia, og kor mykje ein skal velja å fokusera på dette. Eg trur at dersom ein fokuserer for mykje på språket, så kan ikkje informantane unngå å bli meir merksame på korleis dei snakkar, og dermed er det ein fare for at dei medvite eller umedvite vel former som dei kanskje elles ikkje ville brukt. Særleg i ei undersøking som mi, der eg er interessert i å granska om informantane mine nyttar tradisjonelle eller moderne former av ein særleg dialekt, er det lett ”å velja” det eine eller det andre, avhengig av kva haldningar informanten har til dialektbruk generelt og til eigen dialekt. Dersom informanten har eit ønskje om å bevare den tradisjonelle dialekten, kan det vera lett for å nytta dei tradisjonelle formene i samtale med feltarbeidaren, som eit ”bevis” på at ein stadig brukar dei. Dette er sjølvsagt alltid ein fare så lenge informanten veit føremålet med samtalen, men eg trur likevel at fenomenet kan bli forsterka dersom ein lar samtalen dreia seg om språk og språkbruk. På denne måten gjev ein jo ikkje informanten ein sjanse til å gløyma sin eigen språkbruk i situasjonen. Dersom ein likevel vil føra samtalen inn

på språkbruk, kan det kanskje vera ein ide å venta med det til slutten av samtalen. Då får ein høve til å registrera om språket endrar seg i nokon særleg grad etter at samtaleemnet språk blir introdusert, utan at det skulle ”øydeleggja” for heile innsamlinga dersom det skulle visa seg å vera tilfelle. Sjølv opplevde eg at ein av informantane mine sa at på slutten, då me begynte å snakka om dialekten, ”*haldt da på å gå opp i tull*” for han, og at han begynte å nytta former som han meinte han elles ikkje brukte. Han gav uttrykk for at han følte at situasjonen blei meir formell, då eg introduserte dette samtaleemnet. Sjølv kunne eg ikkje merka nokon særleg forskjell, men eg undersøkte ikkje dette kvantitativt. Denne kommentaren viser likevel at informanten blei meir medviten om korleis han snakka då eg introduserte dette samtaleemnet.

3. 4. Datainnsamling

3. 4. 1. Innleiing

Feltarbeidet mitt, som bestod av kartleggingsintervju med alle informantane mine, gjekk føre seg i mars 2000. Då gjekk ungdomsskuleinformantane mine i niandeklassen. Sidan eg hadde to grupper med informantar, blei feltarbeidet mitt todelt. Det føregjekk både på ungdomsskulane på Moster og Bremnes og heime hos dei vaksne informantane mine. På grunnlag av dette vel eg ei todelt presentering av feltarbeidet òg. Opplegget på dei to skulane var så godt som identisk, så det blir presentert under eitt. Dersom det er noko som skil dei, gjer eg greie for det.

3. 4. 2. Informantgruppe 1: tenåringane

Det første møtet med ungdomsskuleinformantane mine føregjekk slik at eg møtte opp på skulane for å informera dei om prosjektet mitt og spørja om kven som kunne tenkja seg å delta. Eg fortalde dei at eg var ute etter å finna ut korleis ungdom på Bømlø snakkar, men at eg òg var interessert i kva meiningar, haldningar og interesser dei måtte ha. Eg ville ikkje fokusera for mykje på dette med språk. Eg måtte òg fortelja dei at ikkje alle kunne vera med. Det var ikkje heilt lett å forklara korfor dei frå Erevik og Kvarven,²³ Foldrøy, Lykling og Håvik ikkje kunne få delta. Nokre av desse verka faktisk litt fornærma, men det viste i alle fall at det var interesse blant elevane for å vera med. Etter dette første møtet fekk alle med seg heim eit spørjeskjema²⁴ saman med informasjonsbrevet. Dette skulle dei som kunne

²³ No berre Kvarven.

²⁴ Sjå vedlegg D.

tenkja seg å delta ta med tilbake til skulen. På dette skjemaet skulle dei fylla ut nokre bakgrunnsopplysningar som skulle hjelpa meg med å velja ut informantar.

3. 4. 3. Praktisk tilrettelegging

Sjølve samtalanane føregjekk slik at eg snakka med informantane parvis. Eg hadde høyrte om andre som med stort hell hadde gjort det på den måten. Tanken er at dei språknormene som gjeld innanfor gruppa vil vera sterkare enn eventuelle normer som skulle tilseia at informantane ville velja ein meir formell variant saman med meg. Dersom ein sit saman med nokon som tilhøyrrer det sosiale nettverket sitt, så er det rimeleg å tru at det skal meir til før ein legg om på talemålet sitt, fordi ein veit at det kan komma reaksjonar frå dei andre. I ettertid har eg tenkt at det kanskje ikkje var den beste løysinga likevel, fordi det oppstod litt forvirring rundt kven det eigentleg var dei snakka til. Skulle dei snakka til kvarandre eller til meg? Eg prøvde jo for det meste å sitja og høyra på, så det kan nok ha verka litt forvirrande for nokre. Dette var det òg ein av informantane som kommenterte. Men det er klart at det nok kan vera tryggare å ha nokon som ein kjenner med, og i nokre tilfelle trur eg at samtalen gjekk så fritt som han gjorde nettopp fordi dei var to saman. Men informantar er ikkje like, og for nokre ville det kanskje fungert vel så bra å berre snakka med meg. Det kjem jo litt an på kvar einskild informant. Nokre kjenner seg trygge i gruppa, medan andre kan ha ei anna rolle i gruppa og ville kanskje ha snakka friare dersom dei berre hadde hatt meg å forhalda seg til. Med tanke på at eg var ute etter basistalemålet deira, var det nok likevel lurt at dei snakka med meg parvis. Sjølv snakkar eg ein relativt tradisjonell mostradialekt, og eg var litt spent på om eg kunne komma til å påverka dei til å snakka meir tradisjonelt enn dei vanlegvis gjer. Ein skulle likevel tru at dei fleste er vane med å høyra tradisjonell dialekt frå foreldre og besteforeldre utan at dei legg om på talemålet sitt av den grunn. Truleg var ikkje faren så stor for at dei skulle gjera det med meg heller. På det eine spørjeskjemaet var det likevel ein som hevda at han endra på språket sitt når han snakka med besteforeldre o.l., og at han snakka annleis med kameratar. I så måte var det truleg eit tryggingstiltak at dei snakka med meg to og to.

Eg styrte det òg slik at para bestod av to jenter eller to gutar, fordi forskning har vist at jenter har ein tendens til å snakka mindre og lytta meir når dei er saman med det motsette kjønn. Ronald Wardhaugh (1992:319) seier at "In conversations involving members of both sexes most researchers agree that men speak more than women do." Eg ville sjølv sagt helst unngå at den eine i paret snakka meir enn den andre, så derfor valte eg å gjera det på den måten. Likevel er eg ikkje så sikker på om eg oppnådde noko med å gjera det slik. Det var

ikkje til å unngå at det i nokre par viste seg å vera ei skeiv fordeling av tale. I nokre intervju er det den eine parten i paret som dominerer samtalen, medan i andre intervju er dei like rolege begge to. Likevel vel eg å tru at dette ville vore eit større problem dersom eg hadde hatt par der eg blanda kjønna, for i dei fleste intervju snakkar informantane om lag like mykje, og dei snakkar så mykje at det ikkje er noko problem å få belegg på dei fleste formene eg er ute etter.

Både på Moster og på Bremnes føregjekk samtalan på grupperom. Men ”kvaliteten” på desse romma var litt ulik. På Moster sleit dei med plassmangel, og derfor gjennomførte eg samtalan i to forskjellige rom. Det eine var eit konferanserom som var innreia relativt ”heimkoseleg” med gardiner og eit stort langbord, men dei fleste samtalan på skulen på Moster føregjekk på eit grupperom. Dette grupperommet var svært sparsamt møblert, og var vel ikkje det mest hyggjelege rommet ein kunne tenkja seg. Dette treng likevel ikkje å ha noko å seia for samtalan, for elevane på Moster var jo vane med dette rommet. Eg trur heller ikkje at dette påverka kvaliteten på opptaka. På Bremnes føregjekk alle samtalan i eit lite grupperom, som var ganske triveleg med gardiner i friske fargar og duk på bordet.

3. 4. 4. Gangen i informantsamtalan

Kvar samtale starta med at eg festa mikrofonane på informantane. Bandspelaren stod på bordet mellom oss, slik at den var synleg gjennom heile intervjuet. Det verka ikkje som om den affiserte dei noko særleg. Det var nok heller heile situasjonen som gjorde dei litt rolege og avventande. Dei var vel litt usikre på kva det heile gjekk ut på. Etter at mikrofonane var festa, gav eg den eine informanten ei ”barneteikning”,²⁵ som eg hadde teikna og fargelagt. Denne teikninga hadde eg teikna med tanke på kva ord eg var ute etter å registrera uttalen på. Eg lot den informanten som hadde teikninga, forklara til den andre informanten kva som var på teikninga, medan den andre informanten skulle prøva å kopiera teikninga etter forklaringane til sidekameraten. Deretter bytta dei rolle. Informant nummer to fekk teikninga og skulle skildra fargane på dei ulike motiva på teikninga, medan informant nummer ein fargela. Ideen til dette hadde eg fått frå hovudfagsavhandlinga til Reidun Hernes (1998). Poenget er at eg på den måten sikrar meg belegg på mange av variablane mine, fordi eg ved hjelp av teikninga styrer dei slik at dei seier ord som eksemplifiserer dei variablane eg var ute etter å granska. Samstundes tenkte eg at det var mogleg at dei ville bli så oppslukte av oppgåva, at dei gløynde å tenkja på korleis dei snakka. Det var noko som mange òg uttrykte då eg spurde dei ut om dette på slutten av samtalen. I utgangspunktet hadde eg tenkt at alle

informantane skulle både teikna og fargeleggja, men det viste seg å bli altfor tidkrevjande. Derfor valte eg å fordela oppgåvene. Eg trur likevel at eg fekk belegg på dei fleste formene eg var ute etter på kvar informant. Denne delen av dataregistreringa viste seg å vera svært vellukka i dei aller fleste tilfella. Dei fleste informantane gjekk til oppgåva med liv og lyst, og dei gjennomførte ho på akkurat den måten som eg hadde forventa. Det verka altså ikkje som dei tenkte på korleis dei snakka medan dei gjorde det. Det var ein informant som spurte kva dette hadde med dialektar å gjera. Denne utsegna kan tolkast på to måtar. Kanskje informanten var litt skeptisk til heile opplegget, noko som igjen kan ha ført til at informanten la band på talen sin. Eller det kan tolkast slik at sidan informanten ikkje forstod kva oppgåva hadde med dialektar å gjera, så var informanten heller ikkje medviten på dialekten sin medan han gjennomførte oppgåva. Det verka heller ikkje som om dei var spesielt opptatte av meg medan dei haldt på med dette. Sjølv gjorde eg ein tabbe under denne delen av datainnsamlinga. Under ein av samtalanе gløynde eg å setja på mikrofonane, slik at første delen av teikneoppgåva ikkje blei registrert. Dette medfører sjølv sagt at eg ikkje har fått registrert så mange former på den eine informanten. Eg valte likevel å lata som ingenting, fordi eg vurderte det slik at det ville medføra at informantane blei unødvendig merksame på bandopptakaren dersom eg lot dei gjera alt om igjen etter at eg hadde sett på mikrofonane.

Etter at informantane var ferdige med teikneoppgåva, gjekk me over til ein sekvens der eg spurte dei ut om litt ulike emne²⁶, og der eg prøvde å få dei til å snakka så fritt som mogleg. Dette var nok den sekvensen der eg som intervjuar hadde mest å seia. Informantane var jo ulike typar, og det var mange subjektive forhold som verka inn på samtalen. Det er nok slik at nett dei eigenskapane mine som gjorde at samtalen flaut lett med nokre, var dei samme eigenskapane som gjorde at samtalen nesten gjekk i stå med andre. Dessutan skal ein ikkje undervurdera det faktum at dei personlege eigenskapane til informantane òg verka inn på meg, og gjorde at eg var ein meir eller mindre god samtalepartner i frå samtale til samtale. Men sjølv om samtalanе varierte med omsyn til kor mykje som blei sagt, så føler eg at alle informantane snakka rimeleg naturleg og daglegdags. Ikkje alle sa like mykje, men det som blei sagt blei, slik eg kunne dømme det og i følgje dei sjølv òg, sagt på ein naturleg måte. Mot slutten av intervjua begynte eg å styra informantane litt meir igjen. Eg hadde laga i stand to testar²⁷ der eg var ute etter korleis dei uttalte nokre bestemte ord . Dette lot eg dei

²⁵ Sjø vedlegg E.

²⁶ Sjø temaguide i vedlegg F.

²⁷ Sjø vedlegg G og H.

gjennomføra ein og ein, medan den andre parten i paret venta på gangen. Den første testen var slik at eg spurte informanten nokre gåteliknande spørsmål, der svaret på kvar(t) spørsmål/gåte var eit bestemt ord som eg var interessert i uttalen av. Denne gjekk svært bra i dei aller fleste tilfella. Informantane svarte som oftast med det ordet eg var ute etter, og sidan dei konsentrerte seg om å svara rett, verka det i dei fleste tilfella som om dei ikkje tenkte på korleis dei sa det bestemte ordet. Den andre testen var utforma slik at eg først sa ei setning, og deretter begynte eg på ei ny setning, men denne setninga skulle informanten fullføra med ei særleg form av eit bestemt ord. Utfallet av denne testen var litt varierende. Nokre informantar gjennomførte den utan problem, og det verka som dei uttalte dei særlege orda på ein naturleg måte. Andre igjen sleit litt med å forstå kva ord dei skulle seia, og det var òg nokre som nærmast hadde ein slags leseuttale då dei skulle fullføra setningane. Dette var det òg einskilde som gav uttrykk for då eg spurde dei om det mot slutten av samtalen. I ettertid har eg tenkt på at denne testen kanskje minna litt for mykje om den typen bøyingsøvingar som dei gjer i skulen i skriftmålsinnlæringa, og at det var derfor einskilde av informantane uttalte orda på ein skriftmålsnær måte. Eg har handsama dei belegga som blei samla inn ved hjelp av testar om lag på samme måte som dei andre belegga. Med omsyn til den første testen, vurderer eg det slik at testsituasjonen ikkje verka inn på talemålet til informantane i det heile. Når det gjeld den andre testen, bestemte eg meg for å la vera å registrera dei formene som opplagt hadde leseuttale, medan dei andre formene blei registrerte på vanleg måte. Desse utgjorde ein svært liten del av datamaterialet, og den feilkjelda som det er fare for at dei utgjør, er dermed minimal. Heilt til slutt i intervjuet spurte eg informantane om dei hadde vore medvitne om korleis dei hadde snakka under samtalen, og om det hadde vore nokon forskjell etter kva del av samtalen det var snakk om. Alle sa at dei hadde snakka naturleg og avslappa under nesten alle delane av samtalen, men det var nokre som nemnte at dei kanskje hadde vore litt meir medvitne om korleis dei uttalte orda under den siste testen, der dei skulle fullføra setningar. Det var ein som sa at han hadde tenkt på korleis han skreiv ordet, og ei anna som refererte til norsktimane. I tillegg var det eit par som nemnte at dei hadde vore litt merksame på at dei snakka inn i mikrofonar, men dei kunne ikkje forklara på kva måte det påverka dei, eller om det hadde gjort det i det heile. Det var ei som gav uttrykk for at ho hadde vore medviten om at ho ville prøva å ha ein tradisjonell uttale, og ho refererte til dømes til palatalisering av velarar. Men ho visste ikkje om ho hadde snakka meir tradisjonelt enn ho vanlegvis gjorde. Alt i alt trur eg dei fleste følte at dei hadde hatt ein nokolunde naturleg uttale under mesteparten av samtalen. Særleg då dei haldt på med teikneoppgåva, og då me

snakka relativt fritt om dei ulike emna, så meinte alle at dei hadde snakka slik som dei pleidde å snakka.

3. 4. 5. Skjemautfylling

Det siste eg gjorde saman med informantane frå ungdomsskulane, var at eg samla alle til ein fellestime.²⁸ Eg hadde fleire spørjeskjema²⁹ som eg ville at dei skulle fylla ut. Eg hadde laga i stand nokre spørjeskjema, der eg stiller spørsmål som går på bakgrunnsinformasjon om informantane, og kva haldningar dei har til dialektar generelt, eigen dialekt og heimstad. Dette vil eg komma nærmare tilbake til under drøftinga av dei sosiale variablane nedanfor. Eg var ute etter å få ei viss oversikt over kva haldningar dei hadde til dialektbruk og heimstad, for å sjå om det er nokon samanheng mellom haldningar rundt dette og språkform.

Sjølve utfyllinga av skjema gjekk svært bra. Det verka som om alle forstod kva dei skulle gjera, og det gjekk raskt og greitt å fylla dei ut.

Fordi det var nokre av informantane som ikkje var på skulen den dagen dei skulle fylla ut spørjeskjema, hadde nokre av informantane med seg desse skjema heim for å fylla dei ut der. Dette gjekk heilt greitt, og eg fekk dei raskt og ferdig utfylte tilbake.

3. 4. 6. Informantgruppe 2: dei vaksne

Når det gjeld dei vaksne, vurderte eg det slik at det beste ville vera å treffa dei heime hos informantane sjølve. Det viste seg at det var noko som dei føretrekte sjølve òg. På den måten treffe eg dei bokstavigleg tala på heimebane, og med tanke på at eg var på jakt etter basistalemålet deira, så trur eg at det var det beste òg i høve til det. Etter at eg hadde trekt ut informantar og fått klarsignal i frå dei som ville delta, avtalte eg eit tidspunkt med kvar og ein. Eg lot informantane sjølve bestemma kva tid eg kunne komma på besøk, og derfor blei det litt ulike tider på dagen. Nokre vitja eg på føremiddagen, medan andre ville ha besøk seint på kvelden. Dette medførte òg at somme stader var andre familiemedlemmar til stades under samtalanene, medan andre stader snakka eg med informanten heilt åleine. Eg vurderte det slik at så lenge dei andre familiemedlemmane ikkje forstyrra slik at det var ein fare for lydskvaliteten på opptaket, så kunne det faktisk vera ein fordel at dei var til stades. Dersom informanten sit i si eiga stove med familien rundt seg, reknar eg med at dei andre i familien

²⁸ Fordi eg i utgangspunktet hadde tenkt å undersøkje samanhengen mellom nettverkstype og språkbruk hos informantane mine, hadde eg tidlegare òg samla dei til ein fellestime med skjemautfylling. Dette blei gjort før sjølve informantsamtalane, og dermed fekk informantane høve til å bli litt kjent med meg før samtalanene blei gjennomført.

²⁹ Sjå vedlegg I og K.

ville reagere dersom informanten snakka på ein annan måte enn han/ho gjer til vanleg. Eg opplevde til dømes ein situasjon der dei andre i familien gjorde informanten merksam på at han hadde fleire variantar enn det han oppgav sjølv at han hadde.

3. 4. 7. Gangen i informantsamtalane

På førehand var eg litt spent på om eg ville få denne aldersgruppa til å snakka noko særleg. Eg var redd dei ville vera litt skeptiske til meg som intervjuar, fordi eg er frå samme plassen som dei, men ein god del yngre. Halvparten av informantane kjente meg faktisk til ein viss grad frå før. Men denne frykta viste seg heldigvis å vera heilt utan grunn. I ettertid meiner eg at det faktisk var ein stor fordel at me delte bakgrunn, og at det at eg er såpass mykje yngre ikkje hadde noko å seia.

Eg valde å ta fram opptaksutstyret med ein gong eg kom fram til kvar informant og festa mikrofonane på oss med det samme. På den måten tenkte eg at informanten fekk mest mogleg tid til å bli van med situasjonen. Medan eg gjorde i stand opptaksutstyret, lot eg informantane fylla ut eit spørjeskjema der dei blei spurde ut om bakgrunnsopplysningar³⁰. Eg valde å bruka mikrofon sjølv òg under samtalane, fordi eg tenkte at det ville skapa solidaritet mellom meg og informanten. Eg hadde ein tanke om at det ville få informantane til å slappa meir av. Eg valte å gå rett på med ein intervjusekvens, der eg ba informantane om å fortelja om seg sjølve og kva dei dreiv med til vanleg, for deretter å gå over til å snakka om det å bu på Bømlo, og kva haldningar informantane hadde til aktuelle saker på Bømlo.³¹ Dette viste seg å bli svært vellukka. Dei aller fleste informantane var svært villige til å snakka både om seg sjølv og kva meiningar og haldningar dei hadde til dei ulike tema eg tok opp. Dei verka av og til litt stive i byrjinga, truleg på grunn av mikrofonane, men dei tødde fort opp. Eg følte at eg hadde klart å velja emne som interesserte mange, og fleire gonger opplevde eg at informantane sjølve begynte å snakka om ei sak før eg hadde fått sjansen til å introdusera temaet. Det at informantane verka så avslappa og var så villige til å snakka, gjorde at eg kjente meg ganske sikker på at eg i alle fall under delar av samtalen fekk tilgang til basistalemålet til informantane. Samtalane føregjekk i ein svært avslappa atmosfære, ofte med andre familiemedlemmar rundt oss. I dei aller fleste tilfella sat me rundt salongbordet i stova, og det blei servert kaffi eller tilvarande. Nokre av informantane hadde òg diska opp med bollar eller rundstykke. Sjølv synst eg det var svært så hyggjeleg, og det trur eg

³⁰ Sjå vedlegg J.

³¹ Sjå temaguide i vedlegg F.

informantane synst òg. Det kunne minna om eit vanleg kaffiselskap der me sat og småprata. Eg trur nok det hadde mykje å seia at eg delte bakgrunn med informantane, og at eg ”kjente kodane”. Under delar av samtalane snakkar kanskje eg litt meir enn det som strengt tatt er nødvendig, men eg vurderte det slik at dersom eg skulle sitja heilt stille under heile sekvensen, så ville situasjonen bli svært kunstig og stiv. Eg trur det var ein fordel at eg òg sa noko og meinte noko, og eg trur informantane òg synst at det var naturleg. På den måten fekk intervjuar meir preg av ein samtale, og det la tilhøva til rette for at basistalemålet til informantane kunne komma til syne. Likevel vil eg understreka at storparten av tida var det informantane som hadde ordet.

Etter at den første delen av samtalen var ferdig, skrudde me av bandopptakaren ei stund. Eg hadde laga i stand ei liste over ord, der eg hadde lista dei ulike uttalanene eg meiner desse orda kan ha på Bømlo. Desse uttalevariantane leste eg til informantane, og så bad eg dei om å oppgje kva uttalar dei meinte at dei brukte. Eg la vekt på at dersom dei meinte at dei kunne seia ordet på ulike måtar, ville eg at dei skulle oppgje alle måtane dei kunne seia ordet på. I tillegg bad eg dei om å seia i frå dersom dei meinte at dei uttalte ordet på ein måte som eg ikkje hadde med i lista. Dei fleste svara nok oppriktig, og det hende faktisk at nokon meinte at dei sa ord på ein heilt annan måte, men dei fleste oppgav berre ein uttale på mesteparten av orda. Eg trur at det lett blei slik at dersom ein høyrde den uttalen som ein oftast brukar, så var det kun den ein oppgav, fordi ein gløymde ut at ein òg kunne seia det på andre måtar. Dessutan var det ei feilkjelde at det kunne vera vanskeleg å skilja mellom kva ein faktisk seier sjølv og kva ein høyrer andre seia. Det var det faktisk eit par informantar som gav uttrykk for. Eg meiner at dette er nok eit døme på at sjølvrapportering ikkje er like påliteleg som andre, meir direkte, metodar. Då eg begynte med analysen av dialektopptaka nokre månader seinare, oppdaga eg at eg hadde rikeleg med belegg på alle dei språklege variablane som eg hadde freista å granska ved hjelp av desse uttalelistene. Derfor såg eg det ikkje som naudsynt å ta med resultatane frå sjølvrapporteringa. Det er sjølvsagt alltid interessant å sjå korleis informantane sjølve meiner dei snakkar og samanlikna det med den faktiske språkbruken deira, men eg kjem ikkje til å bruka tid på det i denne omgang. Det fell utanfor målsetjinga til denne granskinga. I tillegg til denne testen gjorde me dei samme to testane³² som eg hadde gjennomført på slutten av samtalane med ungdomsskuleinformantane, og som eg skildra ovanfor. Då me gjorde desse skrudde eg sjølvsagt på opptaksutstyret igjen. Desse testane gjekk svært bra med dei fleste. Nokre stussa kanskje litt på kva form dei skulle velja då dei skulle fullføra dei setningane, og nokre hadde kanskje litt leseuttale av og til, men

i det store og det heile gjekk det fint. Eg tok dei samme omsyna ved handsaminga av desse belegga som eg gjorde ved handsaminga av dei belegga eg fekk for dei unge informantane på denne måten. Til slutt tenkte eg at me kunne snakka litt om bømladialekten og kva som kjenneteiknar den. Me kom òg inn på om informantane meinte at det hadde skjedd mykje endringar med dialekten dei siste åra. Denne delen av intervjuet gjekk òg relativt bra, sjølv om det viste seg at dette var emne som mange av informantane ikkje hadde tenkt så mykje på, og som dei derfor hadde litt problem med å uttala seg om. Men dei fleste var i alle fall samde om at det hadde skjedd ganske mange endringar med dialekten, og at deira barn ikkje snakka slik som dei sjølve gjorde. Som eg gjorde greie for ovanfor, trur eg det var smart å venta med dette til slutten av intervjuet, fordi det verka som om nokre av informantane blei meir merksame på korleis dei sjølv snakka etter at dette samtaleemnet blei introdusert. Det var til dømes ein informant som kom med denne kommentaren då me hadde snakka om bømlamålet ei stund: ”*Sånn, no begynna eg allerede med deg og seie dag-, dagen i staden for dajen. Skikkelig seriøse no, og då blir da-, rett før eg begynna å sei de.*”³³ Eg spurde dei òg om dei meinte at dei hadde snakka naturleg under intervjuet, og det meinte alle at dei hadde gjort. Det var nokre som nemnde at dei hadde følt det litt stivt i byrjinga på grunn av mikrofonane, men dei var ikkje sikre på om det hadde hatt nokon innverknad på måten dei hadde snakka på.

Då denne delen var ferdig, skrudde eg av opptaksutstyret igjen. Me var eigentleg ferdige med sjølve intervjuet på dette tidspunktet, men eg hadde eit spørjeskjema til som eg ville at dei skulle fylla ut. Dette var eit skjema med spørsmål som gjekk på haldningar til dialektbruk, eigen dialekt og heimstad. Dette var nøyaktig det samme skjemaet som ungdomskuleelevane hadde fyllt ut.³⁴ Eg trur dei fleste synst det gjekk greitt å fylla ut dette, men det var eit par som synst det var vanskeleg å rangera dialektar. Dei hadde ikkje tenkt noko særleg på det før, og derfor meinte dei at det blei litt på ein slump.

3. 4. 8. Vurdering

Eg var alt i alt ganske fornøgd med feltarbeidet mitt. Eg følte at informantane var ganske avslappa, og at eg dermed hadde klart å få tilgang til noko som nærmar seg basistalemålet deira. Eg meiner at eg hadde ein klar fordel av at eg delte bakgrunn med informantane mine, og at det var det som var mest avgjerande for at informantane snakka så fritt og avslappa som dei gjorde. Det vanskelegaste var nok å få tenåringane i tale. Eg trur at det at eg oppsøkte dei

³² Sjå vedlegg G og H.

³³ /de:/ i staden for /dɑ:/, som er den vanlege forma på det peikande pronomenet i Bremnes og Moster sokn. Typisk for ein bømling som knotar.

på skulen, førte til at eg i stor grad blei assosiert med dei vaksne og lærarane. Eg følte at elevane kanskje var litt usikre på kva rolle eg hadde, men sidan eg ikkje var ein av dei, blei eg automatisk identifisert som ein av ”dei andre”, altså lærarane. Det var jo òg lærarane som introduserte meg for elevane. Dette medførte nok at det for mange var grenser for kva dei var villige til å snakka med meg om, og at dei heller ikkje nytta heile spekteret av ordforrådet sitt. Likevel var nokre av dei forbausande opne og ”pratesjuka”. Dette at eg hadde ei kjensle av at elevane var usikre på kvar dei skulle plassera meg, fekk meg til å lura på om skulen var den beste plassen å oppsøkja informantar til slike granskingar. Det er relativt vanleg å gjera det slik, og derfor tenkte eg at det nok var den beste løysinga for meg òg. I ettertid har eg likevel tenkt på at det kanskje ville vore meir ideelt å få tak i informantar ein stad der det ikkje er så store ulikskapar med omsyn til makt mellom dei vaksne og dei unge. Til dømes på ein fritidsklubb eller liknande. Men eit slikt val ville jo heller ikkje vera problemfritt. Fordelane med å velja ein skuleklasse er at ein sikrar at utvalet i mykje større grad blir representativt i forhold til kva ein kan rekna med dersom ein oppsøker ein fritidsklubb. Det er ikkje alle som går på fritidsklubbar, men i skuleklassar finn ein folk frå dei fleste miljø som er representerte på staden. Dessutan kunne eg møtt på ulike praktiske problem, så som problem med å få konsesjon, eller at det ville bli problematisk å få løyve frå dei føresette til å nytta deira barn til granskinga. Det at eg gjennomførte granskinga på skulen, gjorde kanskje sitt til at det ikkje var nokre foreldre som stilte kritiske spørsmål. Dessutan skal ein ikkje undervurdera den språkvarieteteten som elevar gjer bruk av ovanfor foreldre og lærarar. Den er vel like mykje ein representant for basistalemålet som den varieteteten ein nyttar i lag med jamaldringar. Vaksne og lærarar er jo ein like stor del av kvardagen til tenåringane som venner og klassekameratar. Det er ikkje sikkert at det er så mykje meir enn ordforrådet som skil desse varietetane. Dersom eg oppnådde at ungdommane snakka til meg som dei snakkar til foreldre og lærarar, noko som eg meiner eg gjorde, så kjenner eg meg nøgd med det. Dessutan var det ein del informantar, særleg jenter, som fortalte meg ting som dei truleg ikkje ville sagt til lærarar eller foreldre, og det trur eg kan vera ein indikasjon på at det språket dei nytta ovanfor meg kom nært opp til basistalemålet deira.

³⁴ Sjå vedlegg K.

4. VARIABLAR

4. 1. Presentasjon av variablar

4. 1. 1. Innleiing

I dette kapitlet gjer eg greie for dei språklege og sosiale variablane som eg har valt å konsentrera meg om. Først gjer eg greie for dei språklege variablane og korfor eg har valt desse. Under gjennomgangen av dei språklege variablane, viser eg heile tida til Stokka (1982) si gransking av bømlamålet. Deretter kjem ein gjennomgang av dei sosiale faktorane. Desse er delte inn i ulike grupper. Først kjem sosiale makrofaktorar som *geografi*, *alder* og *kjønn*. Desse er bakgrunnsvariablar, som eg nytta som grunnlag for utvalet av informantane mine. Deretter kjem dei sosiale faktorane *foreldrebakgrunn* og *tid borte frå Bømlo*, som eg òg registrerte, men desse variablane blei ikkje nytta til utveljinga av informantane. Til slutt kjem ein gjennomgang av *haldningsvariablane*.

4. 1. 2. Korleis velja variablar

I sosiolingvistiske granskingar, særleg i variasjonsstudiar, er det vanleg å velja ut eitt sett med sosiale variablar og eitt sett med språklege variablar. Ein reknar då vanlegvis dei sosiale variablane som ubundne, medan dei språklege variablane er bundne og avhengige av dei sosiale. Hovudtanken innanfor sosiolingvistikken er at det er eit samband mellom språkbruk og sosiale forhold. Det er ei viss usemje mellom dei ulike retningane innanfor sosiolingvistikken når det gjeld korleis ein skal karakterisera dette sambandet. Den labovske delen av disiplinen reknar dei språklege variablane som styrte av dei sosiale, medan den sosialantropologisk inspirerte interaksjonistiske sosiolingvistikken problematiserer dette synet noko og fokuserer på språkbruk som aktive identitetshandlingar. Det er òg forskjell på korleis ein brukar termen sosial variabel. Ein kan enten snakka om det sosiale i snever forstand som makrososiale faktorar som kjønn, alder, geografi o.l., eller ein kan nytta omgrepet meir utvida og òg inkludera nettverkskarakteristikkar og sosialpsykologiske faktorar.

Når ein skal velja ut kva for språklege og sosiale tilhøve ein vil undersøkje, er det viktig å tenkja på kva som er relevant i forhold til det språksamfunnet ein skal granska. Dei språklege variablane må vera slike som blir oppfatta som viktige og karakteristiske for dialekten som heilskap. Dessutan bør dei representera variasjon og endring. Ein lingvistisk variabel er ”a linguistic item which has identifiable variants.” (Wardhaugh 1992:139) Med andre ord ei språkleg form som har ulike uttalevariantar. Dei variablane eg har valt å granska

er trekk som eg meiner er karakteristiske for bømlamålet, og som eg har registrert variasjon med omsyn til.

Når det gjeld dei sosiale variablane, er det viktig at desse kjennest relevante for det samfunnet ein granskar. Ein blir nøydd til å gjera bruk av intuisjon og kjennskap til det samfunnet ein studerer, men det kan òg vera nyttig å undersøkje kva sosiale variablar som er blitt nytta i granskingar av tilsvarande samfunn før. Nokre sosiale variablar kan oppfattast som gjevne, medan andre blir meir konstruerte. Kjønn er ein typisk gjeven og naturleg variabel, medan klasse eller andre sosioøkonomiske inndelingar er meir kunstige og vilkårlege. I mi gransking har eg ikkje rekna sosial klasse som ein relevant sosial faktor, fordi det ikkje er tradisjonar for klassetenking på Bømlo. Dette er noko som bygdene på Bømlo har til felles med mange andre mindre bygdesamfunn i Noreg, og det har derfor ikkje vore så vanleg å ha med klasse som sosial variabel i tilsvarande undersøkingar her i landet. Undersøkingar som har dette aspektet med, har ikkje alltid lukkast i å visa at det er signifikante skilje på dette området (Haugen 1998). Dette tyder ikkje at ein ikkje kan tenkja sosial ulikskap, t.d. med omsyn til utdanning, yrke, inntekt o.l., men det kan tenkjast at desse faktorane ikkje har signifikante språklege konsekvensar, fordi folk i bygde-Noreg ofte har relativt god kontakt på tvers av slike sosiale inndelingar.

4. 2. Språklege variablar

4. 2. 1. Tradisjonelle kontra moderne former

I gjennomgangen av dei språklege variablane kjem det til å bli skilt mellom *tradisjonelle* og *moderne* former. Termen tradisjonelle former refererer til uttalevariantar som høyrer til det tradisjonelle talemålet på Bømlo, medan moderne former er slike som har utvikla seg dei seinare åra og som skil seg frå dei tradisjonelle.

4. 2. 2. Fonemnotasjon

Sjølv om ein må setja eit skilje mellom det tradisjonelle og moderne talemålet, er lydane mykje dei same i dei to varietetane. Dei blir berre distribuerte på ulike måtar. Det er likevel eit par unntak: uttalen av *r* og fonemet \widehat{rj} . I den tradisjonelle dialekten er *r* uttalt som ein alveolar trill eller tap /r/, medan i det moderne talemålet er *r* uttalt som ein uvular frikativ /ʁ/. Fordi det blant dei unge truleg ikkje er nokon særleg variasjon med omsyn til uttalen av *r*, og endringa av dette trekket må sjåast som fullført, har eg ikkje granska uttalen av *r*. Det skal likevel nemnast at halvparten av dei vaksne informantane frå Bremnes sokn uttalar *r* som

ein alveolar trill, men denne aldersgruppa er truleg blant dei siste generasjonane der tungespiss *r* er relativt utbreidd i sentralområdet av Bremnes sokn. Den palato-alveolare affrikaten \widehat{rj} er i tradisjonelt bømlamål eit resultat av palatalisering av /g/ i innlyd. Ein kan derfor sjå \widehat{rj} som ein allofon av /g/. Det er truleg ikkje nokon av informantane mine som utelukkande snakkar den eine eller den andre varietetten. Dei fleste vekslar nok meir eller mindre mellom dei tradisjonelle og moderne formene. Derfor er det heller ikkje naudsynt å operera med to åtskilte foneminventar.

Alle dei språklege døma vil bli noterte med IPA. Det blir ikkje gjort tonemmarkeringar i denne avhandlinga, og det er berre notert kvantitet i trykkstavingar. Det er berre vokalkvantitet som blir markert. Spesielt kan ein merkja seg at der fenomenet vokallenging har ført til overlange stavingar vil det noterast med dobbel lengdemarkering: / :: /.

4. 2. 3. Morfologiske variablar

4. 2. 3. 1. Presens av svake verb med a-ending

Denne variabelen inkluderer presens av svake verb i a-klassa som i nynorsk endar med *-ar*, men òg ei gruppe med verb som endar på *-er* i presens på nynorsk. Synkront sett tilhøyrer desse samme klasse i tradisjonelt bømlamål, og dei har enda med /-a / i presens over heile Bømlo, til dømes /e:g snaka/, /e:g lɑ:ga/, /e:g haika/, /e:g mema/, /e:g dɪskʉtɛ:ɕa/. Dei siste åra har eg lagt merke til at nokre uttalar desse orda med /-ɛ / i endinga, altså /e:g snake, lɑ:ge, haikɛ, memɛ, dɪskʉtɛ:ɕɛ/. Eg rekna med at det var få som sa dette konsekvent, fordi dette truleg er ei relativt ny utvikling på Bømlo. Stokka (1982) nemner ikkje noko om denne uttalemåten. Eg var litt spent på om det var nokon forskjell mellom Moster og Bremnes når det gjaldt denne utviklinga. I tillegg var det særleg interessant å registrera om nokre av dei vaksne var begynt å ta opp dette trekket i språket sitt.

4. 2. 3. 2. Presens av sterke verb med i-omlyd

Mange sterke verb har tradisjonelt fått i-omlyd i presens på Bømlo. Dette har vore det samme på Moster og Bremnes. Dei seinare åra har eg sporadisk høyrte at desse verba har blitt uttalte utan i-omlyd, men det verkar som om det er stor variasjon frå verb til verb. Døme som eg har høyrte er /e:g kɔmɛ/ i staden for /e:g c̥ɛ:mɛ/ *komma* inf., /e:g gβɑ:vɛ/ for /e:g gβɛ:vɛ/ *grava* inf. og /e:g sɔ:vɛ/ for /e:g se:vɛ/ *sova* inf. Eg har òg ein hypotese om at verbet *å komma* kan

få ulik realisering i presens alt etter kva tyding det har i setninga. Eg trur at det oftare blir realisert som /kɔmɛ/ i uttrykket *kjem til å*, som uttrykkjer futurum, enn i andre samanhengar der verbet får eit fastare innhald. I uttrykket *kjem til å* er verbet nærmast innhaldslaust.

Stokka (1982) nemner ikkje noko om at dette språklege draget skulle vera i endring i talemålet i Bremnes og Moster sokn. Men Helge Sandøy seier at

Det vokalskiftet frå infinitiv til presens vi finn i ein del sterke verb (...), er ingen produktiv regel i moderne norsk, og det omfattar i dag relativt få verb og representerer eit så lite tydeleg mønster synkront sett at det bare kan beskrivas som eit leksikalisert språkdrag. Det austnordiske mønsteret med presens utan vokalskifte er også det mest frekvente mønsteret i all norsk (Sandøy 1996:150)

Sandøy nemner òg at i sunnhordlandsmåla har presens av sterke verb blitt laga etter dette mønsteret:

- Sterke verb har endinga *-e* og tonem 1.
- Nokre verb får vokalskifte i rota, men det må opplysast for kvart verb kva vokalar som skiftar.

Han seier at dei fleste sterke verba lagar presens berre etter det første punktet, og han legg til at ”i sunnhordlandsdialektane begynner i dag også dei gamle i-omlyds-verba å få presens etter same mønster, (...). Punkt 2) i presenslaginga går dermed ut, og desse føyer seg etter hovudmønsteret for sterke verb.” Han nemner spesielt verbet *å komma*. Sandøy hevdar at denne utviklinga er gjennomført i tettstaden Leirvik (no bystatus) på Stord, og då verkar det ikkje så usannsynleg at dette kan vera i ferd med å spreia seg til naboøya Bømlo.

4. 2. 4. Fonologiske variablar

4. 2. 4. 1. Realisasjon av konsonantsambanda *ld*, *nd*, *mb* og *ng*

”I stordelen av landet vårt er desse fire norrøne konsonantsambanda assimilererte, oftast til /l/, /n/, /m/ og /ŋ/.” (Sandøy 1996:147) Desse konsonantsambanda har tradisjonelt behalde si uassimilererte form på Bømlo. I tillegg blir desse konsonantsambanda uttalte i ein del ord der dei har eit anna opphav enn det norrøne. I innlyd har desse konsonantsambanda vore relativt vanlege i fleire norske dialektar, medan det i ordslutt er svært uvanleg å ha uassimilert uttale. Dette har likevel vore tilfelle i tradisjonelt bømlamål.

Konsonantsambandet *ld* blir uttalt i tradisjonelt bømlamål. Stokka (1982:244) seier at dette særleg gjeld etter trykksterk vokal, t.d. /heldɛ/ pres. av *halda* inf., /jeldɛ/ pres. av *gjelda*

inf., /kveld/ *kveld* m., /mold/ *mold* f., /skolda/ *skolda* inf. og /snilde/ *snill* adj. Etter trykksvak vokal, seier Stokka (1982:244) at /ld/ helst er å høyra i eldre mål, t.d. /c̥ø:æld/ *kjørel* n., /mu:æld/ *moreld* m., /mɑ:kæld/ *makrell* m. og /tilfelde/ *tilfelle* n. Eg granskar ikkje eldre mål, og derfor har eg ikkje lagt vekt på skilnaden mellom trykksterk og trykksvak vokal. Tradisjonelt er /ld/ å høyra både i innlyd og ordslutt: /kveldanə/ og /kveld/ *kveld* m.

Det norrøne konsonantsambandet *mb* har tradisjonelt halde seg i bømladialekten. Stokka (1982:244) seier at dette særleg gjeld i utlyd, men at det er noko i attendegang somme stader i kommunen. Ein kan altså seia både /lamb/ *lam* n. og /kamb/ *kam* m., men i følgje Stokka (1982:244) er uttale utan /b/ på frammarsj blant dei yngste som var med på granskinga hans. I innlyd er det, i følgje Stokka (1982:245), meir variasjon, t.d. både /lambə/ og /lamə/ best. form av *lam* n. Han seier /mb/ har overtaket i eldre mål, medan /m/ har overtaket i yngre.

Konsonantsambandet *nd* har i tradisjonelt bømlamål halde seg i både innlyd og ordslutt, t.d. /and/ *and* f., /hund/ *hund* m., /band/ *band* n., /vind/ *vind* m., /blanda/ *blanda* inf., /honds/ av *hand* f, /onda/ *under* prep. og /vunde/ *vond* adj. Stokka (1982:245) hevdar at det truleg er mykje variasjon i yngre mål, og at særleg noko av det sekundære /nd/ har gått attende i yngre mål, t.d. når det gjeld preteritum av *kunna* inf., som i tradisjonell bømladialekt blir uttalt /kunde/.

Norrøn *ng* har tradisjonelt blitt realisert som /ŋg/ og /ɲ/ i bømlamålet. Altså kan *g* i sambandet bli realisert som både velar og palatal. Palatal uttale er berre mogleg i innlyd. I yngre mål vekslar nok likevel desse realiseringane med /ŋ/. Ein kan nok både høyra former som /fɔŋg/ og /fɔɲ/ *fang* n., /fiŋg/ og /fiɲ/ *fiŋg* m., /lɔŋgə/ og /lɔɲə/ *lang* adj., /lɛɲə/, /lɛŋgə/ og /lɛɲə/ *lenge* adv. og /gɔɲə/, /gɔŋgə/ og /gɔɲə/ av *gong* m. Tradisjonelt har det òg vore vekslingar mellom ubestemt og bestemt form, t.d. (ei) /sɛŋg/ - (den) /sɛɲɔ/ *seng* f. Stokka (1982:246) seier at /ŋg/ har halde seg fullt ut i slutten av ord, men dette er noko eg trur er i endring i dag. I analysen av datamaterialet vil /ɲ/ av *ng* bli rekna inn under palatalisering av *g* i innlyd.

Det er nok svært mykje variasjon på dette området i dag, men eg rekna med at assimilerte former ville vera på sterk frammarsj blant dei yngste. Kanskje tendensen vil vera noko ulik for innlyd og ordslutt.

4. 2. 4. 2. Palatalisering av velarar i innlyd

I tradisjonelt bømlamål kan dei velare plosivane *k* og *g* bli palataliserte til /c̥ç̥/, /j̥j̥/ og /j̥/. Mange infinitivar kan bli uttalte med palatal, t.d. /vēc̥ç̥a/ *vekkja* inf., /tenc̥ç̥a/ *tenkja* inf., /lēj̥ja/ *leggja* inf., /hēja/ *hengja* inf. og /ɾɿja/ *ringja* inf. I følge Stokka (1982:201), er denne palataliseringa eit resultat av norrøn *j* sin palataliserande verknad på føregåande *g* og *k*. I desse verba får ein då veksling mellom palatal og velar i bøyingsparadigmet, t.d. /vēc̥ç̥a/ - /vɛkte/ av *vekkja* inf. og /tenc̥ç̥a/ - /tɛŋkte/ av *tenkja* inf. Stokka (1982:202) seier at det er ”ingen tilhug til ’restitusjon’ av velar i infinitivar med palatal”, men han legg til at han undersøkte dette alt for lite.

I tillegg har ein palatalisering av plosivar føre trykksvak /ɛ, u, ɔ/. Stokka (1982:203-204) set opp to reglar for denne typen palatalisering, som han kallar ”umodifiserte hovudreglar”. Regel nr. 1 er at ”føre trykkveik /ɛ/ vert velar til palatal”, og det blir då ofte vekslingar mellom palatal og velar i bøyingsparadigmet. Døme på dette er /mɑ:jɛ/ - /mɑ:ga/ av *mage* m., /fɑ:jɛ/ - /fɑ:ga/ av *farge* m., /sɔŋg/ - /sɔŋɛn/ av *sang* m., /vɛg/ - /vɛj̥jɛn/ av *vegg* m., /bɾɑ:c̥ç̥ɛ/ - /bɾɑ:ka/ av *brake* m., /fj:ka/ - /fɔ:c̥ç̥ɛ/ av *fyka* inf. og /bac̥ç̥ɛ/ - /baka/ av *bakke* m. Ein kan òg få palatal uttale av konsonantsambandet *sk*, som då blir uttala som ein lyd /ʃ/, t.d. /fisk/ - /fiʃɛn/ av *fisk* m. og /vask/ - /vaʃɛn/ av *vask* m. Regel nr. 2 er at ”føre trykkveik /u, ɔ/ vert velar til palatal.” Om denne regelen seier Stokka (1982:204) at ”utviklinga gn. *-in* > /u, ɔ/ er (mykje) yngre enn palataliseringa føre gn. *i* (*e*).” Dermed er det eigentleg den første regelen som har verka her òg, men synkront må ein likevel operera med to reglar. Òg når det gjeld desse orda får ein veksling mellom palatal og velar i bøyingsparadigmet, t.d. /sa:g/ - /sa:jɔ/ av *sag* f., /tɔ:g/ - /tɔ:jɔ/ av *tog* n., /bɛɾg/ - /bɛɾjɔ/ av *berg* n., /dɔg/ - /dɔj̥jɔ/ av *dogg* f., /bɾɑ:k/ - /bɾɑ:c̥ç̥ɔ/ av *brak* n., /fɔlk/ - /fɔlc̥ç̥ɔ/ av *folk* n. og /blɔk/ - /blɔc̥ç̥ɔ/ av *blokk* f. Stokka (1982:205-210) modifiserer desse to reglane noko, og han nemner nokre morfologiske og geografiske unntak. I analysen av dette trekket, tar eg ikkje omsyn til Stokka

si inndeling. Eg registrerer palatalisert eller upalatalisert uttale generelt og skil berre mellom dei ulike lydane.

Stokka (1982:223) seier at palatalisering av velarar generelt har halde seg godt i bømlamålet. Han seier det er ein del vinging i mostradialekten, men at palatal likevel verkar å stå sterkast, særleg i eldre mål. Om Bremnes seier han at sentralområdet har dominans av palatal i både eldre og yngre mål, men at velar truleg er i ferd med å breia seg i yngre mål. Det siste rekna eg med at han hadde rett i, og at det òg ville gjelda på Moster. Blant dei yngste informantane mine rekna eg med at det ville vera mykje velar uttale. Blant dei vaksne informantane rekna eg med ein del variasjon.

4. 2. 4. 3. Differensiasjon

Differensiasjon av norrøn *rl*, *rn* og *fn* til /dl/, /dn/ og /bn/ er eit vestnordisk fenomen. Termen 'differensiasjon' siktar til "at det som var ulike konsonantar i eit samband, blir gjort meir ulike." (Sandøy 1996:173) I Noreg har dette fenomenet ført til stavingsberande /ɲ/ og /l/ i utlyd. Dette er likevel ikkje den einaste kjelda til stavingsberande sonorantar.

Differensiasjon har tradisjonelt vore eit utbreidd fenomen på Bømlo. Norrøn *rn* blir i tradisjonelt bømlamål realisert som /dn/ og /dɲ/, t.d. /ba::dɲ/ *barn* n., /ga::dɲ/ *garn* n., /kɔdɲ/ *korn* n., /tʃø:dɲ/ *tjørn* f. og /jedna/ *gjærne* adv. Stokka (1982:229) hevdar at i grunnforma er /dɲ/ så godt som konsekvent gjennomført i eldre mål, og at dette langt på veg òg er tilfelle i yngre mål. Likevel legg han til at dei heilt unge til ein viss grad verkar å restituera /ɾn/ i desse formene, men på Bremnes mindre enn på Moster. Denne utviklinga mot restituering har nok komme endå lenger blant dei unge i dag, sjølv om eg alltid har hatt ei oppfatning av at /dn/ av norr. *rn* er ein av dei tradisjonelle formene som har halde seg best på Bømlo.

Eg undersøker berre differensiasjon av *rn* fordi differensiasjon av dei to andre konsonantsambanda truleg vil vera svært lite frekvente i datamaterialet. Dessutan er det rimeleg å tru at differensiert /bn/ og /bm/ av *fn* og /dl/ av *rl* vil vera så godt som ute av målet til dei unge, sidan Stokka (1982:227-228) konkluderte med at desse formene helst var å finna hos dei heilt eldste allereie på slutten av syttitalet. Eg kjem til å nemna det i analysen dersom det likevel skulle finnast belegg på det i materialet.

4. 2. 4. 4. Segmentasjon

Segmentasjon av norrøn *ll* og *nn* er òg eit vestnordisk fenomen. Segmentasjon er det som foregår når ”eitt langt fonetisk segment blir delt i to segment, dvs. til eit konsonantsamband.” (Sandøy 1996:174)

Norrøn *ll* har i bømlamålet tradisjonelt blitt realisert som det segmenterte konsonantsambandet /dl/. Stokka (1982) skil mellom /dl/ etter ”opphavleg kort, trykksterk vokal” og /dl/ etter ”opphavleg lang, trykksterk vokal”. Når det gjeld etter opphavleg kort, trykksterk vokal, hevdar Stokka (1982:232) at det innanfor substantiva er mykje variasjon. Ein kan seia både /bʁɪdlɛ/ og /bʁɪlɛ/ av *briller* pl., /fɪdla/ og /fɪla/ av *fille* f., /çɛdlɑʃ/ og /çɛlɑʃ/ av *kjellar* m., /tʁɔdl/ og /tʁɔl/ av *troll* n. og /fjɛdl/ og /fjɛl/ av *fjell* n. I følgje Stokka, var dei to siste alltid med /dl/ då han gjorde granskinga si. Eg har vanskeleg for å tru at dette er representativt. Stokka (1982:233) hevdar at i eldre mål har /dl/ halde seg svært godt i alle desse orda, og at det likeins er dominerande i yngre mål på Bremnes. I yngre mål på Moster verka /l/ og /dl/ å stå jamsterkt, men spørjeskjemaundersøkinga hans blant elevane synte at tenåringane verka å ha noko meir /l/ enn det som kom fram ved direkte intervju med dei yngste informantane. I ord på utlydande *ll* er det vokallenging³⁵ på Moster, og Stokka (1982:234) hevdar at i slike ord held /dl/ seg mykje betre. Stokka (1982:234) seier at i verba ser det ut til at /dl/ står noko sterkare enn i andre ordklassar. Men òg her er det mykje variasjon. Ein kan seia både /kadla/ og /kala/ av *kalla* inf., /bʁɔdla/ og /bʁɔla/ av *rulla* inf., /smɛdla/ og /smɛla/ av *smella* inf. og /stɛdla/ og /stɛla/ av *stella* inf. Stokka (1982:235) hevdar at det i yngre mål på Moster er mykje vingling og stor skilnad mellom ulike ord, men han nemner at skriftmålet kan ha verka inn på spørjeskjemaundersøkinga, og at talet på former med /l/ kan vera noko høgt. Når det gjeld /dl/ etter opphavleg lang, trykksterk vokal, hevdar Stokka (1982:236) at /dl/ er dominerande i eldre mål i dei fleste ord, men at det er meir /dl/ i bremnesmålet enn i mosteramålet. Dømer på denne typen ord er /he:dl/ *hel* m., /stʉ:dl/ *stol* m., /stʉ:dl/ *støl* m. og /ɔ:dl/ *ål* m. Stokka (1982:236) seier at former utan /d/ er på sterk frammarsj i yngre mål, og at desse formene såg ut til å ha overtaket blant dei som var tenåringar på Moster då han gjorde granskinga si. Etter mitt kjennskap til bømlamålet, både på Bremnes og Moster, så trur eg at desse formene er svært sjeldne blant dagens tenåringar.

³⁵ Sjø nedanfor.

I tradisjonelt bømlamål blir norrøn *nn* realisert som konsonantsambandet /dn/. I følgje Stokka (1982:239), har det etter opphavleg kort vokalisme vore mest unntaksløst på Bremnes, medan det på Moster truleg har vore meir blanding. Han seier at dette enno gjaldt for eldre mål då han gjorde granskinga si, men at /n/ har spreitt seg. Ein kan altså seia både /fɔdn/ og /fɔn/ *fonn* f., /gʁɛdnɑ/ og /gʁɛnɑ/ *grunne* f., /tɔdn/ og /tɔn/ *tann* f., /bʁɛdnɑ/ og /bʁɛnɑ/ *brenna* inf. og /spɛdnɑ/ og /spɛnɑ/ *spenna* inf. Stokka (1982:241) seier at i mostramålet står /dn/ sterkare i substantiv enn i verb, og det trur eg nok stemmer. Han seier at i eldre mål der, er det mykje /dn/ i substantiv, men at /n/ har tatt mykje over elles og breier seg. Blant dei yngste som var med på granskinga hans er det berre sporadiske førekomstar av /dn/ utan om i *fonn* f. og *tann* f., som har vokallenging. Når det gjeld bremnesmålet, hevdar Stokka (1982:241) at /dn/ er heilt dominerande i eldre mål, og at /n/ framleis står svakare enn /dn/ i yngre mål, men at segmentert konsonantisme likevel er i attendegang der òg. Etter opphavleg lang vokalisme har /dn/ halde seg betre enn etter kort vokal, hevdar Stokka (1982:242). Dette er fordi at her blir /n/ alltid stavingsberande. Men dette gjeld kun få ord, t.d. (ein) /steɪdn/, (den) /steɪdn/ *stein* m. og /ʁɑʊdn/ *raun* m. Stokka (1982:243) seier at det varierer noko frå ord til ord, men at /dn/ har godt overtak samanlagt i eldre mål alle stader, men likevel størst i Bremnes. I yngre mål er det meir vingling, hevdar han. Bremnesmålet har overvekt av /dn/, elles står /n/ sterkast, men /dn/ verkar å vera vanlegare i bunden enn i ubunden form. Det vil seia at det godt kan vera veksling innåt i paradigmet, og at ein seier (ein) /steɪn/, men (den) /steɪdn/. Eg rekna med å finna mykje variasjon her blant dei eldste informantane mine, medan eg venta mykje restituering av /n/ blant dei yngste.

4. 2. 4. 5. Vokallenging

Vokallenging har tradisjonelt vore aktuelt føre konsonantsambanda /dn/, /gn/, /dɫ/ og /gɫ/. Det eksisterer to typar vokallenging på Bømlø. Den eine typen gjeld for heile kommunen og gjeld først og fremst lenging av *a*, men òg nokre andre vokalar, og er berre aktuell føre differensiert /dn/ av norrøn *rn* og føre /gn/. I tillegg kjem det ei særleg vokallenging, som berre har vore gjennomført i dei sørlege delane av kommunen. Det vil seia at det har vore skilnad mellom mostramålet og bremnesmålet på dette punktet. I mostradialekten finn ein, i tillegg til den generelle lenginga av *a*, òg den særlege sørlege vokallenginga.

Døme på den generelle vokallenginga er /ba::dɲ/ *barn* n., /ga::dɲ/ *garn* n., /ga:ɡɲ/ *gagn* n., /bjø::dɲ/ *bjørn* m. og /çø:dɲ/ *tjørn* f. Grunnen til at eg i nokre tilfelle markerer denne lenginga med dobbel lengdemarkering, /::/, er at desse vokalane i ein del ord alltid er lange i bømlamålet, sjølv dersom ein har restituert /ɛɲ/ i ordslutt, t.d. /bjø::dɲ/ kontra /bjø:ɛɲ/ av *bjørn* n. Denne typen lenging held seg gjennom heile bøyingsparadigmet: (eit) /ga::dɲ/ - (dei) /ga::dnɔ/. Den særlege sørlege vokallenginga er aktuell føre konsonantsambanda /ɡl/, /ɡɲ/, /dɫ/ av norrøn *ll* og /dɲ/ av norrøn *nn* og *rn*. Dessutan gjeld denne lenginga mange fleire vokalar enn den generelle lenginga. Stokka (1982:157) set opp nokre punkt som seier at i dei sørlege delane av Bømlo kommune kan ein få lenging av

- /ɔ/ føre /dɲ/
- /e, ø, ɔ/ føre /ɡɲ/
- /e, ɔ, ʌ/ føre /dɫ/
- /ʌ/ føre /ɡl/³⁶

Stokka freistar å generalisera litt og seier at, utanom *u*, gjeld lenginga mellomhøge og mellomlåge vokalar i desse omgjevnadene: ”For å bruka notidsmålets kvalitetar, gjeld det, utanom /u/, vokalane i den midtre rekkja” (Stokka 1982:157). Eg er litt kritisk til desse reglane som Stokka set opp, fordi det er mogleg å komma på ord der lenginga ikkje skjer. Med omsyn til /e/ føre /dɫ/ til dømes, kan eg nemna eit ord som *smell* n. I tradisjonelt bømlamål kan dette ordet bli uttalt /smɛdɫ/, og ein har då /e/ føre segmentert /dɫ/ med stavingsberande /l/ i ordslutt. Med andre ord akkurat ein av dei omgjevnadene der ein i tradisjonelt mostramål kan få vokallenging, men vokallenging er ikkje mogleg i dette ordet. Ein kan ikkje seia */smɛ:dɫ/. Det er mogleg at dette kan sjåast som unntaket som stadfestar regelen, og eg er ikkje i stand til å komma på fleire døme, men det gjer likevel at eg ikkje heilt stolar på reglane til Stokka. Likevel er det slik at sidan fokuset mitt er språkleg endring og ikkje fonologiske reglar, vel eg å ta utgangspunkt i desse punkta utan å undersøkje fenomenet noko nærmare. Det er mogleg at det finst andre vokalar som kan bli lenga føre desse konsonantsambanda, men desse vokalane representerer i alle fall hovudbiletet av den særleg sørlege vokallenginga. Dersom eg kan seia noko om stoda for desse vokalane føre dei konsonantsambanda som er nemnte her, har eg gjort det som var målsetjinga mi. Dessutan er

det slik at dersom denne vokallenginga viser seg å vera på veg ut av talemålet, vil det vera svært vanskeleg å formulera meir nøyaktige fonologiske reglar på bakgrunn av det innsamla materialet mitt. På Moster kan dei altså ha vokallenging i ord som /kve:dn̩/ *kvern* f., /bɔ:dn̩/ pl. av *barn* n., /hɔ:dn̩/ *horn* n., /kɔ:dn̩/ *korn* n., /ɛ:gn̩/ *regn* n., /lɔ:gn̩/ *løgn* f., /ɾɔ:gn̩/ *rogn* f., /vɔ:gn̩/ *vogn* f., /fæ:gl̩/ *fugl* m., /fjɛ:d̩/ *fjell* n., /tɾɔ:d̩/ *troll* n. og /tɔ:dn̩/ *tann* f. Stokka (1982:158) hevdar at denne særlege sørlege lenginga berre skjer når ”etterfølgjande konsonantsamband står i absolutt utlyd, slik at ein får morfo-fonemisk veksling i paradigmet.” På Moster kan dei altså bøya (ei) /lɔ:gn̩/ - (den) /lɔgnɔ/.

Det interessante for meg var å sjå i kor stor mon dei yngste held på denne vokallenginga, dersom dei i det heile tatt gjer det. Særleg interessert var eg i om skiljet mellom den sørlege og den generelle lenginga hadde halde seg. Eg rekna med at det ville vera ein del variasjon hos dei eldste informantane mine.

Det verkar som om det eksisterer eit samband mellom fenomenet vokallenging og differensiasjon av norrøn *rn*. Noko av den generelle lenginga foregår nettopp i ord som har differensiert /dn̩/ av norrøn *rn*, så som /bɑ::dn̩/ *barn* n. og /gɑ::dn̩/ *garn* n. Det verkar som om ein går bort i frå lenginga dersom ein restituerer /ɾn̩/, eller motsett, at dersom ein går bort i frå lenginga, så restituerer ein /ɾn̩/.

4. 2. 4. 6. Veksling mellom [ɣ], [ʉ] og [œ]

Stokka (1982:255) hevdar etter Omdal (1970:228) at korte vokalar ofte får ein slappare uttale enn lange, og at dei ofte har ein tendens til sentralisering. Dette kan føra til samanfall, som igjen kan medføre at tydingsmotsetnaden mellom ulike ord blir oppheva, slik at ein får homonym. Til dømes kan *mugg* m. og *mygg* m. få lik uttale i bømlamålet: [mʉg]. Kort y er i bømlamålet særleg utsett for vingling. Stokka (1982:255) hevdar at uttalen vekslar mellom [ɣ, ü, ʉ] over heile Bømlø kommune. Teiknet [ü] er henta frå Norvegia, som er det fonetiske alfabetet som Stokka gjer bruk av. I følgje Norvegia (Moe og Storm 1908:168), er [ü] ”lyder mellom *u* og *y*, og ligger længer fremme end *u*.” Stokka (1982:267) hevdar at [ü] kanskje er det teiknet som best gjev att den vanlegaste uttalen av kort y i bømlamålet sett under eitt. Denne vekslende uttalen gjeld ord som *bryggje* f., *bygd* f., *bygg* n. (korn), *byggja* inf., *fylke* n., *rygg* m., *stygg* adj., *trygd* f., *tyggja* inf., *bytte* pret. av *byta* inf., *knytte* pret. av *knyta* inf. og

³⁶ Dette gjeld, i følgje Stokka (1982:157), berre /fæ:gl̩/ *fugl* m.

sykla inf. Stokka (1982:261) kom fram til at [ɣ] av dette opphavet (norrøn *y*) står relativt sterkast i eldre mål på Bremnes, og relativt svakast i eldre mål på Moster, [ü] syntest å stå svakast i eldre mål på Bremnes. Han hevdar (1982:266) at skilnadene er meir polariserte i eldre mål, medan det i yngre mål går i retning av meir utjamning mellom områda. Eg var spent på om dei yngste informantane mine meir og meir ville uttala [ɣ] sidan dette er det vanlegaste i landet elles, og det som best gjenspeglar skriftspråket. Stokka (1982:267) hevdar at samanblandinga mellom [ɣ, ʏ, ü] verkar å vera endå sterkare i yngre mål enn i eldre mål, og dessutan seier han at vinglinga mellom [ɣ, ʏ, ü] i mindre grad enn vinglinga mellom [œ, ɤ, ʏ, ü] er geografisk bestemt.

Vingling i uttalen mellom [œ, ɤ, ʏ, ü] gjeld ord som *flytta* (a-verbo), *fylla* inf., *lyng* m., *bølgje* f., *bøtte* f., *byksa* inf., *følgje* n., *løgn* f., *lyst* f., *stykkje* n., *symja* (inf., pret., pfp), *synd* f., *synda* inf., *syngja* inf., *sørgja* inf., *syster* f., *tørst* inf., *yngre*, *yngst* adj., *begynna* (a-verbo), *krykkje* f., *lykt* f. og *pølse* f. Først og fremst ord som har *y* i skriftspråket, men òg nokre med *ø*. Stokka (1982:261) hevdar at [œ] i denne typen ord står sterkast på Moster (og Søre Bømlo) og svakast på Bremnes. Dette trekket er noko som dei fleste bømblingar er medvitne om, og som ofte blir kommentert. Stokka (1982:262) seier òg at [ɣ] i desse orda står mykje sterkare i bremnesmålet enn i mosteramålet. I avhandlinga si hevdar han at det i tradisjonelt bremnesmål er ein tendens mot å uttala [ɣ, ʏ, ü] i ord som har *ø* i norrønt og skriftspråket, t.d. *søkkja* inf., *trødde* pret. av *trø* og *øks* f. Stokka (1982:263) foreslår at motvilje mot lågning av norrøn *y* kan ha gjort at opphavleg *ø* er blitt oppfatta som ein lågna *y* og dermed heva.

I analysen av desse vokalvariantane har eg valt å slå saman [ü] og [ʏ] fordi det i praksis viste seg å vera heilt umogleg for meg å skilja dei frå kvarandre ved hjelp av auditiv analyse. Eg valde derfor å skilja u-lydar frå [ɣ] og [œ], men eg skil ikkje mellom ulike u-lydar. For desse u-lydane vil eg nytta teiknet [ʏ] frå IPA, trass i at Stokka hevdar at [ü] er det teiknet som best gjev att uttalen på Bømlo. Sidan eg gjer bruk av IPA i resten av avhandlinga, synst eg det er ryddigast at eg gjer det her òg. Sjølv om eg ikkje differensierer variabelen maksimalt, trur eg likevel eg klarer å fanga det særmerkte med bømlamålet på dette punktet. Det mest interessante for mi avhandling er om dei geografiske skilja mellom Moster og Bremnes har halde seg, og om tendensen til meir og meir vingling, som Stokka hevdar, stemmer.

4. 2. 5. Oppsummering

Dei språklege variablane kan kort oppsummerast slik:

1. Svake verb som tradisjonelt har fått a-ending i presens: /e:g snaka/ eller /e:g snake/ av *snakka* inf.
2. Sterke verb som tradisjonelt har fått i-omlyd i presens: /e:g c̄e:mε/ eller /e:g kōmε/ av *komma* inf.
3. Realisasjon av *ld* i ordslutt: /kveld/ eller /kvεl/ av *kveld* m.
4. Realisasjon av *ld* i innlyd: /kveldanε/ eller /kvεlanε/ av *kveld* m.
/vilde/ eller /vile/ preteritum av *villa* inf.
5. Realisasjon av *mb* i ordslutt: /lamb/ eller /lam/ av *lam* n.
6. Realisasjon av *mb* i innlyd: /lambε/ eller /lame/ av *lam* n.
7. Realisasjon av *nd* i ordslutt: /sand/ eller /san/ av *sand* m.
/kunde/ eller /kune/ preteritum av *kunna* inf.
8. Realisasjon av *nd* i innlyd: /sandŋ/ eller /sanŋ/ av *sand* m.
9. Realisasjon av *ng* i ordslutt: /søŋg/ eller /søŋ/ av *song* m.
10. Realisasjon av *ng* i innlyd: /søŋgen/ eller /søŋen/ av *song* m.
11. Palatalisering av *k* i innlyd: /bac̄c̄ε/ eller /bake/ av *bakke* m.
12. Palatalisering av *g* i innlyd: /bʏj̄j̄en/ eller /bʏgen/ av *rygg* m.
/mɑ:jε/ eller /mɑ:gε/ av *mage* m.
13. Palatalisering av *sk* i innlyd: /fiʃen/ eller /fisken/ av *fisk* m.
14. Differensiasjon av norrøn *rn* i ordslutt: /ba::dŋ/ eller /ba::ʁn/ av *barn* n.
15. Differensiasjon av norrøn *rn* i innlyd: /ba::dnapas/ eller /ba::ʁnapas/ av *barnepass* n.
16. Segmentasjon av norrøn *ll* i ordslutt: /fjɛdʌ/ eller /fjɛl/ av *fjell* n.
17. Segmentasjon av norrøn *ll* i innlyd: /kadla/ eller /kala/ av *kalla* inf.
18. Segmentasjon av norrøn *nn* i ordslutt: /sterdŋ/ eller /stein/ av *stein* m.
19. Segmentasjon av norrøn *nn* i innlyd: /c̄c̄ɛdna/ eller /c̄c̄ɛna/ av *kjenna* inf.
20. Lenging av *a*, *ø* føre differensiert /dŋ/ av norrøn *rn*: /ga::dŋ/ eller /ga::ʁn/ av *garn* n

/bjø::dɲ/ eller /bjø:ɛn/ av *bjørn* m.

21. Lenging av *a* føre *gn*: /a:gn/ eller /agn/ av *agn* n.
22. Lenging av /e, ɔ, ʉ/ føre segmentert /dl/ av norrøn *ll*: /fje:dɫ/ eller /fjɛdɫ/ (eller /fjel/) av *fell* n.
23. Lenging av /ɔ/ føre differensiert /dɲ/ av norrøn *rn* og segmentert /dɲ/ av norrøn *nn*:
/kɔ:dɲ/ eller /kɔdɲ/ (eller /kʉɛn/) av *korn* n.
/tɔ:dɲ/ eller /tɔdɲ/ (eller /tɔn/) av *tann* f.
24. Lenging av /e, ø, ɔ/ føre /gn/: /vɔ:gn/ eller /vɔgn/ (eller /vɔgn/) av *vogn* f.
25. Lenging av /ʉ/ føre /gl/: /fʉ:gɫ/ eller /fʉgl/ (eller /fʉgl/) av *fugl* m.
26. Uttale av kort *y* av norr. *y* der uttalen vinglar mellom [ʉ] og [ɣ]: [sʉkla] eller [sykla] av *sykla* inf.
27. Uttale av kort *y* (ø) av norr. *y* der uttalen vinglar mellom [œ], [ɣ] og [ʉ]: [flœta] eller [flyta] eller [flʉta] av *flytta* a-verbo.

4. 3. Makrososiale variablar

4. 3. 1. Innleiing

Det ein ofte gjer i sosiolingvistiske granskingar er at ein ved hjelp av sosial variasjon forklarar språkleg variasjon (Wardhaugh 1992:144). Som eg konstaterte ovanfor, er det viktig at ein vel sosiale variablar som er relevante for det språksamfunnet ein studerer. Det stod likevel ikkje heilt klart for meg kva sosiale faktorar som var dei viktigaste i bømflasamfunnet. Eg såg det derfor som fornuftig å prøva ut litt forskjellig med utgangspunkt i veletablert teori.

Nedanfor kjem ein gjennomgang og ei drøfting av dei makrososiale variablane eg har valt å konsentrera meg om.

4. 3. 2. Geografi

Det har tradisjonelt vore eit medvit blant bømflingar om relativt store målforskjellar innåt i Bømlo kommune. Om medvitet om dette har vore sterkare enn dei reelle målforskjellane, er vanskeleg for med å avgjera, men i følgje dei som tidlegare har granska målet i Bømlo kommune (deriblant Stokka 1982), stemmer det at det finst klare forskjellar mellom dei ulike sokna. Måla i Moster og Bremnes sokn har vore eit godt døme på dette. Som eg kommenterte ovanfor, under presentasjonen av dei språklege variablane, finst det nokre

språktrekk som ein berre finn på den eine plassen, og i tillegg er einskilde trekk ulikt representerte i dei to bygdemåla. Som nemnt tidlegare, plasserte Stokka (1982) måla til dei unge då han gjorde granskinga si i kvar sin ende av ein tenkt skala som gjekk på tradisjonalt kontra modernitet. Han kalla bremnesmålet ein særleg tradisjonell dialekt, medan han plasserte mostramålet nær den moderne enden av skalaen. Etter mitt kjennskap til dialekten blant dei unge i Bremnesområdet, trur eg det vil vera vanskeleg å karakterisera målet der som særleg tradisjonelt i dag.

Sidan eg var interessert i å finna ut om nokre av dei tradisjonelle skilnadene mellom måla i Moster og Bremnes framleis eksisterer, og om ein enno kan kalla bremnesmålet eit særleg tradisjonelt bygdemål, gjev den sosiale variabelen *geografi* seg sjølv.

4. 3. 3. Alder

Sidan hovudføremålet med granskinga er å granska om talemålet på Bømlo er i endring, var det ganske opplagt at eg ville samanlikna ulike aldersgrupper. Alder er ein av dei mest nytta sosiale variablane i sosiolingvistiske granskningar. Det vanlege er å trekkja utval frå ulike aldersgrupper, og så forklara den variasjonen i språkbruk som ein finn mellom dei, som historisk endring. Dette blir gjort i såkalla tilsynelatande-tid-undersøkingar, som eg gjorde greie for ovanfor. Eckert (1997:152) seier at alder korrelerer med språkvariasjon på grunn av sin sosiale status, og dette har altså inga biologisk forklaring. I sosiolingvistiske granskningar fokuserer ein på det sosiale ved alder og aldring.

Det er likevel ikkje mogleg å bevise at språkforskjellar er resultat av historisk endring utan eit verkeleg-tid-perspektiv. Dette er fordi ulikskapar mellom aldersgruppene òg kan forklarast ved hjelp av aldersavgrensa språkbruk.

I vårt vestlege samfunn er ungdom opptatte av å skapa sin eigen identitet uavhengig av og ofte i opposisjon til den vaksne kulturen. Dette gjeld òg språkleg identitet. Ungdom er ofte kjenneteikna av ein mindre tradisjonell språkdrakt enn dei vaksne og middelaldrande, som ofte er meir konservative språkleg sett (Eckert 1997:162-164). Dette kan brukast som ein forklaringsmodell til fenomenet aldersavgrensa språkbruk. Likevel kan ein ikkje avfeia all språkleg forskjell mellom aldersgruppene med at det kjem av aldersavgrensa språkbruk, og at når dei unge forlet det livsavsnittet, vil dei forlata den språkdrakta som høyrer aldersgruppa til og tre inn i den vaksne verda av tradisjonelle språkbrukarar. Dei fleste granskningar har vist at språket til kvar generasjon vaksne og eldre stadig fjernar seg frå dei tradisjonelle dialektane, men det kan jo tenkjast at endringane ikkje er så radikale og ikkje skjer så fort som granskningar av ungdomsspråk av og til skulle tyda på. Er det ikkje mogleg at ein kan halda på

noko av det nye, samstundes som ein kanskje tileignar seg noko meir av den tradisjonelle dialekten etter kvart som ein kjem ut av ungdomsåra? Eg meiner at ein kan seia noko om den historiske endringa av ein dialekt ved å nytta alder som sosial variabel i tilsynelatande-tid undersøkingar. Dersom forskjellane mellom aldersgruppene i granskinga er relativt store, trur eg det er svært usannsynleg at dei unge vil forlata alle dei moderne formene med ein gong dei av samfunnet og seg sjølve blir rekna som vaksne.

I mi undersøking opererer eg med to aldersgrupper. Ei gruppe med vaksne fødte mellom 1962-64, som var ungdomsskuleelevar då Stokka (1982) gjorde si gransking, og som var dei yngste som var med på undersøkinga hans. Den andre gruppa er ei gruppe med 15-åringar som er fødte i 1985, og som gjekk i niandeklassen då eg gjennomførte datainnsamlinga mi.

4. 3. 4. Kjønn

I følge Ruth Wodak og Gertraud Benke (1997:133), var Labov den første som såg kor viktig rolle *kjønn* har som sosiolingvistisk variabel. Dette blei likevel først påvist av ein nordmann. Anders Steinsholt hevdar i avhandlinga si, *Målbryting i Hedrum* (1964), at kvinnene var dei som først tok i bruk og som var mest positivt innstilte til nye språkformer. Det har altså vore ei oppfatning frå den tida sosiolingvistikken var i startfasen at kva kjønn ein tilhøyrer har noko å seia for språkbruken. Før hadde ein ofte det perspektivet at det ved kvinner sin måte å snakka på som skilte seg åt frå slik menn snakka, var ein mangel. Menn sin språkbruk blei framstilt som normalen, som kvinner sin språkbruk blei samanlikna med. Dette prøver ein å unngå i dag.

På samme måte som med alder, er det kjønn som ein sosial konstruksjon som er det sentrale dersom ein nyttar kjønn som ein sosiolingvistisk variabel. Dei språklege skilnadene ein eventuelt finn mellom menn og kvinner, kan ikkje forklarast biologisk, men kjem av at menn og kvinner blir sosialiserte på ulike måtar. Wodak og Benke (1997:129-130) seier etter West og Zimmerman (1991:13-14) at kjønn må forståast som

a routine, methodical, and recurring accomplishment (...) 'doing gender' is undertaken by men and women, doing gender involves a complex of socially guided perceptual, interactional, and micropolitical activities that cast particular pursuits as expressions of masculine and feminine natures.

Alle dei klassiske sosiolingvistiske granskningane (Labov, Trudgill, Milroy m.fl.) har vist at kvinner i alle aldrar og i alle samfunnslag gjer bruk av meir standardiserte, prestisjefylte

språkformer enn menn, og at kvinner som oftast fører an i lingvistisk endring som går i retning av standardisering. Menn gjer i større grad enn kvinner bruk av meir dialektale lågstatusformer (jfr. 'the vernacular'). Dette er blitt forklart med at kvinner i mykje større grad enn menn blir dømte ut i frå korleis dei opptre og framstår, medan menn blir vurderte ut i frå kva dei gjer. Det er òg blitt hevda at kvinner tradisjonelt har hatt ei mykje svakare sosial stilling enn menn i samfunnet, og at kvinnene derfor har hatt større bruk for å hevda seg ved hjelp av språket. Menn sin bruk av dialektale lågstatusformer har blitt forklart med at desse formene er berarar av ein annan type prestisje knytt til identitet og solidaritet, som ofte i større grad er knytt til maskulinitet (Trudgill 1974a:93-96). Fordi menn tradisjonelt har hatt ei sterkare stilling i samfunnet gjennom arbeid utanfor heimen og deltaking i styre og stell, har dei kunna gjera bruk av desse lågstatusformene som eit teikn på at dei framleis er lojale ovanfor lokalsamfunnet. Det at kvinner verkar å føra an i språkleg endring i retning av høgstatusformer blir forklart med å peika på at kvinner som oftast har hovudansvaret for barn. Kvinnene sin meir standardiserte tale blir ført vidare til den neste generasjonen som språkleg endring.

Nyare granskingar viser at yngre kvinner gjer bruk av meir lågstatusformer enn det eldre granskingar kom fram til. Dette kan sjåast som nok eit teikn på at det ikkje er biologiske kjønnsforskjellar som er det avgjerande for språkbruken. Det at kvinner og menn tradisjonelt har blitt sosialiserte inn i samfunnet på ulike måtar, har ført til at dei gjer bruk av språket på tilsvarande ulike måtar. Dersom ein forklarar språklege skilnader mellom kjønna med ulik sosialisering, er det rimeleg at mindre rolledifferensiering mellom kjønna fører til mindre språklege forskjellar òg.

Eg har valt å handsama kjønn som ein sosial variabel i granskinga mi. Eg er interessert i å sjå om det er nokon forskjell i bruken av moderne og tradisjonelle variantar mellom kjønna. I tillegg kan det vera interessant å kombinera faktorane kjønn og alder og sjå om kjønnsforskjellane viser ulike tendensar i dei to aldersgruppene.

4. 3. 5. Foreldrebakgrunn

Fordi folk blir meir og meir mobile, og det i dag ikkje er like vanleg som tidlegare at foreldre og barn deler språkbakgrunn, kan det vera interessant å sjå om dialekten til foreldra spelar noka rolle i forhold til kva språkformer barna nyttar.

Eg nytta ikkje denne variabelen som basis for utveljinga av informantane mine, men eg registrerte foreldrebakgrunnen til informantane mine under datainnsamlinga. Eg rekna med at barn med utanbygds foreldre ville ha ein større prosentats av moderne språkformer,

enn barn med foreldre som snakka den tradisjonelle dialekten på staden. I tillegg har granskingar (Hernes:1998) vist at målforma til mor har større tyding for den språkforma barna har enn den dialekten far snakkar.

4. 3. 6. Tid borte frå Bømlo

Eg synst det var viktig å registrera om informantane i periodar hadde budd borte frå Bømlo, fordi det er mogleg at informantar som har budd ei tid borte i frå heimstaden vil ha ei anna språkform enn dei som har budd der heile livet. Fordi personar som hadde budd borte frå Bømlo i meir enn ti år ikkje var aktuelle for granskinga mi, var det først og fremst korleis det å ha budd borte frå Bømlo mellom to og ti år kunne påverka språket til informantane mine.

4. 3. 7. Oppsummering

Dei makrososiale variablane kan kort oppsummerast slik:

1. Geografi: Moster og Bremnes.
2. Alder: 15-åringar fødte i 1985.

Vaksne fødte mellom 1962-1964.

3. Kjønn.
4. Foreldrebakgrunn: Begge foreldre frå samme bygd.
Begge foreldre frå ein annan stad.
Mor frå samme bygd og far frå ein annan stad.
Far frå samme bygd og mor frå ein annan stad.
5. Har informanten budd borte frå Bømlo?

4. 4. Haldningsvariablar

4. 4. 1. Innleiing

Dei seinare åra er ein blitt meir og meir opptadd av sosialpsykologiske forklaringsfaktorar innanfor sosiolingvistikken. Språkhaldningar og språket sin identitetsfunksjon har stått sentralt, jfr. t.d. forskinga til Tore Kristiansen i Danmark.³⁷ Eg er òg interessert i å registrera om det er noko samband mellom språkhaldningar og språkform hos mine informantar. Derfor utarbeida eg eit skjema med spørsmål som omhandla haldningar til dialektar generelt og eigen dialekt og heimstad. Spørsmåla var ei blanding av tvungne og opne svarkategoriar. Ofte var

det slik at dei først skulle kryssa av for rett svaralternativ for så å komma med ei meir fyldig utgreiing med eigne ord. Nedanfor kjem ein gjennomgang av haldningsvariablane.

4. 4. 2. Dialektrangering

Informantane blei bedne om å rangera sju gjevne dialektar på ein skala frå ein til sju, der dei skulle gje ein til den dei likte best, og sju til den dei likte dårlegast. Dei sju dialektane var fordelte mellom fem vestlandsdialektar (bømlamål, stordamål, haugesundmål, bergensmål og stavangermål) i tillegg til ein austlandsdialekt, representert ved oslomål, og ein nordnorsk dialekt, representert ved bodøsmål. Eg synst det var interessant å sjå korleis dei vurderer bømlamålet i forhold til andre dialektar. Etterpå blei dei bedne om å rangera dei samme

dialektane etter kva for ein dialekt dei synst passa best på fjernsyn. Dette synst eg var interessant å registrera, fordi det er ikkje sikkert at den dialekten ein likar best er den som ein likar å høyra på fjernsyn. Eg tenkte at eg på denne måten kunne sjå om det var ein tendens til at informantane meinte at einskilde dialektar ikkje passa like godt i alle samanhengar. Denne delen av spørjeskjemaet vil ikkje bli handsama kvantitativt.

4. 4. 3. Synst informantane dialekten deira er fin?

Informantane blei bedne om å oppgje om dei synst at sin eigen dialekt var fin. Svaralternativa var *ja*, *nei* og *veit ikkje*. Eg tenkte at det kunne vera ein samanheng mellom det å synast at sin eigen dialekt er fin, og det å snakka ei tradisjonell språkform, men i ettertid kom eg til å tenkja på at informantane kunne lika sin eigen dialekt nettopp fordi den ikkje var så tradisjonell. Eg synst likevel det er eit poeng å registrera kva innstilling informantane har til eige talemål.

4. 4. 4. Snakkar informantane alltid likt?

Informantane blei bedne om å oppgje om dei meinte at dei snakka på samme måten i alle situasjonar. Svaralternativa var *ja*, *nei* og *veit ikkje*. Dette er det sjølv sagt umogleg for informantane å gje eit 'korrekt' svar på, fordi endring og tilpassing av språket ofte er noko som skjer umedvite. Det var først og fremst intensjonen deira eg freista å registrera med dette spørsmålet. Dersom ein intenderer å snakka likt i alle samanhengar, tyder kanskje det at ein har ei positiv haldning til eige talemål. Dersom informantane oppgav at dei ikkje snakka likt i

³⁷ Sjå t.d. *Sproglige normidealer på Næstvedegnen. Kvanitative sprogholdningsstudier* (1991), *Language Attitudes in a Danish Cinema* i *Sociolinguistics. A Reader and Coursebook* (1997).

alle samanhengar, bad eg dei om å oppgje med eigne ord i kva samanhengar og korleis dei endra på språket sitt.

4. 4. 5. Hender det at informantane føler at dialekten deira ikkje passar inn?

Informantane blei bedne om å oppgje om det var situasjonar der dei følte at dialekten deira ikkje passa inn. Svaralternativa var her òg *ja*, *nei* og *veit ikkje*. På denne måten meinte eg at eg kunne registrera om informantane hadde positive eller negative haldningar til eige talemål. Tanken er at dei med positive haldningar til eige talemål, vil ha ei meir tradisjonell språkform enn dei med negative haldningar til dialekten. Dersom informantane oppgav at det var situasjonar der dei følte at dialekten deira ikkje passa inn, bad eg dei om å skriva med eigne ord i kva samanhengar og korfor dei får denne kjensla.

4. 4. 6. Finst det samanhengar der dialektar generelt ikkje passar inn?

Informantane blei bedne om å oppgje om det finst samanhengar der dei føler at dialektar generelt ikkje passar inn. Svaralternativa var dei samme som ved det førre spørsmålet. Tanken er at dersom ein har negative haldningar til dialektar generelt, vil ein òg ha negative haldningar til eigen dialekt, og dette får truleg konsekvensar for eiga språkform. Dersom informantane oppgav at det var situasjonar der dei følte at dialektar ikkje passa inn, bad eg dei om å skildra med eigne ord i kva samanhengar dette var.

4. 4. 7. Finst det ulike dialektar på Bømlo?

Informantane blei bedne om å ta stilling til denne påstanden: ”Det finst ulike dialektar på Bømlo”. Svaralternativa var *ja*, *delvis*, *nei* og *veit ikkje*. Sidan eit av hovudføremåla med denne avhandlinga er å registrera om det framleis er språkskilnader mellom Moster og Bremnes, tenkte eg at det var viktig å sjå om det var noko medvit om dette hos informantane mine. Det ville òg vera interessant å registrera om det er nokon aldersforskjell eller geografisk forskjell i materialet på dette punktet. Dette spørsmålet vil ikkje direkte bli tatt med i den språklege analysen, men vil bidra med viktig tilleggsinformasjon til analysen.

4. 4. 8. Snakkar dei samme dialekten på Moster og Bremnes?

Grunngjevinga for dette spørsmålet er den samme som grunngjevinga ovanfor. Er det noko medvit blant informantane mine om at det er forskjellar mellom talemålet på Bremnes og Moster? Svaralternativa var dei samme som ved det førre spørsmålet, og det vil òg bli

handsama på samme måte i analysen. Òg her vil det vera interessant å registrera om det er aldersforskjellar eller geografiske forskjellar i materialet.

Dersom informantane meinte at det er forskjellar mellom mostramål og bremnesmål, blei dei bedne om å skriva ned døme på dette. Grunnen til at eg bad dei om det, er at det kan vera interessant å registrera kva språklege former det er størst medvit om blant informantane mine.

4. 4. 9. Kva dialekt meiner informantane sjølve at dei snakkar?

Informantane blei bedne om å oppgje kva for ein av dei følgjande talemålsvarietetane dei sjølve meiner at dei snakkar: mostramål eller bremnesmål, (generelt) bømlamål eller noko anna (som dei i så fall blei bedne om å spesifisera). Det eg meiner å kunna registrera med dette spørsmålet, er om informantane har eit medvit om å snakka den eine eller den andre varieteten. Svara på dette spørsmålet kan tolkast som eit uttrykk for kva identitet informantane har. Det vil òg vera interessant å registrera om det er nokon samanheng mellom den oppfatninga informantane har om kva varietet dei sjølve snakkar og dei språkformene dei faktisk nyttar.

4. 4. 10. Identitet

Informantane blei bedne om å oppgje kvar dei har identiteten sin. Kjenner dei seg som mostringar/bremnesingar, bømlingar, sunnhordlendingar eller noko heilt anna? Eg synst at det vil vera interessant å registrera om det er nokon samanheng mellom den identiteten informantane har og dei språkformene dei nyttar. Eg tenkte at det kanskje ville vera slik at dei som har ein svært lokal identitet og som oppgjev at dei kjenner seg som mostringar eller bremnesingar eller eventuelt noko endå meir lokalt, òg ville vera dei som hadde dei mest tradisjonelle språkformene. Eller omvendt, at dei som har ein meir regional identitet vil ha ei meir moderne språkform.

4. 4. 11. Trivsel

Informantane blei bedne om å oppgje i kva grad dei trivst med å bu på Bømlo. Svaralternativa var *svært godt*, *nokså godt*, *sånn passe* eller *ikkje i det heile*. Tanken bak dette spørsmålet er at eg er interessert i å registrera om det er nokon samanheng mellom trivsel som uttrykk for haldning til heimstad, og språkform. Truleg er det slik at det å trivast godt på Bømlo er eit uttrykk for ei positiv haldning til heimstaden, noko som igjen kanskje vil medføra ei meir tradisjonell språkform. Som ved dei førre spørsmåla er det interessant å

registrera forskjellar knytte til alder og geografi. I tilknytning til dette, kan det vera interessant å dra inn teori om ulike personlegdomstypar.

4. 4. 12. Kan informantane tenkja seg å bu ein annan plass?

Informantane blei bedne om å oppgje om dei kunne tenkja seg å bu ein annan plass.

Svaralternativa var *ja*, *nei* og *veit ikkje*. Eg er interessert i å registrera om det er nokon samanheng mellom i kva grad informantane kan tenkja seg å bu ein annan plass og språkform. Eg tenkte at det kunne vera slik at dei som kan tenkja seg å bu ein annan plass ikkje har ei så positiv haldning til heimstaden, og at desse kanskje vil ha ei meir moderne språkform enn dei som ikkje kan tenkja seg å bu ein annan plass enn på Bømlo. Òg i samband med dette vil eg i analysen dra inn teori om ulike personlegdomstypar. Dei som svarte at dei kunne tenkja seg å bu ein annan plass, blei bedne om å oppgje om denne plassen skulle vera ein by, ein plass med samme storleik som Bømlo eller ein plass som er mindre enn Bømlo.

4. 4. 13. Oppsummering

Det er ikkje alle desse spørsmåla som eignar seg for kvantitativ analyse. Dette gjeld først og fremst rangeringa av dialektar, men òg der eg bed informantane om å utdjupa og komma med døme. Desse vil heller bli handsama kvalitativt og brukt som eit supplement til den kvantitative analysen. Desse spørsmåla vil heller ikkje direkte bli handsama som variablar og blir derfor ikkje tekne med i oppsummeringa av variablane.

Haldningsvariablane kan kort oppsummerast slik:

1. Synst informantane at dialekten deira er fin?
2. Snakkar informantane alltid likt?
3. Hender det at informantane føler at dialekten deira ikkje passar inn?
4. Finst det samanhengar der informantane føler at dialektar generelt ikkje passar inn?
5. Meiner informantane at det finst ulike dialektar på Bømlo?
6. Meiner informantane at dei snakkar forskjellige dialektar på Moster og Bremnes?
7. Kva dialekt meiner informantane sjølve at dei snakkar?
8. Kvar har informantane identiteten sin?
9. Trivst informantane med å bu på Bømlo?
10. Kunne informantane tenkt seg å bu ein annan plass?

5. TRANSKRIPSJON OG SØKJEMETODE

5. 1. Norsk talemålskorpus

Nordisk institutt ved Universitetet i Bergen har i samarbeid med Humanistisk informasjonsteknologi (HIT) dei siste par åra jobba med metodar for å utvikla eit digitalisert, søkbart talemålskorpus, som på sikt skal kunna dekkja flest mogleg norske dialektar. I følgje prosjektansvarleg, Gjert Kristoffersen ved Nordisk institutt, vil korpuset vera samansett av:

1. Eit digitalisert talemålsmateriale.
2. Eit søkbart tekstkorpus i form av ein transkripsjon av talemålsmateriale som inneheld tilstrekkeleg grammatisk informasjon til at ein raskt og effektivt kan identifisera alle passasjar i lydmateriale som inneheld realisasjonar av det grammatiske trekket ein ønskjer å granska.

Tekstkorpuset fungerer altså som eit søkjeverktøy i forhold til den lydlege realisasjonen av dei ulike strukturelle trekka som ein kan søkja etter i tekstkorpuset. I perioden mars 1999 til mars 2000 blei det jobba med å utvikla metodar som skulle gjera det mogleg å byggja opp dette digitaliserte, søkbare talemålskorpuset. Målet var i første omgang ikkje å byggja opp sjølve korpuset.

Eg begynte arbeidet med hovudfagsavhandlinga mi hausten 1999. Gjert Kristoffersen spurte meg då om å testa ut dei metodane dei då var komne fram til, i arbeidet med datamaterialet eg skulle samla inn. Dei hadde då i ein periode nytta ein del hovudfagsstudentar til å testa dette ut i forhold til tjue timar innspelt talemålsmateriale frå Bergen, men det var ingen som tidlegare hadde prøvt metoden i forhold til eige datamateriale. Eg samla alt datamaterialet mitt sjølv, og i tillegg deler eg språkbakgrunn med informantane mine. Det ville derfor vera interessant å sjå kor mykje tid eg ville bruka på transkripsjonen av materialet samanlikna med dei som hadde jobba med ukjent materiale. Eg gjennomførte datainnsamlinga i mars 2000 og kom derfor ikkje i gang med transkripsjonsarbeidet før sommaren 2000.

5. 2. Framgangsmåte ved og evaluering av transkripsjon og søkjemetode

5. 2. 1. Framgangsmåte ved transkripsjon

Fordi eg hadde nytta vanleg bandopptakar då eg samla inn det språklege datamaterialet mitt, blei eg først nøydd til å digitalisera dette. Deretter overførte eg desse lydfilene til cd-rom ved hjelp av ein cd-brennar. Så var det berre å setja i gong med transkripsjonen. I motsetnad til det som er vanleg ved tradisjonell transkripsjon av talemålsmateriale, skulle eg transkribera

ortografisk. Det vanlege er å transkribera talen ved hjelp av meir eller mindre detaljert lydskrift. Grunngevinga for ein ortografisk transkripsjon er at interessa i eit slikt materiale er knytt til korleis ulike sider ved fonologien og morfologien i språket blir realisert *lydleg*. Denne strukturen framgår ikkje av ein fonetisk transkripsjon, sidan den utelukkande er ein representasjon av lyden som fysisk manifestasjon. Dei ansvarlege for prosjektet trur at ein ortografisk transkripsjon, som i utgangspunktet allereie er konstruert slik at den speglar store delar av dei strukturelle eigenskapane ved språket, vil kunna danna grunnlaget for ei i stor grad automatisk konvertering til ein fonologisk og ein morfologisk representasjon. I tillegg kjem at ein ortografisk transkripsjon er den absolutt mest effektive og dermed mest kostnadssparande måten å transkribera på.

Fordi transkripsjonen skulle danna grunnlaget for å laga eit raskt og effektivt søkjeverktøy som skal kunna identifisera dei passasjar i lydmaterialiet som inneheld realisasjonar av dei fonologiske og morfologiske trekka som ein ønskjer å granska, i tillegg til at dette på sikt skal koplust til eit større talemålskorpus som skal dekkja flest mogleg norske dialektar, var det viktig å følgja eit sett med fastlagde reglar for korleis den ortografiske transkripsjonen skulle gjennomførast. Detaljane i desse reglane ser eg det ikkje som føremålstenleg å gjera greie for her, men eg vil nemna at transkripsjonen skal gjerast i den såkalla hypernormalen nynorsk-bokmål. Denne hypernormalen kan sjåast som ei kryssing mellom bokmål og nynorsk, der ein vel kva form som skal nyttast ut i frå dialektgrunnlaget. På bakgrunn av den dialekten som skal transkriberast, må ein etter skjønn avgjera om grunnlaget for transkripsjonen skal vera nynorsk eller bokmål. Eg ser det som rimeleg naturleg at ein transkripsjon av bømlamålet hovudsakleg bør gjerast på nynorsk, men det er klart at ein del ord og former i dialekten er likare bokmålsnormalen. Transkripsjonsrettleiinga seier klart at ein skal nytta dei formene som passar best med uttalen i målføret, sjølv om dette medfører at ein gjer bruk av ord både i frå nynorsknormalen og bokmålsnormalen. Målet er ikkje ein mest mogleg lesarvennleg tekst, men ein tekst som best mogleg representerer den grammatiske strukturen i talemålsmaterialiet. Bøyingsverket skal likevel følgja normalen i den målforma ein har valt som grunnlag.³⁸

Under transkripsjonen spelte eg av cd-ane ved hjelp av avspjelingsprogrammet VoiceWalker, som eg lasta ned frå Internett. Dette gjorde det mogleg med ei stegvis gjennomspeling av opptaka med automatiske repetisjonar, slik at eg utan avbrot kunne transkribera talen. Eg hadde ca. 18 timar med talemålsmateriale, og brukte 157 timar på

³⁸ Sjø <http://linux2.hit.uib.no/talemaalskorpus/Transkripsjonsveiledning.htm> for transkripsjonsrettleiing.

transkripsjonen. Dette utgjør i underkant av ni timar med transkripsjon per time med opptak.

5. 2. 2. Evaluering av transkripsjon

Det å transkribere eige materiale viste seg å vera ein stor fordel. I følge Gjert Kristoffersen, halverte eg transkripsjonstida i forhold til dei som hadde transkribert ukjent materiale. Dei hadde i gjennomsnitt brukt tjue timar med transkripsjon per time med opptak, medan eg altså brukte om lag ni timar på det samme. Eg tenkjer meg at hovudårsaka til dette er at eg deler språkbakgrunn med informantane mine. Det er lettare å høyra kva folk seier når dei snakkar den samme dialekten som ein sjølv. Den erfaringa har vel dei fleste gjort. Men nesten like viktig var det at eg gjorde intervjuane mine sjølv, slik at eg på ein måte ”hugsa” kva informantane sa. Det at eg på førehand visste kva dei snakka om, gjorde det lettare å høyra kva dei sa. Det framstod på mange måtar som kjent informasjon for meg.

Ortografisk transkripsjon verka òg å vera ein god ide. Eg valte nynorsknormalen som grunnlag for transkripsjonen, men eg nytta former frå bokmålsnormalen der det passa betre, til dømes for ein del -het-ord. Dette fungerte svært fint. Dersom det var ord i talemålet som eg ikkje kunne finna verken innanfor nynorsknormalen eller innanfor bokmålsnormalen, normerte eg dei sjølve og markerte det. Dette fungerte òg tilfredsstillande. Eg har ikkje noko særleg erfaring med fonetisk transkripsjon av store mengder tekst, men det seier seg nesten sjølv at det ville ha tatt mykje lenger tid. Så lenge ortografisk transkripsjon er vel så funksjonelt i forhold til siktemålet med transkripsjonen, noko som eg meiner er tilfelle her, framstår det som det beste alternativet.

5. 2. 3. Kopling mellom transkripsjon og digitalisert lyd til eit søkbart korpus

Då eg var ferdig med transkriberinga, overførte eg teksten til diskettar. Deretter overleverte eg desse og cd-ane med lydfilene til HIT-senteret, som skulle klargjera alt for søk. På HIT-senteret kopla dei transkripsjonen til lydfilene, slik at det eksisterer eit samband mellom transkripsjonen og lyden som gjer det mogleg å gå direkte frå dei ulike orda og formene i transkripsjonen til lyden. Teksten og lydfilene, som no utgjorde eit *korpuselement*, blei òg sende til Tekstlaboratoriet ved Universitetet i Oslo, der dei blei morfologisk tagga for ordklasse og bøyingsform. Korpuselementet blei så lagt ut på Internett, og var dermed klart for at eg kunne gå inn og søkja på dei ulike fonologiske og morfologiske trekka i teksten og spela dei av for avlytting og klassifisering.

5. 2. 4. Framgangsmåte ved søk

Korpuselementet er organisert slik at ein kan dela søka opp etter kjønn, aldersgruppe, geografi eller kvar einskild informant. Det er òg mogleg å gjera søk samla på alle informantane. Til mitt føremål passa det best å føreta søk på kvar informant, slik at eg lytta på og registrerte dei fonologiske og morfologiske trekka eg var ute etter å granska, for ein informant om gongen. Eg kunne enten gjera morfologiske søk etter ordklasse og form eller fonologiske søk på den måten at eg tasta inn det fonologiske trekket eller sambandet og oppgav om dette skulle utgjera heile ordet eller ein del av ordet, og om sambandet skulle vera i byrjinga eller slutten av ordet. Eg fekk så oppgitt alle førekomstane i teksten og kunne så lytta på kvar form ved å 'klikka' på ordet i teksten. Dersom eg til dømes ønskte å registrera kva variant ein informant nytta for presens av *komma* inf., søkte eg på *kjem* som heilt ord, og kunne få fram desse belegga:

I fjor kom eg, i år-. <JM5> **Kjem** eg. <I>I går grov eg, i dag-.
jo folk me-, i Håvik då, og dei **kjem** her til. <JM4> Ja, me-, me har kontakt med
der. Jada. <JM5> Oi, dette **kjem** jo på kassett. Okay. Dette er tau.
Ja. Men viss det går bussar, så **kjem** sikkert til å gå-, ganske mykje over der,
du. Men eg veit ikkje eg. Visst det **kjem** så blir det jo kjekt. Ny kino og basseng og
Har ikkje peiling eg. Nei, thaidama **kjem** til å bli der ho. <JM4> Eller ho kjem til å
om det? <JM5> Skal vedde på det aldri **kjem**. <JM4> Eg har høyrte om det, men eg har ikkje

Eg kunne så klikka på orda med muspeikaren og høyra om informanten sa
/ç̥e:m̥/ eller /k̥om̥/.

5. 2. 5. Evaluering av søkjemetode

Søkjemetoden var i det store og heile svært brukarvennleg. Det gjekk greitt å tasta inn dei morfologiske formene eller fonologiske sambanda eg var ute etter, og dei fleste av 'svara' eg fekk var relevante i forhold til søket. Det var nokre irrelevante former som dukka opp, særleg når det gjaldt dei morfologiske søka, men dette utgjorde ikkje noko stort problem, då eg raskt kunne avgjera kva som var relevant for meg. Når det gjeld søk på fonologiske trekk, kunne det av og til vera ønskjeleg å avgrensa søka meir enn det som no er mogleg. Grunnen til det er at i nokre tilfelle fekk eg veldig mange svar, og det gjorde at det tok svært lang tid å leita seg gjennom alle førekomstane for å plukka ut dei eg var interessert i å lytta på. Til dømes når det gjeld palatalisering av /k/ i innlyd, hadde det for eksempel vore greitt dersom det hadde vore mogleg å reservera seg mot dei formene ein ikkje er interessert i, som i mitt tilfelle

gjaldt *ikkje* adv. og *mykje* adj. Irrelevante former vil særleg utgjera eit problem dersom ein ønskjer å føreta samla søk på alle informantane. Talet på førekomstar vil då bli enormt, og det å leita seg gjennom dei vil vera svært tidkrevjande.

Ein annan ting som eg sakna, var høve til å merkja dei førekomstane eg lytta på og klassifiserte, slik at eg lett kunne gå tilbake til dei samme dersom eg trong lytta på dei igjen. Det hadde vore ein stor fordel dersom programmet sjølv automatisk merkte desse på ein eller annan måte.

5. 2. 6. Samla vurdering

Fordi eg sjølv aldri har transkribert eit stort materiale fonetisk og heller ikkje lytta meg gjennom eit materiale for å registrera og klassifisera former, er det litt problematisk for meg å avgjera kor tidsparande den metoden eg har gjort bruk av er i forhold til den tradisjonelle måten å gjera det på. Eg må likevel gjera eit forsøk, og utifrå det som andre har fortalt meg om den tradisjonelle måten å ekserpera og klassifisera på, er det inga tvil om at denne metoden kan utgjera ei forbetring. No har det vore litt problematisk for meg at det har vore ein del ventetid. Det å levera i frå seg materialet for kopling mellom teksten og lyden, fører til at ein er meir avhengig av andre for å få gjennomført eit prosjekt, og det kan til tider kjennast litt frustrerande. Eg trur at dersom dette skal vera ein metode som mange skal kunna gjera bruk av ved framtidige prosjekt, er det viktig å fokusera på å få unnagjort koplinga mellom transkripsjon og tekst så fort som mogleg. Særleg med tanke på andre hovudfagsprosjekt, ser eg det som problematisk at dette skal ta så lang tid. Ein har jo ei avgrensa mengde med tid til eit slikt prosjekt, og mange slit med å bli ferdige tidsnok. Det er jo òg slik at det å gå ut over normert tid har økonomiske konsekvensar for dei fleste hovudfagsstudentar. Eg reknar likevel med at sidan eg har deltatt i ein prøveperiode, så har dette av naturlege årsaker tatt lengre tid enn det som vil vera tilfelle når ein har forsert fleire skjær og lært av erfaring.

Sjølve transkripsjonen og søkjemetoden verkar på meg å vera ei stor forbetring. Først og fremst med omsyn til effektivitet og kostnadssparing (her føreset eg at ein klarer å effektivisera koplingsprosessen mellom transkripsjon og lyd), men òg med omsyn til føremålet med eit innsamla talemålsmateriale. Ein er jo ute etter å få ekserpert og klassifisert dei språklege variablane ein er interessert i å granska, og i forhold til det målet verkar metoden å vera svært tilfredsstillande. Eg tenkjer meg at det ville vera mykje lettare å overhøyra viktige belegg dersom eg måtte lytta meg gjennom heile materialet svært mange

gongar for å få ekserpert dei belegga eg var ute etter. Dessutan er jo målsetjinga om eit stort norsk talemålskorpus viktig i seg sjølv.

6. STATISTISK ANALYSE OG HYPOTESAR

6. 1. Statistisk analyse

6. 1. 1. Grunnpremissar

Før eg sette i gong med den statistiske analysen av datamaterialet, valte eg å formulera nokre hypotesar med omsyn til kva eg forventa å finna. Når ein vel å analysera eit materiale ved hjelp av statistisk hypotesetesting, er det vanleg å først setja opp ein *nullhypotese*, der ein legg til grunn at det ikkje er nokon forskjell mellom verdiane til dei gruppene ein granskar (Butler 1985:69). Som ein kontrast til nullhypotesen, set forskaren så opp ein *alternativ hypotese*, som, i motsetnad til nullhypotesen, legg til grunn at det *er* ein forskjell mellom verdiane til dei to gruppene. Hypotesetestinga går så ut på å samla nok bevis til å forkasta nullhypotesen og dermed godta den alternative hypotesen. Butler (1985:70) påpeikar at det likevel er svært viktig at ein er klar over at ein aldri kan få heilt sikker kunnskap om at det er rett å forkasta nullhypotesen. Det er alltid eit visst *sannsyn (probability, p)* for at resultata ein er kommen fram til er tilfeldige. For å sikra at sannsynet for dette er minst mogleg, tar ein i bruk *signifikanstesting*. Signifikanstestar er statistiske testar som reknar ut kor sannsynleg det er at dei resultata ein har komme fram til kjem av tilfeldige variasjonar i materialet. Sannsynet er altså eit mål på kor sannsynleg det er at nullhypotesen blir forkasta utan grunn. Sjølv om det finst visse konvensjonar rundt val av *signifikansgrenser*, er det likevel slik at kva signifikansnivå ein til slutt vel å operera med på mange måtar blir eit subjektivt val. Ein står alltid i fare for å velja både for milde og for strenge signifikansgrenser. Ein kan enten forkasta nullhypotesen når den faktisk er sann (type-1-feil), eller ein kan godta nullhypotesen når den faktisk ikkje er sann (type-2-feil). Sannsynet for å gjera den første feilen er lik signifikansnivået: jo strengare signifikansnivå, dess mindre sjanse er det for at ein gjer type-1-feil. Sannsynet for å gjera type-2-feil derimot, aukar med streng signifikansgrense: jo strengare signifikansgrensa er, dess større blir sannsynet for at ein grunnlaust godtar nullhypotesen. Dei vanlegaste signifikansgrensene er eit kompromiss mellom dei to typane av moglege feil (Butler 1985:72).

Innanfor språkforskning er det vanleg å operera med eit signifikansnivå på 0,05. Det vil seia at ein godtar eit sannsyn på fem prosent for at ein grunnlaust har forkasta nullhypotesen. Med andre ord vil det seia at kvart tjuande testresultat, kan vera eit tilfeldig resultat. Eg har i samband med granskinga mi kjørt relativt mange testar på datamaterialet, og dersom eg vel å

operera med ei signifikansgrense på 0,05, risikerer eg at fleire av resultatane vil vera eit resultat av tilfeldige variasjonar i utvalet. Derfor har eg valt å korrigera denne signifikansgrensa ved hjelp av ein metode som blir kalla Bonferroni-metoden.³⁹ Dette er ein metode, som på bakgrunn av kor mange testar ein kjører på datamaterialet, reknar ut kvar ein faktisk bør setja signifikansnivået for at det i realiteten skal utgjera den signifikansgrensa ein har valt å operera med; i mitt tilfelle 0,05. Dersom ein kjører meir enn ein test på materialet, bør ein justera signifikansgrensa ned. Med andre ord må grensa setjast lågare for at ikkje meir enn ein av tjue signifikante skilnader skal vera resultat av tilfeldig variasjon i materialet. Eg har valt å justera ned signifikansgrensa, fordi det vil gje dei signifikante resultatane større tyngde og fokus. Etter Bonferroni-korrigerings av signifikansgrensa, kom eg fram til at resultatane måtte ha eit probabilitetsnivå på 0,0007 for at eg skulle kunna rekna forskjellen som signifikant. Ein skal likevel vera merksam på at sjølv om ein skilnad viser eit probabilitetsnivå på $p < 0,0007$, er det likevel 5 % sjanse for at dette er eit resultat av tilfeldig variasjon i materialet. Eg kjem berre til å gjera bruk av signifikantesting med omsyn til dei skilnadene i materialet som skriv seg frå aldersmessig og geografisk variasjon. Dette er fordi hovudsiktemålet med avhandlinga er å kartleggja språkleg endring. Korleis dei andre sosiale faktorane verkar inn på det språklege, vil derfor berre bli skildra som tendensar.

Når ein formulerer dei alternative hypotesane, må ein ta stilling til om dei skal vera *retningsnøytrale* eller *retningsbestemte*. I følgje Butler (1985:72), er ein retningsnøytral hypotese ein hypotese som ikkje seier noko om kva retning den venta skilnaden går i. Ein ventar at det *er* ein skilnad mellom verdiane til gruppene ein granskar, men ein seier ingenting om kven ein ventar har høgare verdiar. Dersom ein ikkje har nokon grunn (veletablert teori e.l.) til å hevda resultat som går i den eine eller andre retninga, bør hypotesen, i følgje Butler (1985:74), formulerast retningsnøytralt. Ein retningsbestemt hypotese er, i følgje Butler (1985:72), ein hypotese som hevdar at den eine gruppa har høgare verdiar enn den andre. Dersom ein kan basera seg på veletablert teori som peikar i ein bestemt retning, kan ein formulera hypotesen retningsbestemt (Butler 1985:73).

6. 1. 2. Operasjonalisering av hypotesetestinga

Når eg tok til med testinga av hypotesane, valde eg ein framgangsmåte der eg fann den prosentvise fordelinga av moderne og tradisjonelle former for kvar språkleg variabel. Eg testa kvar av dei språklege variablane opp mot dei ulike sosiale faktorane for å sjå kor mange av

³⁹ For informasjon om Bonferroni-korreksjon sjå <http://home.clara.net/sisa/bonhlp.htm>

dei som støtta opp under den overordna hypotesen. Bak kvar overordna hypotese ligg det altså ei testing av 27 underliggjande hypotesar, dvs. ein test for kvar språkleg variabel. Denne modellen henta eg frå Ragnhild Haugen (1998). Ho hadde gått fram på denne måten i arbeidet med hovudfagsavhandlinga si. Ved denne framgangsmåten får alle dei språklege variablane lik vekting utan omsyn til kor frekvente dei er i talemålet. Eg vil sjå kvart signifikant resultat som ei sjølvstendig stadfesting av hypotesen i forhold til den språklege variabelen det gjeld, men det er sjølvstendig slik at jo fleire signifikante resultat eg får i favør av den alternative hypotesen, jo sterkare står hypotesen. Der eg ikkje signifikantestastar vil hypotesen sjølvstendig stå sterkare jo fleire resultat som viser ein tendens som støttar opp om hypotesen.

6. 1. 3. Statistikkprogram

Som statistisk hjelpemiddel har eg nytta NSDstatPro, versjon 1. 1. 3. Dette er statistikkprogrammet til Norsk Samfunnsvitskapleg Datateneste ved Universitetet i Bergen. Alt etter kva type variablar ein har, kan ein velja ulike statistiske testar som programmet utfører på datamaterialet. Programmet hjelper til med å systematisera, henta fram og presentera datamaterialet slik at ein får klart fram dei viktigaste tendensane. Programmet utfører òg signifikantesting.

6. 2. Presentasjon av hypotesar

6. 2. 1. Innleiing

Formuleringa av hypotesane er basert på gjennomgangen og drøftinga av dei språklege og sosiale variablane ovanfor. Dei fleste hypotesane er enkle og ser på samanhengen mellom det språklege og *ein* sosial variabel. Andre vil representera ei kopling mellom fleire sosiale variablar. Det er òg ei gruppe med hypotesar som ser på samanhengen mellom dei språklege formene og andre innomspråklege faktorar. Basert på tidlegare granskingar og den kjennskapen eg har til talemålet, vil nokre av hypotesane vera retningsnøytrale, medan andre vil bli formulerte retningsbestemt (jfr. avsnittet om statistisk hypotesetesting ovanfor) .

6. 2. 2. Språk – alder

Hovudsiktemålet med granskinga mi er å gjera greie for den språklege endringa på Bømlo. Det er òg slik at så godt som alle sosiolingvistiske granskingar, der alder har vore rekna som ein sosial faktor, har vist at det er samheng mellom alder og språkbruk. Det er mest logisk

å tenkja seg at dei yngste vil ha ein høgare modernitetsprosent enn dei eldste. Derfor vil denne hypotesen bli formulert retningsbestemt:

H1: *Det er eit samsvar mellom låg alder og høg modernitetsprosent.*

6. 2. 3. Språk – alder – geografi

Det geografiske aspektet står òg sentralt i denne avhandlinga, og ei kopling mellom alder og geografi er derfor naturleg. Det er eit viktig delføremål med granskinga å avdekkja om det framleis finst geografiske målskilnader på Bømlo, her representert ved mostramålet og bremnesmålet. Sidan Stokka (1982) konkluderte med at bremnesmålet var eit særleg tradisjonelt mål i forhold til mostramålet, tar eg utgangspunkt i at det framleis er tilfelle for dei vaksne informantane mine og formulerer hypotesen retningsbestemt. Når det gjeld den yngste aldersgruppa, reknar eg med at nullhypotesen vil bli stadfesta.

H2a: *Med omsyn til dei vaksne, vil dei frå Bremnes sokn ha ein lågare modernitetsprosent enn dei frå Moster sokn.*

H2b: *Dei unge vil ikkje visa ein samanheng mellom geografi og språkbruk.*

6. 2. 4. Språk – kjønn

Dei aller fleste sosiolingvistiske granskingar har vist at det er ein samanheng mellom kjønn og språkbruk. Men sjølv om langt dei fleste òg har vist at kvinner har ein meir standardisert tale enn menn, er dette likevel ikkje så allmenngyldig. Dessutan finst det granskingar som er gjorde her i landet som indikerer at kjønn ikkje er like viktig som sosial variabel i språklege granskingar her som i utlandet. Hypotesen min vil derfor vera retningsnøytral.

H3: *Det er ein samanheng mellom kjønn og språkbruk.*

6. 2. 5. Språk – foreldrebakgrunn

Det er rimeleg å tru at foreldra sitt talemålet har noko å seia for utviklinga av talemålet til barna. Dei fleste trur òg at mor sitt talemål er viktigare enn far sin språkbakgrunn. Hypotesen vil bli testa retningsbestemt. Fordi det i denne samanhengen er lite truleg at det vil utgjera nokon stor forskjell å ha foreldre i frå eit anna sokn på Bømlo enn det ein sjølv er oppvaksen i, vil eg her rekna Bømlo som eitt område i motsetnad til stader utanfor Bømlo kommune.

H4: *Dei som har begge foreldre eller berre mor frå Bømlo har lågare modernitetsprosent enn dei som har berre far eller ingen av foreldra frå Bømlo.*

6. 2. 6. Språk – tid borte frå Bømlo

Det er rimeleg å tru at det å ha budd borte frå Bømlo i ein periode har noko å seia for talemålet. Kanskje er det òg rimeleg å rekna med at det å ha budd borte frå Bømlo vil medføra ei standardisering/normalisering av talemålet. Men det å ha budd borte i ein periode, har nok ofte ein samanheng med utdanning, og fleire granskingar har vist at personar med høgare utdanning ofte er tryggare på talemålet sitt enn dei som har mindre utdanning. I følge Ragnhild Haugen (1998:79), er det å ha budd borte for så å komma heim igjen ein variabel utan sterk empiri i sosiolingvistikken. Ho fann heller ikkje noko som stadfesta ein klar samanheng mellom det å ha budd borte nokre år og språkbruk (1998:106). Hypotesen vil derfor bli testa retningsnøytralt.

H5: *Det er ein skilnad mellom dei som har budd borte frå Bømlo og andre når det gjeld modernitetsprosent.*

6. 2. 7. Språk – innomspråklege faktorar

For nokre av dei lingvistiske variablane synst eg det er interessant å sjå om det er nokon samanheng mellom den forma variabelen får og andre innomspråklege faktorar. Alt etter kor sterk samanheng eg trur det er, vil hypotesane bli testa retningsnøytralt eller retningsbestemt.

H6a: *Relatert til språkleg variabel 2: Verbet 'å komma' kan få ulik realisering i presens alt etter kva tyding det har i samanhengen. Eg trur det oftare blir realisert som /kɔmɛ/ i uttrykket 'kjem til å', som uttrykkjer futurum, enn i andre samanhengar der verbet får eit fastare innhald. I uttrykket 'kjem til å' er verbet nærmast innhaldslaust.*

H6b: *Relatert til språklege variablar 4 og 8: Det er ein forskjell mellom formene med norrønt opphav og dei andre med omsyn til modernitetsprosent.*

H6c: *Relatert til språklege variablar 17 og 19: Det er ein forskjell mellom substantiv og verb med omsyn til modernitetsprosent.*

H6d: *Relatert til språklege variablar 20 og 23: Det verkar som om det eksisterer eit samband mellom fenomenet vokallenging og differensiasjon av norrøn 'rn'. Dersom ein går bort frå lenginga, verkar det som om ein restituerer /ɾn/, eller omvendt, dersom ein restituerer /ɾn/, går ein bort frå lenginga.*

6. 2. 8. Språk – haldningsvariablar

Det er rimeleg å tru at det er ein samanheng mellom haldning og identitet og språkbruk. På bakgrunn av dette har eg formulert desse hypotesane:

H7a: *Det er ein samanheng mellom haldning til dialektar og språkform.*

H7b: *Det er ein samanheng mellom haldning til heimstad og språkform.*

H7c: *Det er ein samanheng mellom grad av lokalidentitet og språkform.*

7. ANALYSE

Analysen er delt inn i tre delar. Sidan granskinga fokuserer på språkleg endring, vil det først komma ein gjennomgang av resultatata i forhold til aldersvariasjonen og den geografiske variasjonen. I samband med dette testar eg for statistisk signifikans. I del to blir resultatata i forhold til dei andre makrososiale faktorane presenterte, medan del tre inneheld resultatata i forhold til haldningsfaktorane. I samband med dei to siste delane nyttar eg ikkje signifikanstesting, og resultatata blir berre presenterte som tendensar.

7. 1. Resultat i forhold til alder og geografi

7. 1. 1. Innleiing

I denne delen av analysen vil eg først gå gjennom alle dei språklege variablane for å sjå kva for nokre av dei som ser ut til å vera i endring. Eg vil òg komma inn på faktorar som kan ha påverka endringane. Deretter viser eg korleis resultatata stiller seg i forhold til hypotesane som er formulerte med omsyn til aldersvariasjonen og den geografiske variasjonen. Undervegs vil eg peika på relevant teori og dra inn kjennskapen min til dei lokale tilhøva og freista å forstå resultatata i lys av dette.

I kvar tabell oppgjev eg prosentsatsen for dei moderne formene og probabilitetsnivået (p). Dei resultatata som er statistisk signifikante, vil bli merkte med *. Som det blei gjort greie for ovanfor, vil ikkje eit resultat bli rekna som signifikant på 0,05-nivå før probabilitetsnivået er $p < 0,0007$. Dette er på grunn av Bonferroni-korreksjonen. Når $p=0,0000$ tyder det at probabilitetsnivået er så lågt at det ikkje kjem fram ved hjelp av fire desimalar. Probabilitetsnivået er med andre ord lågare enn 0,0001.

7. 1. 2. Fokus på potensiell språkleg endring

Denne avhandlinga fokuserer på språkleg endring. Eg vil no gå gjennom resultatata i tilknytning til alle dei språklege variablane, med tanke på å visa kva språktrekk som verkar å vera i endring. Det vil seia at eg for kvar språkleg variabel samanliknar verdiane til dei unge med dei vaksne sine verdiar.

Det blir oppgjeve kor mange belegg som er registrerte for kvar variabel. Med omsyn til dei språklege variablane som viste seg å ha svært mange belegg i materialet, stoppa eg

registreringa ved tretti belegg per informant. I oppsummeringa av resultatata vil eg òg nemna korleis materialet stiller seg i forhold til hypotesegruppe 6.

	Dei unge	Dei vaksne	Signifikansnivå	Tal på belegg
V1: Presens av svake verb i a-kl.	41,51	1,45	*p=0,0000	616
V2: Presens av sterke i-omlydsverb	22,44	13,83	p=0,2445	493
V3: Assimilasjon av <i>ld</i> i ordslutt	87,50	90,89	p=0,7745	85
V4: Assimilasjon av <i>ld</i> i innlyd	72,91	61,41	p=0,2707	306
V5: Assimilasjon av <i>mb</i> i ordslutt	87,50	41,67	p=0,0020	49
V6: Assimilasjon av <i>mb</i> i innlyd	85,71	-	-	7
V7: Assimilasjon av <i>nd</i> i ordslutt	35,80	78,76	*p=0,0000	273
V8: Assimilasjon av <i>nd</i> i innlyd	37,91	35,79	p=0,7222	743
V9: Assimilasjon av <i>ng</i> i ordslutt	99,31	88,53	*p=0,0000	541
V10: Assimilasjon av <i>ng</i> i innlyd	96,88	61,11	*p=0,0000	809
V11: Palatalisering av <i>k</i> i innlyd	96,08	29,91	*p=0,0000	459
V12: Palatalisering av <i>g</i> i innlyd	93,65	24,73	*p=0,0000	761
V13: Palatalisering av <i>sk</i> i innlyd	100	10,37	*p=0,0000	71
V14: Differensiasjon av <i>rn</i> i ordslutt	62,20	20,45	p=0,0080	76
V15: Differensiasjon av <i>rn</i> i innlyd	59,97	9,23	*p=0,0000	273
V16: Segmentasjon av <i>ll</i> i ordslutt	98,82	100	p=0,7421	51
V17: Segmentasjon av <i>ll</i> i innlyd	84,38	20,21	*p=0,0000	367
V18: Segmentasjon av <i>nn</i> i ordslutt	92,59	-	-	20
V19: Segmentasjon av <i>nn</i> i innlyd	96,03	95,68	p=0,9439	208
V20: Lenging av /ɑ:,ø:/ føre /dŋ/	58,41	29,55	p=0,0871	60
V21: Lenging av /ɑ:/ føre /gŋ/	-	-	-	-
V22: Lenging av /e, ɔ, u/ føre /dʎ/	100	-	-	22
V23: Lenging av /ɔ/ føre /dŋ/	100	-	-	23
V24: Lenging av /e, ø, ɔ/ føre /gŋ/	100	100	-	42
V25: Lenging av /u/ føre /gʎ/	94,44	100	p=0,7599	17
V26: Uttale av kort <i>y</i> som [ɣ] el. [u]	33,66	10,13	p=0,0031	570
V27: Uttale av kort <i>y(ø)</i> som [ɣ],[u]el.[œ]	19,60	4,44	*p=0,0000	1012

Tabell 1: Gjennomsnittleg modernitetsprosent i forhold til alder.

Fordi det manglar belegg på variabel 21, vil denne naturleg nok ikkje bli nemnt i drøftinga.

7. 1. 2. 1. Oppsummering av språklege resultat i forhold til alder

Som ein såg av tabell 1, er det ti av dei språklege variablane som viser signifikante skilnader mellom aldersgruppene, og når det gjeld ni av desse viser materialet signifikant korrelasjon mellom låg alder og høg modernitetsprosent. Desse ni er:

Variabel 1: Presens av svake verb i a-klassa.

Variabel 9: Assimilasjon av *ng* i ordslutt.

Variabel 10: Assimilasjon av *ng* i innlyd.

Variabel 11: Palatalisering av *k* i innlyd.

Variabel 12: Palatalisering av *g* i innlyd.

Variabel 13: Palatalisering av *sk* i innlyd.

Variabel 15: Differensiasjon av *rn* i innlyd.

Variabel 17: Segmentasjon av *ll* i innlyd.

Variabel 27: Uttale av kort *y* (\emptyset) av norr. *y* som [ʏ], [œ] eller [u].

Med omsyn til desse ni trekka verkar bømlamålet altså klart å vera i endring. Ser ein på dei resultata som ikkje viste signifikante forskjellar, ser ein at med omsyn til åtte har dei unge høgast modernitetsprosent, tre går mot denne tendensen, eitt viser at dei unge og dei vaksne har lik modernitetsprosent og fire språklege variablar manglar dei vaksne belegg på. Når det gjeld fleire av dei variablane som ikkje viste signifikant skilnad mellom aldersgruppene, var det ei overvekt av moderne former i materialet. To av dei resultata som går i mot hypotesen (v3 og v16), har det til felles at det er svært liten forskjell mellom aldersgruppene, og begge aldersgruppene har gjennomgåande svært høg modernitetsprosent. Dette siste kan tyda på at endringa av desse trekka er i ferd med å fullførast. Det samme gjeld den språklege variabelen (v24) der dei unge og dei vaksne hadde lik modernitetsprosent. Når det gjeld denne har eg i begge aldersgruppene berre registrert moderne former. Med omsyn til to av dei variablane som dei vaksne mangla belegg på (v22 og v23), er det slik at det berre er registrert moderne former i talemålet til dei unge. Når det gjeld variabel 25 er det òg slik at dei vaksne har høgare modernitetsprosent enn dei unge. Sidan dette ikkje er eit signifikant resultat, og det dessutan er svært få belegg på denne variabelen (17), er dette eit resultat som eg ikkje festar stor lit til. Det skal nemnast at det var ingen av variablane som berre hadde belegg på tradisjonelle former.

Den første variabelen, ending i presens av svake verb i a-klassa, ser klart ut til å vera midt i ein endringsprosess. Dei vaksne gjer så godt som ikkje bruk av e-ending, medan dei unge har e-ending i over førti prosent av tilfella. Dette var noko som Stokka (1982) ikkje observerte i det heile for tjuetre⁴⁰ år sidan, men det ser likevel ut til langt på veg å vera ein etablert variant i språket til dei unge i dag. Ein skal merkja seg at e-ending i nokre få høve er registrert hos dei vaksne òg, sjølv om det verkar å vera uvanleg.

Presens av sterke verb som tradisjonelt har fått i-omlyd, viser, i motsetnad til dei svake a-verba, ikkje signifikant skilnad mellom aldersgruppene. Det er òg slik at dei tradisjonelle formene med i-omlyd er i fleirtal i materialet. Ein ser at presens utan i-omlyd er representert i språket til både unge og vaksne, men likevel i større grad i språket til dei unge.

⁴⁰ Stokka gjennomførte datainnsamlinga si i 1978.

Stokka (1982:401) nemner at han observerte presens av *komma* inf. som /kɔmɛ/ i staden for /çɛ:mɛ/ i eit par tilfelle blant dei unge på Rubbestadneset og på Espevær, men han nemner det ikkje i samband med Moster og sentralområdet i Bremnes sokn. Det verkar altså som om dette trekket har endra seg dei siste tjue åra i språket til begge aldersgruppene. I relasjon til hypotesegruppe 6, kan det nemnast /kɔmɛ/ verkar å stå litt sterkare i uttrykket 'kjem til å' enn i andre samanhengar, men forskjellen er i materialet mitt ikkje særleg stor. I dette uttrykket utgjer uttale utan i-omlyd 28,17 % av belegga, medan /kɔmɛ/ utgjer 21,67 % i andre samanhengar. Desse prosentane er rekna ut for aldersgruppene samla. Det er registrert 274 belegg på verbet *å komma* inf. i datamaterialet. Det er ikkje utført signifikanstesting på denne skilnaden.

Med omsyn til dei fonologiske trekka eg granska, viser materialet mange signifikante skilnader. La oss først sjå på assimilasjon av tradisjonelle konsonantsamband. Assimilering av *ld* til /l/ viser, verken i ordslutt eller i innlyd, signifikante skilnader mellom dei unge og dei vaksne, men materialet viser at når det gjeld begge aldersgruppene, er assimileringa kommen lenger i ordslutt enn i innlyd. I ordslutt verkar assimileringa å vera på veg mot fullføring, men òg i innlyd har informantane assimilert uttale i godt over halvparten av belegga. I relasjon til hypotesegruppe 6, kan ein seia at i innlyd verkar assimilerte former å stå ein del svakare i ord der dette konsonantsambandet er opphavleg. Her utgjer dei moderne, assimilerte formene 60,51 %. I ord der konsonantsambandet har eit seinare opphav utgjer dei assimilerte formene 73,83 % av belegga. Dette er ord som til dømes /snɪldɛ/ *snill* adj. eller /vɪldɛ/ preteritum av *villa* inf. Desse prosentane er rekna ut for begge aldersgruppene samla. Det er ikkje utført signifikanstesting på denne skilnaden.

Assimilering av *mb* til /m/ viser i ordslutt relativt stor skilnad mellom dei unge og dei vaksne. Ungdommane har klart høgast modernitetsprosent (87,50 %), men skilnaden er ikkje signifikant. Òg i innlyd har ungdommane høg prosent av assimilerte former, men her manglar eg dessverre belegg for dei vaksne, så det er ikkje mogleg å samanlikna aldersgruppene. Materialet viser at assimilert uttale står svært sterkt i målet til dei unge, og det verkar ikkje å vera nemneverdige forskjellar mellom ordslutt og innlyd. I følge Stokka, hadde /mb/ halde seg relativt godt blant dei unge då han gjorde si gransking. Dette gjaldt særleg i ordslutt. Han nemner likevel at det var ein del variasjon. Det skal nemnast at det var svært få belegg på ord som kunne få /mb/ i ordslutt i materialet mitt, og derfor kan ein ikkje festa for stor lit til resultatet.

Når det gjeld assimilert /n/ av tradisjonell *nd*, viser materialet signifikante skilnader mellom dei unge og dei vaksne i ordslutt, men når det gjeld dette språktrekket har dei vaksne svært mykje høgare modernitetsprosent enn dei unge. I innlyd derimot, er det ikkje markante forskjellar mellom aldersgruppene, og både dei unge og dei vaksne har assimilert uttale i mindre enn halvparten av belegga. Dette konsonantsambandet verkar altså å stå i ei særstilling. I relasjon til hypotesegruppe 6 kan ein seia at assimilert uttale verkar å stå mykje svakare i ord der konsonantsambandet har eit norrønt opphav. I denne typen ord finn ein assimilert /n/ i 22,69 % av belegga. I ord der konsonantsambandet har eit anna, seinare opphav utgjer dei assimilerte formene 78,84 % av dei registrerte orda. Dette gjeld ord som /vennda/ *venninne* f. og /kunde/ preteritum av *kunna* inf. Ein ser at skilnaden i materialet er svært stor. Desse prosentane er rekna ut for begge aldersgruppene samla, og det skal nemnast at det ikkje er utført signifikanstesting på skilnadene. Stokka seier at det var ein del variasjon med omsyn til dette konsonantsambandet blant dei unge då han gjorde undersøkinga si.

Det siste norrøne konsonantsambandet som blei granska, var assimilert /ŋ/ av *ng*. Her viser materialet signifikante forskjellar mellom aldersgruppene både i ordslutt og i innlyd. I begge stillingane har dei unge høgast modernitetsprosent, men dei vaksne har òg ein relativt høg prosent av assimilerte former. Assimileringa verkar å vera så godt som gjennomført hos dei unge i både ordslutt og innlyd. I språket til dei vaksne informantane står dei assimilerte formene klart sterkast i ordslutt. Stokka (1982:246) seier om denne gruppa at /ŋg/ heldt seg fullt ut i ordslutt.

Som eit samla inntrykk, kan ein seia at assimilering av tradisjonelle konsonantsamband er på full fart inn i talemålet på Bømlo, med unntak av assimilering av *nd*. Med omsyn til dette konsonantsambandet har dei unge i ordslutt faktisk signifikant lågare modernitetsprosent i forhold til dei vaksne, og i innlyd har begge aldersgruppene relativt låg modernitetsprosent. Dette siste er eit svært overraskande resultat, og ikkje så lett å forklara. Stokka (1982) meinte at desse tradisjonelle konsonantsambanda framleis haldt seg relativt godt då han gjorde granskinga si, sjølv om han nemner at det var noko variasjon. Det tyder på at den assimilerte uttalen har spreidd seg dei siste tjue åra. Først og fremst i språket til dei unge, men òg i språket til vaksne, og når det gjeld /n/ av *nd* i ordslutt, verkar det som om det er dei vaksne som fører an. Korfor dei vaksne i større grad enn dei unge har tatt opp dette draget i ordslutt, er det vanskeleg å gje noko svar på ut i frå datamaterialet mitt. I språket til dei unge verkar det ikkje å vera nokon særleg forskjell mellom ordslutt og innlyd med omsyn

til assimilerte former, med unntak av assimilering av *ld*, der assimilering verkar å stå litt sterkare i ordslutt. Når det gjeld dei vaksne derimot, er det ein klar skilnad mellom ordslutt og innlyd. I språket til denne aldersgruppa er dei assimilerte formene klart sterkare representerte i ordslutt.

Palatalisering av velarar, som har vore svært utbreitt i dialekten på Bømlo, verkar òg å vera på veg ut av talemålet i Moster og Bremnes sokn. Det er signifikante forskjellar mellom aldersgruppene når det gjeld palatalisering av både *k*, *g* og *sk*, og dei unge har gjennomgåande svært høg modernitetsprosent. Når det gjeld palatalisering av *g* kan den palataliserte forma bli /j/ eller /j̥/, alt etter kva ord det gjeld. Ord med /j̥/ i materialet er til dømes /bɛj̥j̥ɛ/ *begge* pron., /lɛj̥ja/ *leggja* inf. og /vɛj̥j̥ɛn/ av *vegg* m. Ord med /j/ er til dømes /dɑːjɛn/ av *dag* m., /sʊnja/ *syngja* inf. og /eijɛn/ *eigen* pron. Eg gjekk inn i materialet for å sjå om desse to palataliserte variantane verka å visa nokon særleg skilnad med omsyn til frekvensen av restituert /g/. Med omsyn til dei vaksne var andelen /g/ < /j̥/ 18,07 %, medan prosenten for /g/ < /j/ var 24,89. Med andre ord verka dei orda som kunne få palatalisert /j/ av *g*, i større grad enn dei som kunne få /j̥/, å restituera /g/. Ser ein på materialet i tilknytning til dei unge, finn ein at andelen /g/ < /j̥/ var 95,19 %, medan prosenten for /g/ < /j/ var 91,78. Materialet viser altså at dei orda som kunne få /j̥/, i større grad enn dei orda som kunne få /j/, har restituert /g/. Det er ikkje utført signifikanstestar på desse resultatane, men, som ein ser, er skilnaden i materialet ikkje særleg stor. Når det gjeld palatalisert /ʃ/ av *sk*, har dei unge hundre prosent moderne, upalataliserte former. Med omsyn til dette trekket har altså utviklinga vore enorm dei siste tjue åra. Stokka hevda at palataliserte former stod sterkt i språket til dei unge både på Moster og Bremnes då han gjorde si gransking, og datamaterialet mitt viser at palatalisering framleis står sterkt i språket til denne gruppa.

Differensiert /dn/ av norrøn *rn* viser signifikant skilnad mellom aldersgruppene i innlyd, medan forskjellen ikkje er signifikant i ordslutt. Det er dei unge som har høgast modernitetsprosent. Likevel ser det ut som om dette trekket framleis til ein viss grad er ein levande del av talemålet på Bømlo, sidan rundt førti prosent av belegga til dei unge, i både ordslutt og innlyd, er uttalte med differensiert /dn/. Som ein ser, er det altså ikkje nemneverdige forskjellar mellom ordslutt og innlyd med omsyn til dette trekket, sjølv om dei vaksne viser at differensiert /dn/ står ein del sterkare i innlyd. Stokka nemner at dette var eit trekk som hadde halde seg godt, men at det likevel var noko vingling. Det som overraska

meg litt, då eg lytta og ekserperte dette trekket, var at nokre informantar hadde ein tredje variant av denne variabelen. Dette gjaldt berre eitt ord, nemleg adverbet *gjerne* , men dette er eit ord som er svært frekvent i materialet (154 belegg). Den tradisjonelle uttalen av dette ordet i bømlamålet er /jɛdna/ med differensiert *rn*. Men dei som ikkje sa /jɛdna/ sa ikkje, som ein kanskje kunne forventa, /jɛɳna/, men verka å produsera ein mellomvariant /jena/. Bruken av denne mellomvarianten kan kanskje forklarast med at det for mange ville kjennast alt for markert å seia /jɛɳna/, og at dei derfor prøver seg med den litt mindre markerte mellomvarianten. Dersom ein tenkjer seg at former med /ɳn/ spreier seg frå naboområdet via akkommodasjon, skal ein hugsa på at det i ein slik prosess ofte oppstår nye former, som ikkje er identiske med variantane i nokre av dei opphavlege talemåla som er involverte.⁴¹ Denne forma var først og fremst representert i språket til dei vaksne. Dette har sjølvstøtt med at det var få belegg på *gjerne* adv. hos dei unge. Dei brukar truleg oftare *kanskje* adv. i denne tydinga.

Når det gjeld segmentering av norrøn *ll* og *nn*, ser det ut som om dette draget er på god veg ut av talemålet. I ordslutt viser materialet ingen signifikant skilnad mellom aldersgruppene med omsyn til segmentering av *ll*, og både dei unge og dei vaksne har svært høg modernitetsprosent. I innlyd derimot, er det signifikant forskjell mellom dei vaksne og dei unge, og dei unge har ein svært mykje høgare prosent for uttale med /l/. Stokka nemner at det var ein del vingling blant dei yngste når det gjaldt uttalen av dette trekket, men at den tradisjonelle forma verka å halda seg relativt godt. I relasjon til hypotesegruppe 6, viser datamaterialet at dei usegmenterte formene står litt sterkare i substantiv enn i verb, men at skilnaden er relativt liten. Når det gjeld substantiv utgjer usegmentert /l/ 73,91 % av belegga, medan dei usegmenterte formene utgjer 67,65 % av verba. Desse prosentane er rekna ut for begge aldersgruppene samla. Det er ikkje utført signifikanstesting av desse skilnadene. Fleire av orda som kan få segmentert uttale av *ll* er verken verb eller substantiv. Det ubestemte pronomenet *alle* er til dømes svært frekvent i materialet.

Når det gjeld segmentering av norrøn *nn* i ordslutt, er det slik at eg dessverre manglar belegg for dei vaksne. Dei unge har ein svært høg modernitetsprosent, og materialet viser uttale med usegmentert /n/ i 92,59 % av tilfella. I innlyd er det ingen signifikant skilnad mellom aldersgruppene, og både dei unge og dei vaksne har svært høg modernitetsprosent. Datamaterialet viser at dei usegmenterte formene står noko sterkare i verb enn i substantiv, og

⁴¹ Sjø avsnittet om akkommodasjonsteori s. 23-26.

med omsyn til dette er altså situasjonen heilt omvendt i forhold til stoda for segmentering av //l/. Med omsyn til substantiva utgjer usegmentert /n/ 86,67 % av belegga, medan usegmentert uttale er registrert i 97,38 % av verba. I likskap med resultata i tilknytning til den førre variabelen, er prosentane rekna ut for begge aldersgruppene samla. Det er ikkje utført signifikanstesting av skilnadene.

Det viste seg at det blei vanskeleg å få nok belegg på ord som kunne få vokallenging. Dette gjeld særleg dei vaksne. Når det gjeld ungdommane, fekk eg nok belegg til å visa at den særleg sørlege lenginga, som har vore særskilt for målet i Moster sokn (i tillegg til Søre Bømlo), verkar å vera så godt som ute av talemålet. Med omsyn til den sørlege vokallenginga skal ein vera merksam på at prosentane gjeld for alle informantane, òg dei i frå Bremnes sokn. Dette er fordi eg ville at det skulle vera mogleg å sjekka om denne sørlege sørlege lenginga faktisk berre er mogleg i Moster sokn. No var det svært få belegg med lenga uttale i materialet, men alle desse blei registrerte hos mostringar.

Lenging av *a*, *ø* føre /dŋ/, som gjeld for heile kommunen, verkar framleis å vera ein del av talemålet på Bømlo. Det var ingen signifikant skilnad mellom aldersgruppene når det gjeld dette språklege trekket, og dei unge hadde faktisk lenga vokal i over førti prosent av tilfella. I relasjon til hypotesegruppe 6, kan det nemnast at dei orda som blir uttala med lenga vokal alle blir uttala med differensiert /dŋ/ av *rn*. Dei orda som blir uttala med normallang vokal, får i dei aller fleste tilfella restituert /ɛŋ/ etter vokalen. Det finst eitt tilfelle i materialet som viser normallang vokal i samband med differensiert konsonantgruppe.

Den sørlege vokallenginga, som tradisjonelt har eksistert innanfor Moster sokn, verkar ikkje å vera ein levande del av talemålet til dei unge på Moster lenger. Når det gjeld lenging av /e, ɔ, ʊ/ føre /dŋ/, har dei unge kort vokal i alle tilfella der dei kunne brukt lang vokal. Eg manglar belegg på ord med dei rette omgjevnadene for dei vaksne, så det er ikkje mogleg å samanlikna aldersgruppene på dette punktet. Det samme gjeld potensiell lenging av /ɔ/ føre /dŋ/, men òg på dette punktet har dei unge kort vokal i hundre prosent av tilfella. Når det gjeld potensiell lenging av /e, ø, ɔ/ føre *gn*, viser datamaterialet at både dei unge og dei vaksne har kort vokal i alle tilfelle der dei kunne hatt lang vokal. Til slutt skal me sjå på potensiell lenging av /ʊ/ føre *gl*. På dette punktet har dei vaksne kort /ʊ/ i alle moglege tilfelle, medan dei unge har ein modernitetsprosent på 94,44. Skilnaden er ikkje signifikant. Som eg nemnte ovanfor, var det svært få belegg i materialet. Alle belegga gjaldt *fugl* m.

Når det gjeld uttale av kort *y* av norrøn *y* der uttalen vinglar mellom [ɣ] og [ʏ], er det ingen signifikant skilnad mellom aldersgruppene. Dei unge har likevel klart høgare modernitetsprosent enn dei vaksne, men sjølv når det gjeld denne aldersgruppa finn ein uttale med [ɣ] i berre 33,66 % av tilfella.

Uttale av kort *y* (ø) av norrøn *y* der uttalen vinglar mellom [œ], [ɣ] og [ʏ] viser ein signifikant skilnad mellom aldersgruppene. Òg på dette punktet har dei unge høgast modernitetsprosent, men her står uttale med [ɣ] endå svakare –berre 19,60 % av dei moglege orda blir uttalte med [ɣ]. Resultata av granskinga av dette siste språkdraget, skulle tyda på at på dette punktet er talemålet på Bømlo framleis ganske tradisjonelt. Under drøftinga av det geografiske aspektet nedanfor, vil eg komma nærmare inn på om dei geografiske skilnadene på dette punktet òg verkar å halda seg.

Det samla inntrykket er at talemålet på Bømlo verkar å vera i ein endringsprosess vekk frå dei tradisjonelle formene, men at dei ulike granska trekka verkar å vera på litt ulike stadium i prosessen. Dei nye formene verkar å spreia seg gradvis i talemålet, og språkbrukarane varierer meir eller mindre mellom dei tradisjonelle og dei moderne formene (jfr. avsnittet om leksikalsk diffusjon i teorikapittelet). Med omsyn til v24 er det berre belegg på moderne former i materialet. I tillegg er det slik at dei unge berre har belegg på moderne former med omsyn til v13, v22 og v23. Det er ingen av variablane som berre har belegg på tradisjonelle former.

7. 1. 2. 2. Korfor endrar desse trekka seg?

Eg vil kort peika på teoriar rundt språkending, som kan bidra til å forklara korfor desse trekka verkar å vera i endring. Det er mogleg å argumentera for at fleire av dei trekka som verkar å vera i ein endringsprosess, er saliente trekk.⁴² Palataliserte velarar, differensierte og segmenterte konsonantsamband, lengde vokalar og uttale av kort *y* (ø) som /Y, ʏ / eller /œ/ er truleg trekk som det er relativt høgt medvit om blant språkbrukarane. Segmentasjon og uttalen av kort *y* (ø) var språkdrag som nokre av informantane mine nemnte, då eg bad dei om å oppgje døme på språklege skilnader mellom måla i Moster og Bremnes sokn. Dette viser at det er medvit om dei. I tillegg passar nokre av karakteristikkane som Trudgill (1986:11) gjev på saliente språktrekk på desse språkdraga. Dei differensierte og segmenterte

⁴² Sjø s. 24 for kjenneteikn på saliente språktrekk.

konsonantsambanda er svært ulike den uttalen som skriftspråket indikerer, medan dei moderne variantane har likskapar med skriftspråket. Det samme kan, i ein del tilfelle, seiast om kort *y* (*ø*) uttalt som /œ/ kontra /ʏ/. Det er òg mange ord som i tradisjonelt bømlamål får palatalisert uttale av *g*, *k* og *sk*, som skil seg frå den uttalen nynorsk skriftnormal indikerer. Døme på det er *fisken* b.f. av *fisk* m. som i tradisjonelt bømlamål får forma /fɪʃɛn/, *bakke* m. som får forma /baççe/, og *hage* m. som får forma /ha:je/. Alle skil seg frå bokmålsnormalen. Alle desse språkdraga er klart involverte i språkleg endring, og dei ulike variantane er fonetisk svært ulike. Som me hugsar, var dette òg kjenneteikn ved saliente eller markerte språktrekk.

Dei fire konsonantsambanda som i moderne mål kan bli assimilerte, er ikkje like klart saliente. Dei uassimilerte formene er faktisk likare skriftnormalen enn dei assimilerte. Dette gjeld i alle fall dei som har eit norrønt opphav. Med omsyn til dei orda der /ld/ og /nd/ har eit seinare opphav enn det norrøne, skil uttalen seg frå skriftnormalane, og det kan kanskje forklara at denne typen ord i større grad enn dei andre verkar å få assimilert uttale. Når det gjeld denne typen konsonantsamband generelt, trur eg ikkje det er særleg høgt medvit om uttalen av dei. Det er heller ikkje særleg stor fonetisk skilnad mellom variantane av denne variabelen, sjølv om dette trekket altså verkar å vera i endring. Men dei ulike uttalevariantane av desse konsonantsambanda har, som nemnt,⁴³ ikkje noko særleg funksjonell tyngd i språket, og det kan sjølv sagt forklara at den assimilerte uttalen synest å spreia seg. Som ein ser, verkar uttalen av desse konsonantsambanda etter kvart å samsvara meir med den uttalen som er vanleg i resten av landet. Som elles i landet, verkar dei uassimilerte formene å stå svakt i ordslutt, medan det er litt meir variabelt i innlyd.

Ser ein på dei to morfologiske draga eg har granska, verkar dei å vera ganske ulike. Ending i presens av svake a-verb er truleg eit trekk det ikkje er særleg høgt medvit om. Som eit døme kan eg nemna ein episode eg hadde med ei venninne for nokre år sidan. Eg hadde lagt merke til at ho produserte mange av desse formene med e-ending, og eg kommenterte det ovanfor ho. Ho blei ganske opprørt og nekta for at ho gjorde det. Det interessante var at ho gjentekne gongar sa /e:g snakε ɪççe sɔn/, utan å leggja merke til at ho uttalte presens av *snakka* inf. med e-ending. Det er klart at dette berre var ein einskild episode, men eg trur det likevel seier noko om at dette trekket er noko som ikkje mange legg merke til i dagleglivet. Sjølv om dette språktrekket er involvert i endring, er det ein variabel der den fonetiske skilnaden mellom dei ulike variantane ikkje er særleg stor. Det er heller ikkje eintydig kva

⁴³ Sjø avsnittet om funksjonell tyngd s. 15.

skriftspråket kan ha å seia for endringa av dette trekket, i og med at den tradisjonelle forma med –a i mange tilfelle samsvarar med nynorsk skriftnormal, medan den moderne forma med –e samsvarar med bokmålsnormalen og i mange tilfelle òg med nynorsknormalen. Likevel er det ganske tydeleg at den moderne forma spreier seg frå nabokommunane, i og med at ho er ein etablert variant i talemåla der, og i mange tilfelle truleg den einaste moglege varianten.

Dei ulike variantane av presens av dei verba som kan få i-omlyd, er det truleg større medvit om. Dei ulike variantane er fonetisk svært ulike. Som nemnt i teorikapittelet,⁴⁴ er dette eit drag som òg verkar å endra seg p.g.a. analogisk utjamning.

Med omsyn til alle desse trekka verkar det som om akkommodasjon og konvergering til nabolokalane kan fungera som ei delvis forklaring av den endringa som verkar å vera i ferd med å skje. Dei nye formene spreier seg truleg frå naboområda, kanskje med Haugesund som spreingssentrum, der dei verkar å vera ein etablert del av talemålet. Som all språkending, er nok den språklege endringa som verkar å vera i ferd med å skje på Bømlo, òg del av ein komplisert prosess, som involverer alle dei faktorane som blei nemnde i teorikapittelet. Folkesetnaden på Bømlo er, i likskap med resten av folkesetnaden i landet, stadig meir mobil, og tilflyttarar til Bømlo spelar truleg òg ei viktig rolle med omsyn til utviklinga av bømloamålet. Som me har sett, er det dei unge som i størst grad verkar å ta opp dei moderne formene, og for desse spelar nok tilflyttarar til Bømlo ei viktig rolle. Denne aldersgruppa er mindre mobil enn dei vaksne og har nok relativt liten grad av direkte kontakt med folk utanfor Bømlo kommune. For desse fungerer nok tilflyttarar til Bømlo i stor grad som *språkmisjonærar*,⁴⁵ som introduserer dei for dei moderne talemålsvariantane. Tilflyttarar og barn av tilflyttarar gjer det mogleg for denne aldersgruppa å ha direkte kontakt med folk som har dei nye formene i talemålet sitt. Nedanfor skal me sjå at haldningar og ulike personlegdomstypar òg verkar å påverka språkbruken til folk.

7. 1. 3. Korleis stiller materialet seg i forhold til hypotesen om aldersvariasjon

H1: *Det er eit samsvar mellom låg alder og høg modernitetsprosent.*

Som me såg ovanfor, viser ni av dei tjueseks språklege variablane som det var belegg på i materialet, signifikante resultat i favør av hypotesen. Ein må derfor rekna denne hypotesen som svært godt underbygd. Det er ein klar aldersskilnad i materialet. Når det gjeld mange språktrekk verkar språket til dei unge å gå i retning av meir utjamna, standardiserte former. Som hypotese H1 spår, er det eit klart samband mellom låg alder og høg modernitetsprosent.

⁴⁴ Sjå avsnittet om analogi s. 14-15.

⁴⁵ Sjå avsnittet om akkommodasjonsteori i teorikapittelet.

Dette kan tolkast som eit teikn på at bømlamålet er i endring. Likevel må ein vera merksam på at det er mogleg at den store skilnaden mellom dei to granska aldersgruppene kan vera eit resultat av aldersavgrensa språkbruk.

7. 1. 4. Endring av talemålet eller aldersavgrensa språkbruk

Dersom eg ser på Stokka (1982) sine konklusjonar, meiner eg at granskinga hans i stor grad verkar å underbyggja at resultata mine er eit teikn på at talemålet på Bømlø er i endring. Dei trekka som Stokka seier viser variasjon i det han kallar yngre mål, viser i materialet mitt endå meir variasjon, og dei moderne formene verkar i endå større grad å breia om seg. Stokka kom òg fram til at det var skilnader på eldre og yngre mål. Han seier (Stokka 1982:425) at det er snakk om gradsskilnader, der frekvensen av dei ulike språktrekka er forskjellig mellom dei unge og dei eldre. Vidare seier han at målet til dei yngre ”viser sterk tilhug til utjamning og normalisering” (Stokka 1982:426). Dette gjeld, i følge han, først og fremst konsonantismen, medan det i vokalismen er små skilnader mellom dei unge og dei eldre. Eg finn òg klart størst endringar innanfor konsonantismen, men òg innanfor vokalismen og det morfologiske ser det ut til å vera klare endringar. Den sørlege vokallenginga verkar til dømes å vera så godt som ute av språket, og e-ending verkar å vera ein etablert variant i presens av dei tradisjonelle svake a-verba.

Dei unge i Stokka si gransking er, som nemnt, dei vaksne i mi undersøking. Som eg gjorde greie for i teorikapittelet, hevdar Labov (1972b:275) at det er naudsynt med minst ei tidlegare gransking av talemålet dersom ein skal kunna avgjera om forskjellar mellom aldersgruppene verkeleg er eit resultat av at dialekten er i endring. Eckert (1997:152) seier òg at ”without evidence in real time, there is no way of establishing whether or not age-stratified patterns of variation actually reflect change in progress.” Stokka si gransking utgjer samanlikningsgrunnlaget mitt, og sjølv om eg har uttrykt atterhald med omsyn til å samanlikna resultata våre direkte pga. av at me har nytta ulike metodar både når det gjeld datainnsamling og presentasjonen av resultata, meiner eg at granskinga hans viser at eg kan vera rimeleg sikker på at aldersskilnadene i materialet mitt viser at dialekten på Bømlø er i endring, og at dette verkar å vera ein vedvarande prosess. Med omsyn til nokre språklege variablar er det likevel slik at resultata mine med omsyn til dei vaksne verkar å skilja seg åt frå det Stokka kom fram til når det gjaldt språket til denne gruppa. Dette gjeld særleg presens av verb som tradisjonelt har fått i-omlyd og assimilasjon av /ŋg/ i ordslutt. Eg har komme fram til resultat som indikerer ein større del av moderne former enn det Stokka hevdar. Om det er informantane som har endra seg språkleg, eller om det kan skuldast at eg og Stokka

ikkje måler det samme, er det vanskeleg å avgjera. Dette er likevel ikkje resultat som svekkar tanken om at den språklege aldersvariasjonen er eit teikn på språkleg endring, sidan resultatata indikerer at dei moderne formene spreier seg i språket til begge dei granska aldersgruppene, om enn i ulik grad.

7. 1. 5. Geografi kopla med alder

H2a: *Med omsyn til dei vaksne, vil dei frå Bremnes sokn ha ein signifikant lågare modernitetsprosent enn dei frå Moster sokn.*

	Moster	Bremnes	Signifikansnivå
V1: Presens av svake verb i a-kl.	0,56	2,35	p=0,1942
V2: Presens av sterke i-omlydsverb	19,13	8,52	p=0,1647
V3: Assimilasjon av <i>ld</i> i ordslutt	90,10	91,67	p=0,8778
V4: Assimilasjon av <i>ld</i> i innlyd	62,19	60,64	p=0,8776
V5: Assimilasjon av <i>mb</i> i ordslutt	50,00	33,33	p=0,5995
V6: Assimilasjon av <i>mb</i> i innlyd	-	-	-
V7: Assimilasjon av <i>nd</i> i ordslutt	79,33	78,20	p=0,9099
V8: Assimilasjon av <i>nd</i> i innlyd	39,17	32,42	p=0,4027
V9: Assimilasjon av <i>ng</i> i ordslutt	88,63	88,43	p=0,9728
V10: Assimilasjon av <i>ng</i> i innlyd	61,11	61,11	-
V11: Palatalisering av <i>k</i> i innlyd	42,53	17,28	p=0,1513
V12: Palatalisering av <i>g</i> i innlyd	35,98	13,48	p=0,1534
V13: Palatalisering av <i>sk</i> i innlyd	7,91	13,33	p=0,5792
V14: Differensiasjon av <i>rn</i> i ordslutt	15,00	25,00	p=0,6770
V15: Differensiasjon av <i>rn</i> i innlyd	7,15	10,96	p=0,5781
V16: Segmentasjon av <i>ll</i> i ordslutt	100	100	-
V17: Segmentasjon av <i>ll</i> i innlyd	21,80	18,62	p=0,7428
V18: Segmentasjon av <i>nn</i> i ordslutt	-	-	-
V19: Segmentasjon av <i>nn</i> i innlyd	98,00	93,75	p=0,4221
V20: Lenging av /ɑ:,ø:/ føre /dŋ/	35,00	25,00	p=0,7223
V21: Lenging av /ɑ:/ føre /gŋ/	-	-	-
V22: Lenging av /e, ɔ, ʉ/ føre /d/	-	-	-
V23: Lenging av /ɔ/ føre /dŋ/	-	-	-
V24: Lenging av /e, ø, ɔ/ føre /gŋ/	100	100	-
V25: Lenging av /ʉ/ føre /g/	-	100	-
V26: Uttale av kort <i>y</i> som [ɣ] el. [ʉ]	15,42	4,84	p=0,1199
V27: Uttale av kort <i>y(ø)</i> som [ɣ],[ʉ]el.[œ]	7,78	1,11	p=0,0441

Tabell 2: Dei vaksne sin gjennomsnittlege modernitetsprosent i forhold til geografi.

Når ein ser på dei språklege formene i forhold til geografisk fordeling kopla med alder, viser materialet når det gjeld dei vaksne ingen signifikante forskjellar med omsyn til modernitetsprosent. Som det går fram av tabell 2, er tendensen elles i materialet slik at tretten variablar viser at dei i frå Moster har høgare modernitetsprosent enn dei i frå Bremnes, men forskjellen er i dei fleste tilfella svært lite markert. Fem variablar viser ein motsett tendens,

medan tre variablar ikkje viser forskjell mellom gruppene. Når det gjeld variabel 16 og 24 har både dei i frå Moster og dei i frå Bremnes 100 % moderne former. Med omsyn til variabel 10 har begge gruppene ein modernitetsprosent på 61,1. Ein språkleg variabel er det berre bremnesingane som har belegg på, og det er derfor ikkje mogleg å samanlikna.

H2b: *Den yngste aldersgruppa vil ikkje visa ein samanheng mellom geografi og språkbruk.*

	Moster	Bremnes	Signifikansnivå
V1: Presens av svake verb i a-kl.	50,57	34,44	p=0,1820
V2: Presens av sterke i-omlydsverb	33,25	11,63	p=0,0196
V3: Assimilasjon av <i>ld</i> i ordslutt	100	80,00	p=0,4816
V4: Assimilasjon av <i>ld</i> i innlyd	79,36	66,45	p=0,3561
V5: Assimilasjon av <i>mb</i> i ordslutt	75,00	100	p=0,4366
V6: Assimilasjon av <i>mb</i> i innlyd	83,33	91,76	p=0,5195
V7: Assimilasjon av <i>nd</i> i ordslutt	35,83	35,76	p=0,9955
V8: Assimilasjon av <i>nd</i> i innlyd	42,63	33,19	p=0,2088
V9: Assimilasjon av <i>ng</i> i ordslutt	99,17	99,44	p=0,7843
V10: Assimilasjon av <i>ng</i> i innlyd	97,63	96,12	p=0,5139
V11: Palatalisering av <i>k</i> i innlyd	100	92,16	p=0,0321
V12: Palatalisering av <i>g</i> i innlyd	96,95	90,35	p=0,1134
V13: Palatalisering av <i>sk</i> i innlyd	100	100	-
V14: Differensiasjon av <i>rn</i> i ordslutt	85,61	38,79	p=0,0046
V15: Differensiasjon av <i>rn</i> i innlyd	72,36	47,58	p=0,0505
V16: Segmentasjon av <i>ll</i> i ordslutt	97,50	100	p=0,3037
V17: Segmentasjon av <i>ll</i> i innlyd	91,43	77,33	p=0,1019
V18: Segmentasjon av <i>nn</i> i ordslutt	100	83,33	p=0,2924
V19: Segmentasjon av <i>nn</i> i innlyd	100	92,07	p=0,2146
V20: Lenging av /ɑ:,ø:/ føre /dŋ/	72,73	42,67	p=0,1226
V21: Lenging av /ɑ:/ føre /gŋ/	-	-	-
V22: Lenging av /e, ɔ, ʉ/ føre /dʎ/	100	100	-
V23: Lenging av /ɔ/ føre /dŋ/	100	100	-
V24: Lenging av /e, ø, ɔ/ føre /gŋ/	100	100	-
V25: Lenging av /ʉ/ føre /gʎ/	83,33	100	p=0,1705
V26: Uttale av kort <i>y</i> som [Y] el. [ʉ]	26,94	40,39	p=0,1780
V27: Uttale av kort <i>y(ø)</i> som [Y],[ʉ]el.[œ]	15,28	23,91	p=0,0242

Tabell 3: Dei unge sin gjennomsnittlege modernitetsprosent i forhold til geografi.

Som det går fram av tabell 3, er det heller ikkje med omsyn til denne aldersgruppa nokre signifikante forskjellar i materialet med omsyn til modernitetsprosent. Når ein ser på dei skilnadene som ikkje er signifikante, ser ein at med omsyn til femten variablar er det mostringane som har høgast modernitetsprosent, men forskjellen mellom gruppene er i mange tilfelle svært liten. Sju variablar viser ein motsett tendens, men òg her er det svært liten forskjell i eit par tilfelle. Fire språklege variablar viser ingen forskjell mellom gruppene. I desse tilfella er det berre belegg på moderne former i materialet. Nedanfor skal me sjå at

denne aldersgruppa faktisk likevel viser ein signifikant forskjell når ein samanliknar mostringane med bremnesingane, og at ein derfor truleg lyt forkasta hypotesen.

I det innsamla materialet frå dei vaksne, var det altså ingen signifikante skilnader med omsyn til modernitetsprosent mellom Moster og Bremnes. Hypotese H2a er med andre ord ikkje underbygd. Dette gjer det vanskeleg å seia seg einig med Stokka når han hevdar om denne aldersgruppa at dei på Bremnes har ein særleg tradisjonell dialekt. Dersom ein ser på alle dei språklege variablane samla, er den gjennomsnittlege modernitetsprosenten til dei frå Moster 46,51, medan den tilsvarande prosenten til dei vaksne frå Bremnesområdet er 44,55.

Forskjellen er med andre ord ikkje stor, men det skal nemnast at med omsyn til variabel 26 og 27 er det ein relativt klar tendens i materialet som viser at mostringane har høgast modernitetsprosent. Ein skal òg merkja seg at Stokka (1982:428) seier at dei geografiske målvariantane blant dei yngre i hans gransking er meir einsarta enn blant dei eldre, og at det særleg gjeld dei i alderen tjue år og nedetter, altså dei som utgjer dei vaksne i mi gransking.

Som nemnt ovanfor i samband med aldersskilnaden i materialet, er det vanskeleg å avgjera om dei ulike konklusjonane våre med omsyn til den språklege karakteristikken av denne gruppa, kjem av at gruppa har endra seg, eller om det kan forklarast med at metodane våre ikkje måler det samme. Stokka forklarar den språklege utjamninga mellom områda med kommunesamanslåinga i 1963, som førte til *eitt* administrasjonssenter (på Svortland) i staden for tre, og auka kontakt mellom sokna. Dessutan var kommunikasjonane mellom dei ulike bygdene på Bømlo blitt mykje betre p.g.a. auka vegbygging og aukande biltettleik. Dette er faktorar som burde ha medverka til at dei geografiske målforskjellane mellom Moster og Bremnes skulle ha blitt endå mindre dei siste tjue åra, men det er i følge mine resultat, ikkje tilfelle.

Med omsyn til variabel 27,⁴⁶ verkar tendensen i materialet å vera at dei vaksne i Moster og Bremnes sokn framleis ser ut til å oppretthalda dei tradisjonelle geografiske forskjellane. Dette gjeld uttalen av kort *y* (*ø*) der alternativa er [ɣ], [ʉ] eller [œ] i ord som *stykkje* n., *synd* f. og *begynne* inf. Typisk for tradisjonelt mostramål er uttale med [œ]: [stœc̥c̥ε], [sœnd], [bjœnda], medan uttale med [ʉ] har stått sterkt over heile kommunen: [stʉc̥c̥ε], [sʉnd], [bjʉnda]. Stokka hevdar at uttale med [ɣ] stod relativt sterkt i eldre mål på Bremnes, men sidan eg ikkje granskar eldre mål, rekna eg [ɣ] som den moderne forma. Denne uttalen samsvarar best med den uttalen som er vanlegast i norske dialektar, og

⁴⁶ Sjå tabellgruppe 1 i vedlegg L.

er samstundes den uttalen som oftast samsvarar med skriftspråket. Med omsyn til nokre ord er det likevel uttale med [œ] som samsvarar best med skriftspråket, til dømes *tørst* adj. I ettertid ser eg at eg truleg burde skilt mellom ord som har *y* i skriftspråket og ord som har *ø*. Hadde eg gjort det, kunne eg sett om det var ein tendens til at ord med *y* i større grad enn dei med *ø* blei uttalte med [ɣ], og om ord med *ø* i større grad enn ord med *y* blei uttalte med [œ]. Slik eg har gjort det, får ein likevel eit inntrykk av om forholdet mellom [ɣ], [œ] og [ʉ] har halde seg eller endra seg. Som me skal sjå, viste det seg at dei tradisjonelle ulikskapane mellom Moster og Bremnes sokn i stor grad verkar å halda seg med omsyn til dette språkdraget, og at uttale med [ɣ] i alle tilfelle står relativt svakt, og dermed er det ikkje så naudsynt å skilja mellom ord med *y* og *ø* i skriftspråket. Hadde uttale med [ɣ] hatt sterk framgang, ville det vore meir interessant å skilja mellom ord som i skriftnormalen har *y* eller *ø*. Det er òg slik at eg i denne granskinga generelt fokuserer på forholdet mellom tradisjonelle og moderne uttalevariantar, utan i stor grad å gå inn i ulikskapar med omsyn til frekvensen i ulike ord.

Materialet viser at dei vaksne på Moster har fleire former med [ɣ] (7,78 %) enn dei på Bremnes (1,11 %). Likevel ser ein at uttale med [ɣ] er relativt sjeldan begge plassar, og skilnaden er ikkje signifikant. Dersom ein ser korleis uttalen av dei andre moglege vokalane i desse orda fordeler seg i materialet, ser ein at dei vaksne på Moster uttalar denne typen ord med [œ] i 60 % av tilfella, medan dei på Bremnes uttalar [œ] i 29,45 % av tilfella. Forskjellen har eit probabilitetsnivå på $p=0,0076$. Materialet viser òg at dei vaksne i Bremnes sokn uttalar denne typen ord med [ʉ] i 69,44 % av tilfella, medan dei på Moster uttalar [ʉ] i 32,22 % av tilfella. Denne skilnaden har eit probabilitetsnivå på $p=0,0021$. Ein ser at ingen av skilnadene er signifikante etter Bonferroni-korreksjon ($p<0,0007$), men dei viser likevel at tendensen er ganske klar. Dei vaksne verkar å vera relativt tradisjonelle når det gjeld uttalen av dette språktrekket, og den geografiske skilnaden er godt oppretthalden. Ein ser òg at det framleis er ein god del vingling i uttalen av desse vokalane.

Ser ein på resultatata i tilknytning til dei unge, ser ein at materialet viser at mostringane har høgast modernitetsprosent med omsyn til over halvparten av variablane. Dersom ein ser på den samla modernitetsprosenten, er den for mostringane er 78,42, medan den tilsvarande prosenten for dei frå Bremnes er 72,20. Med andre ord er den geografiske forskjellen med omsyn til denne aldersgruppa heller ikkje særleg stor, sjølv om ein ser at forskjellen mellom dei unge i utvalet faktisk er litt større enn mellom dei vaksne. Variabel 2, 11, 12, 14, 15, 17

og 20 viser ein så pass klar tendens til geografisk skilnad, at det er verdt å merkja seg. Med omsyn til desse variablane har mostringane høgast modernitetsprosent. Når det gjeld variabel 27 er det derimot ein klar tendens i materialet som viser at dei i frå Bremnes sokn har høgast modernitetsprosent. Det er mogleg å hevda at det er ein liten tendens i materialet som indikerer at spreinga av dei moderne formene er kommen litt lenger i mostramålet.

Når det gjeld variabel 27,⁴⁷ finn ein faktisk ein signifikant forskjell i materialet. Ungdommane på Moster hadde ein modernitetsprosent på 15,28, medan modernitetsprosenten på Bremnes var 23,91. Denne forskjellen er ikkje signifikant. Modernitetsprosenten gjeld, som me veit, uttale med [ɣ]. Ein ser at det er ein relativt stor auke i uttale med [ɣ] både på Moster og Bremnes når ein samanliknar med dei vaksne, men det har skjedd klart mest i Bremnes sokn. Faktisk er det slik at dei frå Bremnes har høgast modernitetsprosent når det gjeld variabel 27. Når ein ser på resultata i forhold til dei andre moglege vokalane i desse omgjevnadene, ser ein at dei på Moster uttalar [œ] i 56,92 % av tilfella, medan dei på Bremnes har [œ] i 33,66 % av orda. Denne skilnaden er signifikant ($p=0,0000$), og det gjer at ein faktisk må forkasta hypotese H2b. I Bremnes sokn finn ein [u] i 42,42 % av orda, medan dei på Moster har [u] 27,80 % av tilfella. Forskjellen har eit probabilitetsnivå på $p=0,0011$. Dei tradisjonelle forskjellane verkar med andre ord framleis å vera oppretthaldne på dette punktet, men det er òg tydeleg at dei unge vinglar endå meir enn dei vaksne. Dette er i tråd med det Stokka fann òg.

Som ein ser, er det altså ikkje særleg mykje igjen av dei tradisjonelle språklege skilnadene mellom mostramålet og bremnesmålet.⁴⁸ Dette gjeld begge dei granska aldersgruppene. Det er likevel ikkje slik at skilnaden er blitt endå mindre, slik ein kanskje kunne forventa. Materialet mitt viser faktisk at skilnaden er litt større i den yngste aldersgruppa samanlikna med dei vaksne. Dette er litt overraskande, sjølv om ein sjølvsgt merkjer seg at forskjellen mellom aldersgruppene ikkje er særleg stor. At forskjellen er litt større blant dei unge, er stikk i strid med det ein kunne forventa, i og med at Stokka allereie i 1982 såg ein klar tendens mot språkleg utjamning mellom områda. Kan det vera slik at desse resultata vitnar om ei form for *age grading*? Stokka hevdar at det er språkforskjellar mellom Moster og Bremnes blant dei yngste informantane hans, som utgjer dei eldste informantane

⁴⁷ Sjå tabellgruppe 1 i vedlegg L.

⁴⁸ Det skal nemnast at fordi halvparten av dei vaksne informantane frå Bremnes sokn har alveolar uttale av *r*, noko som framleis er relativt utbreidd i denne aldersgruppa i sentralområdet av Bremnes sokn, er det slik at dei med omsyn til dette trekket faktisk er litt meir tradisjonelle enn informantane frå Moster sokn. Som eg nemnte tidlegare, granska eg ikkje dette trekket, fordi det er ute av talemålet til dei unge.

mine. Eg derimot, finn svært få tendensar til forskjellar når det gjeld denne gruppa, og ingen av dei er signifikante. Men hos den yngste aldersgruppa mi, ungdomsskuleelevane, finn eg derimot tendensar til samanheng mellom geografi og språkbruk. Kan det tenkjast at det faktisk var større språkforskjellar blant dei som utgjør dei vaksne i mi gransking, då dei var ungdommar, men at dette har utjamna seg med åra? Dei gjekk på ungdomskulen då Stokka gjorde si gransking, og den aldersgruppa har nok mykje mindre samkvem på tvers av øya enn det som er vanleg når ein blir eldre. Denne gruppa er svært lite mobil, i og med at dei ikkje har førarkort enno, og det er òg dårleg med kollektive transporttilbod på Bømlo. Det samme gjeld framleis for ungdommar på Bømlo, noko som òg kom klart fram i mine samtalar med dei. Kan det tenkjast at mine ungdommar vil bli likare språkleg sett når dei blir eldre og meir mobile? I så fall kan dette sjå ut som eit eksempel på aldersavgrensa språkbruk. Fordi Bømlo har ein svært desentralisert skulestruktur, går dei fleste ungdommane på skule i nærmiljøet sitt til dei er ferdige med ungdomsskulen. Det er heller ikkje særleg mykje kontakt mellom ungdommar frå dei ulike sokna på fritida før dei blir litt eldre. I perioden frå dei er ferdige med grunnskulen til dei når slutten på trettiåra, som er den alderen dei eldste informantane mine hadde, skjer det svært mykje i forhold til det å bli mobil, og ein får auka kontakt med resten av kommunen. Dersom ein går på vidaregåande skule på Bømlo, vil ein gå i klasse med ungdommar frå heile kommunen, og når ein blir endå eldre, vil ein gjennom arbeidslivet òg ha meir kontakt med folk i frå heile Bømlo. Min hypotese er at ein i denne perioden gradvis tilpassar språket sitt, og at det kan forklara dei små skilnadene mellom dei vaksne i mi gransking. Eckert (1997:164) seier dette om vaksne sin språkbruk:

conservatism is said to set in during adulthood. Adults have regularly been shown (Labov, 1966; Wolfram, 1969; Trudgill, 1974; Macaulay, 1977; Horvath, 1985) to be more conservative in their use of variables than younger age groups. This conservatism has been attributed to the pressure for use of standard language in the workplace.

Sjølv om det på Bømlo truleg blir litt sterkt å snakka om eit press i forhold til bruk av standardisert tale på arbeidsplassen, kan det tenkjast at det å dagleg treffa folk i frå heile kommunen t.d. på arbeidsplassen, fører til ei slags umedviten gjensidig konvergering,⁴⁹ slik at nokre skilnader blir utjamna. Likevel må det understrekast at dette sjølv sagt ikkje involverer ei standardisering, i og med at me allereie har slått fast at dei vaksne snakkar meir tradisjonelt enn dei unge. Det kan òg tenkjast at dei lokale språkforskjellane kjem inn i språket att når ein

⁴⁹ Jfr. akkommodasjonsteorien, slik den blei gjort greie for i teorikapittelet.

blir eldre og ikkje lenger er yrkesaktiv. Granskingar har vist at eldre verkar å vera mindre opptatte av å tilpassa språket sitt enn dei i yrkesaktiv alder.

7. 1. 6. Medvit om språkleg forskjell

Datamaterialet mitt gjev, som ein ser, ikkje noko klart bilete av dei tradisjonelle språklege forskjellane innåt på Bømlo, og blant informantane mine kan det verka som om medvitet om forskjellane er større enn dei reelle forskjellane. Som det går fram av tabellgruppe 2 i vedlegg L, meiner 61,1 % av informantane mine at det klart er ulike dialektar på Bømlo, medan 33,3 % meiner at ein delvis kan sjå det slik at det er ulike dialektar innåt på Bømlo. 69,4 % meiner at folk ikkje snakkar heilt likt i Moster og Bremnes sokn. Eg tenkte at det kunne vera interessant å registrera om det er skilnad med omsyn til alder og geografi når det gjeld oppfatninga av dette. Dersom ein først ser på dei ulike aldersgruppene, ser ein at det er litt større medvit om forskjell blant dei vaksne samanlikna med dei unge. 83,3 % av dei vaksne oppgav at dei meiner det er klare målskilnader innåt på Bømlo, mot berre 50 % blant dei unge. Ein ser likevel at 45,8 % av dei unge meiner at ein delvis kan sjå det slik at det er ulike dialektar på Bømlo. 83,3 % av dei vaksne meiner at folk ikkje snakkar likt på Moster og Bremnes, medan 62,5 % av dei unge meiner det samme. Med andre ord, er det i realiteten ikkje så stor forskjell mellom aldersgruppene med omsyn til medvitet om dette. Ein kan kanskje tolka resultatata slik at dei vaksne meiner det er større forskjellar enn det dei unge synst det er. Med omsyn til det geografiske er forskjellane i oppfatning større. 72,2 % av informantane i Moster sokn meiner at det er klare målskilnader innåt på Bømlo, og 22,2 % meiner at det delvis er slik. 88,9 % av mostringane meiner at det er forskjell mellom talemålet i Moster sokn og talemålet i Bremnes sokn. Berre halvparten av informantane frå Bremnes meiner det er klare målskilnader innåt på Bømlo, og det er òg berre halvparten av dei som meiner at dei ikkje snakkar heilt likt på Moster og Bremnes. Det skal likevel nemnast at 44,4 % av bremnesingane meiner at det er delvise målskilnader mellom dei ulike sokna i Bømlo kommune. Det verkar likevel som om det er størst medvit om skilnad blant mostringane. Dersom ein går inn i det som informantane skriv med eigne ord om eventuelle skilnader mellom mostramålet og bremnesmålet, ser ein òg noko interessant. Mostringane klarer i mykje større grad enn dei frå Bremnes sokn å komma med døme på forskjellar. Det er berre to av dei vaksne frå Bremnes som kjem med konkrete døme, medan nesten alle frå Moster gjer det. Blant dei unge er det òg ein klar forskjell. Mange fleire av dei i frå Moster kjem med konkrete døme. Den mest interessante skilnaden ser ein likevel når ein går inn i kva dei unge informantane skriv. Dei unge i Moster sokn verkar å ha ein viss kunnskap om kva som tradisjonelt skil måla i Moster og Bremnes sokn, men dei trekka dei nemner er

typiske for eldre mål i Bremnes sokn og er ikkje ein levande del av talemålet til deira jamaldringar i Bremnesområdet. Det dei først og fremst nemner er at *På Bremnes rullar dei på r-en*.⁵⁰ Det er òg eit par som nemner segmentering av *l*: *Ja dei seier Badlar i staden for Ballar*. Mitt inntrykk er at desse skilnadene er noko dei har lært, som eit uttrykk for eit overlevert opposisjonsforhold til Bremnes sokn som sentrum i Bømlo kommune. Eit inntrykk som eg sat igjen med etter samtalaneg hadde med informantane frå Moster, var at dei var litt i opposisjon til Svortland som kommunesenter. Fleire av informantane, både vaksne og ungdommar, ytra at dei meinte at Bremnesområdet blei forfordelt av kommunen, og dei meinte at godene, i form av til dømes idrettsanlegg og eit planlagt kulturhus, burde fordelast jamnare over heile kommunen. Som me skal sjå nedanfor, var det slik at informantane frå Moster generelt gav uttrykk for dårlegare trivsel i forhold til dei frå Bremnes sokn. Dette tolkar eg som eit typisk uttrykk for forholdet mellom sentrum og periferi, der dei som bur lengst vekk frå sentrum ofte føler seg tilsidesette av dei som styrer. Ser ein på det som dei unge i Bremnes sokn skriv om forskjellane mellom mostramål og bremnesmål, ser ein at ingen av gutane har klart å komma på døme. Jentene verkar til ein viss grad å vera medvitne om ein slags skilnad, men dei verkar ikkje å ha nokon kunnskap om det. Det dei skriv er lite konkret, og dei døma dei kjem med stemmer ikkje verken for tradisjonelt eller moderne mål i Moster sokn. Dei skriv til dømes at: *Dei legg litt anna trykk på orda liksom eller På Moster snakkar dei mykje "penare" enn oss*. Dei som freistar å komma med konkrete døme på skilnad, verkar å blanda målet på Moster med målet i Bømlo sokn. Eg tolkar dette slik at dei unge i Bremnes sokn ikkje er opptatte av skilnadene på samme måte som mostringane. Dette er noko som ikkje verkar å vera viktig for dei. Som me skal sjå seinare, gjev informantane frå Bremnesområdet uttrykk for betre trivsel, og det var òg eit inntrykk eg fekk gjennom samtalaneg med dei. Dette er igjen noko som støttar tolkinga mi av desse forskjellane som eit uttrykk for forholdet mellom sentrum og periferi. Etter kommunesamanslåinga følte truleg mange mostringar at dei mista noko til Bremnes sokn, i og med at det var dette soknet som fekk kommunesenteret. Denne opposisjonen til Bremnes sokn er framleis til stades blant mange mostringar og kan sjåast som ein del av identiteten der, sjølv blant dei som ikkje var fødte då kommunane blei slått saman, og dette verkar blant anna å komma til uttrykk i eit større medvit om språklege skilnader. I det sentrale Bremnesområdet derimot, som på ein måte kan sjåast som vinnaren etter kommunesamanslåinga, og som fekk status som sentrum etter at Bømlo blei ein kommune, verkar dei ikkje å ha det samme behovet for å markera

⁵⁰ Som nemnt ovanfor, finn ein *r* uttalt som ein alveolar trill hos ein del vaksne og eldre i det sentrale Bremnesområdet. Men det er òg slik at mange eldre folk på Moster har alveolar uttale av *r*.

eigen identitet, og dermed verkar dei heller ikkje å vera så opptadde av dei språklege skilnadene.

7. 1. 7. Oppsummering

Etter gjennomgangen av resultatata kan me slå fast at det er ein språkleg skilnad mellom aldersgruppene som er med i granskinga. Dei unge har med omsyn til mange språktrekk signifikant høgare modernitetsprosent enn dei vaksne. Om dette er eit uttrykk for verkeleg endring eller om det kan forklarast med aldersavgrensa språkbruk, er det vanskeleg å avgjera. Med utgangspunkt i Stokka (1982) si gransking, verkar det likevel rimeleg sikkert at bømlamålet verkeleg er i endring.

Dei geografisk betinga forskjellane, som tradisjonelt har eksistert mellom Moster og Bremnes sokn, verkar å vera så godt som utjamna, sjølv om variabel 27 viser ein signifikant forskjell når ein samanliknar belegga frå dei unge i Moster sokn med belegga frå dei unge i Bremnes sokn. Materialet viser at dei i frå Moster i begge aldersgruppene verkar å ha ein litt høgare modernitetsprosent, men forskjellen er ikkje statistisk signifikant. Det er ein liten tendens i materialet som indikerer at forskjellane faktisk er litt større blant dei unge, og det gjer at ein kan spekulera i om det har skjedd ei endring med språket til dei vaksne i frå då dei deltok i Stokka si gransking. Med omsyn til variabel 27, er dei tradisjonelle forskjellane oppretthaldne i begge aldersgruppene, sjølv om dei unge viser ein tendens til endå meir vinging mellom dei ulike uttalevariantane. Ein ser at ingen av aldersgruppene viser ein markant skilnad i språkform mellom dei to områda. Dei omtala tradisjonelle skilnadene mellom områda, utanom uttale av kort y (\emptyset), må ein derfor sjå eldre granskingar av bømlamålet for å få eit bilete av, og det verkar som om medvitet om forskjell er større enn dei reelle forskjellane. Dette gjeld i særleg grad i Moster sokn.

7. 2. Resultat i forhold til kjønn, foreldrebakgrunn og tid borte frå Bømlo

7. 2. 1. Innleiing

Som nemnt ovanfor, nytta eg signifikanstesting kun i samband med aldersvariasjonen og den geografiske variasjonen. Når eg no går over til å presentera resultatata i forhold til dei andre sosiale faktorane, sluttar eg å oppgje probabilitetsnivået. I staden vil eg operera med eit system der eg markerer skilnaden mellom gruppene med +, - eller 0. Dersom skilnaden mellom gruppene er mindre enn 10 % vil eg ikkje rekna skilnaden som stor nok til å vera med å danna ein tendens, og resultatet vil bli markert med 0. Er hypotesen retningsbestemt, vil resultat som støttar hypotesen bli markerte med +, medan resultat som går mot hypotesen blir

merkte med -. Når det gjeld dei retningsnøytrale hypotesane, vil det òg bli gjort slik at resultat som går i den eine retninga blir markerte med +, medan resultat som går i motsett lei blir merkte med -. Etterpå må ein så gå inn i materialet og sjå kva veg majoriteten av resultata peikar. Fordi eg i forhold til desse resultata ikkje signifikantestar, skal ein vera ekstra varsam med å slå fast kva som verkar å påverka språkbruken og generalisera på bakgrunn av materialet. Resultata gjev likevel ein indikasjon på kva som verkar å påverka den språklege variasjonen.

Undervegs vil det bli peikt på relevant teori, og kjennskapen min til dei lokale tilhøva vil òg bidra med å kasta lys over resultata.

7. 2. 2. Kjønnsaspektet

H3: *Det er ein samanheng mellom kjønn og språkbruk.*

	Kvinner	Menn	Støttar / støttar ikkje (0) hypotesen.
V1: Presens av svake verb i a-kl.	24,04	33,60	0
V2: Presens av sterke i-omlydsverb	15,34	23,80	0
V3: Assimilasjon av <i>ld</i> i ordslutt	82,03	98,69	-
V4: Assimilasjon av <i>ld</i> i innlyd	62,30	75,85	-
V5: Assimilasjon av <i>mb</i> i ordslutt	70,37	74,07	0
V6: Assimilasjon av <i>mb</i> i innlyd	66,67	100	-
V7: Assimilasjon av <i>nd</i> i ordslutt	51,55	48,68	0
V8: Assimilasjon av <i>nd</i> i innlyd	31,68	42,73	-
V9: Assimilasjon av <i>ng</i> i ordslutt	93,98	97,45	0
V10: Assimilasjon av <i>ng</i> i innlyd	78,34	91,57	-
V11: Palatalisering av <i>k</i> i innlyd	73,08	74,96	0
V12: Palatalisering av <i>g</i> i innlyd	71,28	70,08	0
V13: Palatalisering av <i>sk</i> i innlyd	64,10	60,06	0
V14: Differensiasjon av <i>rn</i> i ordslutt	41,67	53,80	-
V15: Differensiasjon av <i>rn</i> i innlyd	38,76	49,59	-
V16: Segmentasjon av <i>ll</i> i ordslutt	100	97,78	0
V17: Segmentasjon av <i>ll</i> i innlyd	62,04	63,94	0
V18: Segmentasjon av <i>nn</i> i ordslutt	100	88,89	+
V19: Segmentasjon av <i>nn</i> i innlyd	98,06	93,67	0
V20: Lenging av /ɑ:,ø:/ føre /dŋ/	46,43	50,09	0
V21: Lenging av /ɑ:/ føre /gŋ/	-	-	
V22: Lenging av /e, ɔ, ʉ/ føre /dʲ/	100	100	0
V23: Lenging av /ɔ/ føre /dŋ/	100	100	0
V24: Lenging av /e, ø, ɔ/ føre /gŋ/	100	100	0
V25: Lenging av /ʉ/ føre /gʲ/	100	83,33	+
V26: Uttale av kort <i>y</i> som [Y] el. [ʉ]	32,16	19,48	+
V27: Uttale av kort <i>y(ø)</i> som [Y],[ʉ]el.[œ]	17,61	11,48	0

Tabell 4: Gjennomsnittleg modernitetsprosent i forhold til kjønn.

Med omsyn til denne hypotesen, er tendensen i materialet ikkje særleg klar. Som ein ser i tabell 4, viser fjorten språklege variablar at mennene har høgast modernitetsprosent, medan ni variablar viser at det er kvinnene som har flest moderne former. Forskjellen er i dei fleste tilfella ikkje særleg stor. Tre språklege variablar viser ingen forskjell mellom kjønna; både menn og kvinner gjer berre bruk av moderne former. Størsteparten (16) av variablane viser så liten forskjell mellom gruppene (mindre enn 10%) at ein må seia at dei svekkar hypotesen. I tillegg er det slik at verdiane for dei variablane som viser forskjell mellom menn og kvinner, ikkje viser nokon eintydig tendens. Når det gjeld variabel 18, 25 og 26 kan ein snakka om ein tendens som seier at kvinnene har høgast modernitetsprosent. Med omsyn til variabel 3, 4, 6, 8, 10, 14 og 15 derimot, er tendensen omvendt. Her er det mennene som har klart høgast modernitetsprosent.

I motsetnad til storparten av alle sosiolingvistiske granskingar (t.d. Labov 1966, Trudgill 1974b), er hovudtendensen i materialet mitt at kjønn ikkje verkar å samvariera med språk på ein eintydig måte. Kjønn verkar ikkje å vera ein avgjerande faktor for språkbruk på Bømlo, sjølv om det er ein liten tendens i materialet som seier at mennene i størst grad gjer bruk av dei moderne formene. Resultata frå granskinga mi passar med andre ord ikkje inn i det biletet som er dominerande innanfor sosiolingvistikken når det gjeld språklege forskjellar mellom menn og kvinner. Dei fleste sosiolingvistiske granskingar har vist at kvinner generelt har ein meir standardisert språkbruk enn menn. Kva er det som gjer at innbyggjarane på Bømlo på dette området er annleis?

Det kan tenkjast at dersom eg hadde hatt eldre aldersgrupper med i granskinga mi, ville eg funne meir kjønnsdifferensierte resultat. Det at alle informantane mine er relativt unge har kanskje gjort at dei er blitt utsette for ein mindre kjønnsdifferensiert sosialiseringssprosess, og det kan vera dette som speglar seg i språket deira. Det ville passa bra med den etablerte teorien på området, og nyare granskingar av unge har, som nemnt tidlegare,⁵¹ vist tilsvarande resultat. Det er likevel ingenting som tilseier at eg ville funne markerte språklege ulikskapar basert på kjønn dersom eg hadde granska eldre aldersgrupper. Det er ingen av dei som tidlegare har granska bømnamålet som har sett på kjønn i forhold til språkbruk på ein systematisk måte. Eg må ta utgangspunkt i mine eigne resultat, og dei viser ikkje store forskjellar basert på kjønn. Sjølv om det hadde passa godt med etablert teori, trur eg ikkje at bømnamålet har komme så langt i utviklinga vekk frå eit tradisjonelt kjønnsrollemønster at det kan forklara dei små språkforskjellane mellom menn og kvinner.

⁵¹ Sjå gjennomgangen av kjønn som ein sosial variabel s. 69-70.

Det kan vera interessant å kombinera kjønnsfaktoren med aldersperspektivet for å sjå om det er markerte aldersforskjellar med omsyn til dette.

Ser ein berre på dei vaksne,⁵² ser ein at mennene har høgast modernitetsprosent med omsyn til tolv språklege variablar, men forskjellen mellom gruppene er i nokre tilfelle ikkje særleg markert. Ein skal likevel merkja seg variabel 2, 4, 7, 9, 10, 11 og 17. Dette er variablar med relativt mange belegg i materialet, og med omsyn til desse har mennene så pass mykje høgare modernitetsprosent at ein kan snakka om ein tendens i materialet. Sju variablar viser resultat som går i motsett retning, men forskjellen er, med unntak av variabel 5 og 20, svært liten. Variabel 5 og 20 er variablar med relativt få belegg i materialet, og ein kan derfor ikkje setja for stor lit til resultatata med omsyn til desse. Ein språkleg variabel viser ingen forskjell mellom kjønna. Med omsyn til denne variabelen har både menn og kvinner 100 % moderne former. Når det gjeld to variablar har eg berre fått belegg for den eine gruppa. Her er det òg slik at den gruppa eg har belegg for viser 100 % moderne former.

Ser ein berre på resultatata i tilknytning til dei unge,⁵³ ser ein at elleve variablar viser at gutane har høgast modernitetsprosent, og når det gjeld variabel 1, 4, 8 og 15 er skilnaden mellom gruppene så stor at ein kan snakka om ein tendens. Dette er variablar med mange belegg i materialet. Elleve variablar har verdiar som går i motsett lei, og ein kan særleg merkja seg v7 og v26. Dette er frekvente variablar i materialet, og forskjellen mellom gruppene er så markert at ein kan snakka om ein tendens i materialet. Når det gjeld fire variablar er det ingen forskjell mellom gutane og jentene. Her har begge gruppene berre belegg på moderne former.

Ein ser at det verkar å vera ein liten tendens i materialet som indikerer at kjønnsforskjellane faktisk var litt større blant dei vaksne samanlikna med dei unge, og i så måte kan ein kanskje tolka det slik at dei sosiale forskjellane mellom kjønna er blitt mindre på Bømlo òg. Det er ein liten tendens i materialet som indikerer at mennene brukar ein større del av dei moderne formene enn det kvinnene gjer, i alle fall med omsyn til dei vaksne, men kjønn verkar ikkje å vera ein avgjerande faktor for språkbruk.

Bømlo er framleis på mange måtar eit relativt tradisjonelt samfunn med omsyn til kjønnsroller. Svært mange menn jobbar i sjøfartsnæringa eller industrien, medan dei fleste kvinner jobbar innanfor helse og omsorg eller i sørvisyrker. Det er òg relativt mange yngre kvinner som jobbar deltid eller som er heimeverande. 8. mars 2000 publiserte Dagbladet

⁵² Sjå tabellgruppe 3 i vedlegg L.

⁵³ Sjå tabellgruppe 3 i vedlegg L.

(Stokkan 2000) ein statistikk over stoda for likestillinga i norske kommunar. Her kom Bømlo svært dårleg ut. Dette samsvarar med det inntrykket eg har av situasjonen i Bømlo kommune, og stadfestar at det truleg ikkje kan vera mangelen på tradisjonelle kjønnsrollemønster som forklarar mangelen på markert språkleg skilnad mellom kjønna.

Det finst andre sosiolingvistiske granskingar i Noreg som har konkludert med tilsvarande liten skilnad mellom menn og kvinner, som det mi gransking av bømlamålet viser. Arne Tunheim fann i hovudfagsavhandlinga si (1990:138-140) at det var få språkforskjellar mellom kjønna i Giske kommune, og at mennene faktisk hadde ein litt høgare presentsats av yngre former enn kvinnene. Dette er eit resultat som han har problemer med å forklara, men han viser til undersøkingar av tilsvarande fiskarsamfunn (Stemshaug 1972:56), der det faktisk synte seg at det var kvinnene som heldt best på det tradisjonelle målet. Dette blei forklart med at dei var meir stadbundne enn mennene, som var fiskarar og reiste mykje. Her kan ein faktisk trekkja ein parallell til bømlasamfunnet. Som eg nemnte ovanfor, har mange menn på Bømlo arbeidet sitt på sjøen, medan kvinnene er meir stadbundne. Kanskje dette delvis kan tena som ein forklaringsmodell på det at dei vaksne mennene i granskinga mi verkar å gjera bruk av litt meir moderne former enn dei vaksne kvinnene. Tidlegare i avhandlinga nemnte eg at det på Bømlo ikkje er noko særleg medvit om klare klasseskilnader basert på sosioøkonomiske inndelingar. Det er sjølvsagt mogleg å dela folk inn i grupper basert på inntekt, yrke og utdanning, men folk på Bømlo har i stor grad omgang på tvers av desse skilja, og dette er truleg ikkje noko som systematisk påverkar språkbruken. Kanskje er det slik at dersom den sosiale skilnaden mellom menn og kvinner klart skal komma til uttrykk språkleg, krev det at dei sosiale skilnadene elles i samfunnet òg klarare blir uttrykte språkleg.

7. 2. 3. Foreldrebakgrunn

H4: *Dei som har begge foreldre eller berre mor frå Bømlo har lågare modernitetsprosent enn dei som har berre far eller ingen av foreldra frå Bømlo.*

	Mor og far frå Bømlo	Berre mor frå Bømlo	Berre far Frå Bømlo	Støttar (+) / støttar ikkje (-) hypotesen (forskjell mellom både mor og far og berre far)
V1: Presens av svake verb i a-kl.	21,20	32,79	40,70	+
V2: Presens av sterke i-omlydsverb	11,61	22,04	30,94	+
V3: Assimilasjon av <i>ld</i> i ordslutt	95,24	87,50	97,65	0
V4: Assimilasjon av <i>ld</i> i innlyd	68,26	62,76	76,09	0
V5: Assimilasjon av <i>mb</i> i ordslutt	62,75	71,43	84,85	+
V6: Assimilasjon av <i>mb</i> i innlyd	66,67	100	100	+
V7: Assimilasjon av <i>nd</i> i ordslutt	52,56	52,73	44,69	0

V8: Assimilasjon av <i>nd</i> i innlyd	31,76	36,98	46,11	+
V9: Assimilasjon av <i>ng</i> i ordslutt	93,83	95,06	98,65	0
V10: Assimilasjon av <i>ng</i> i innlyd	79,52	91,65	89,99	+
V11: Palatalisering av <i>k</i> i innlyd	60,57	75,71	91,38	+
V12: Palatalisering av <i>g</i> i innlyd	57,94	74,30	85,39	+
V13: Palatalisering av <i>sk</i> i innlyd	51,39	73,33	70,09	+
V14: Differensiasjon av <i>rn</i> i ordslutt	27,08	69,05	75,19	+
V15: Differensiasjon av <i>rn</i> i innlyd	33,47	46,67	61,18	+
V16: Segmentasjon av <i>ll</i> i ordslutt	100	100	96,67	0
V17: Segmentasjon av <i>ll</i> i innlyd	49,78	70,76	76,39	+
V18: Segmentasjon av <i>nn</i> i ordslutt	77,78	100	100	+
V19: Segmentasjon av <i>nn</i> i innlyd	92,79	97,12	100	0
V20: Lenging av /ɑ:,ø:/ føre /dŋ/	35,56	69,05	59,44	+
V21: Lenging av /ɑ:/ føre /gŋ/	-	-	-	
V22: Lenging av /e, ɔ, ʉ/ føre /dʎ/	100	100	100	0
V23: Lenging av /ɔ/ føre /dŋ/	100	100	100	0
V24: Lenging av /e, ø, ɔ/ føre /gŋ/	100	100	100	0
V25: Lenging av /ʉ/ føre /gʎ/	100	83,33	100	0
V26: Uttale av kort <i>y</i> som [ɣ] el. [ʉ]	21,01	28,60	31,56	+
V27: Uttale av kort <i>y(ø)</i> som [ɣ],[ʉ]el.[œ]	14,15	15,81	13,22	0

Tabell 5: Gjennomsnittleg modernitetsprosent i forhold til foreldrebakgrunn.

Det var berre ein informant som ikkje hadde nokon av foreldra frå Bømlo. Fordi det er umogleg å sjå denne eine informanten som representant for ei gruppe, trur eg det er best å sjå bort frå han/ho i samanlikninga. Eg samanliknar derfor dei som har begge foreldre, berre mor eller berre far frå Bømlo.

Som det går fram av tabell 5, viser nitten variablar verdiar som går i den retning som hypotesen predikerer, og femten av desse viser så stor skilnad mellom gruppene at ein kan seia at dei støttar hypotesen. Av dei tre resultata som viser verdiar som går i motsett retning, er skilnaden så liten at ein ikkje kan setja nokon lit til dei. Når det gjeld fire språklege variablar var det ingen forskjell mellom gruppene. Med omsyn til desse hadde begge gruppene kun belegg på moderne former. Hypotese fire står altså relativt sterkt. Det verkar med andre ord som om talemålet til foreldra har noko å seia for korleis barna snakkar. Dei med begge foreldra frå Bømlo nyttar ein større prosentsats av dei tradisjonelle formene i forhold til dei som har berre far i frå Bømlo. Dersom berre ein av foreldra er frå Bømlo, er det ein liten tendens i materialet som indikerer at dei som har berre far i frå Bømlo nyttar endå litt fleire av dei moderne formene i forhold til dei som har mor i frå Bømlo.

Fleire granskingar har vist at når det gjeld ein del språktrekk er det ikkje nok å veksa opp på ein særskilt plass dersom ein skal tileigna seg dei. For å læra seg å meistra desse trekk, er det naudsynt at ein òg har foreldre som meistrar desse språktrekka. Trudgill (1986:34-35) viste med si undersøking av talemålet i Norwich kor viktig det er for

språkbrukaren å ha foreldre frå samme plass for å meistra spesielle fonologiske trekk. Om ikkje begge foreldra var frå staden, var det oftast mest avgjerande at mora var frå samme plass: ”In some cases, it seems to be necessary for only the mother to have had a non-Norwich accent for the distinction not to be mastered.”

7. 2. 4. Tid borte frå Bømlo

H5: *Det er ein skilnad mellom dei som har budd borte frå Bømlo og andre når det gjeld modernitetsprosent.*

Fordi alle dei unge informantane har budd på Bømlo heile livet, gjeld denne hypotesen berre dei vaksne.

	Ja	Nei	Støttar /støttar ikkje (0) hypotesen
V1: Presens av svake verb i a-kl.	0,72	5,12	0
V2: Presens av sterke i-omlydsverb	15,25	6,72	0
V3: Assimilasjon av <i>ld</i> i ordslutt	94,06	75,00	+
V4: Assimilasjon av <i>ld</i> i innlyd	59,25	72,23	-
V5: Assimilasjon av <i>mb</i> i ordslutt	40,00	50,00	-
V6: Assimilasjon av <i>mb</i> i innlyd	-	-	
V7: Assimilasjon av <i>nd</i> i ordslutt	77,91	83,03	0
V8: Assimilasjon av <i>nd</i> i innlyd	33,62	46,67	-
V9: Assimilasjon av <i>ng</i> i ordslutt	88,71	87,62	0
V10: Assimilasjon av <i>ng</i> i innlyd	60,00	66,67	0
V11: Palatalisering av <i>k</i> i innlyd	31,89	20,00	+
V12: Palatalisering av <i>g</i> i innlyd	28,10	7,89	+
V13: Palatalisering av <i>sk</i> i innlyd	8,97	16,67	0
V14: Differensiasjon av <i>rn</i> i ordslutt	13,89	50,00	-
V15: Differensiasjon av <i>rn</i> i innlyd	6,83	20,00	-
V16: Segmentasjon av <i>ll</i> i ordslutt	100	-	
V17: Segmentasjon av <i>ll</i> i innlyd	22,03	11,11	+
V18: Segmentasjon av <i>nn</i> i ordslutt	-	-	
V19: Segmentasjon av <i>nn</i> i innlyd	97,50	87,50	+
V20: Lenging av /ɑ:,ø:/ føre /dŋ/	25,00	50,00	-
V21: Lenging av /ɑ:/ føre /gŋ/	-	-	
V22: Lenging av /e, ɔ, ʉ/ føre /dʎ/	-	-	
V23: Lenging av /ɔ/ føre /dŋ/	-	-	
V24: Lenging av /e, ø, ɔ/ føre /gŋ/	100	100	0
V25: Lenging av /ʉ/ føre /gʎ/	-	100	
V26: Uttale av kort <i>y</i> som [ɣ] el. [ʉ]	12,15	0,00	+
V27: Uttale av kort <i>y(ø)</i> som [ɣ],[ʉ]el.[œ]	5,00	1,67	0

Tabell 6: Gjennomsnittleg modernitetsprosent i forhold til eventuelt opphald borte frå Bømlo.

Som det går fram av tabell 6, viser åtte variablar så liten skilnad mellom gruppene at ein ikkje kan lesa nokon tendens ut av resultatata. Når det gjeld ein variabel er det slik at begge gruppene kun gjer bruk av dei moderne formene. Av dei tolv variablane som viser ein større skilnad enn 10%, er det seks som viser at dei som har budd vekke har høgast modernitetsprosent, medan seks variablar viser verdiar som indikerer det motsette. To variablar viser berre belegg for ei av gruppene, og her er det derfor ikkje mogleg å samanlikna. Resultata er med andre ord svært lite eintydige.

Mange vil kanskje tru at det å bu borte i mange tilfelle ville føra til at ein modifierer talemålet sitt i nokon grad i retning av meir standardisert tale. Likevel skal me hugsa på at alle desse personane har flytta tilbake til Bømlo igjen, og at dei nok har budd på Bømlo i ein del år etter at dei kom tilbake. Dermed har dei igjen vore eksponerte for bømmlamål, og dersom dei hadde tilpassa dialekten sin i nokon grad, har dei hatt høve til å justera den tilbake. Kanskje kan det å bu borte òg føra til at ein blir meir medviten om språket sitt, og at ein blir opptatt av å 'halda på dialekten'. Det kan vera slik at dei som har budd vekke, medvite eller umedvite, er redde for å ta opp nye trekk i talemålet av frykt for at det skal oppfattast som 'knot'. Datamaterialet er i alle høve svært lite eintydig i forhold til kva det å ha budd borte har å seia for talemålet, og vidare spekulasjonar rundt dette blir derfor meiningslaust.

7. 2. 5. Oppsummering

Når ein ser på aldersgruppene samla, viste datamaterialet at det ikkje er store språklege skilnader mellom kjønna. Likevel er det ein tendens i materialet som indikerer at mennene har litt fleire moderne former i talemålet sitt i forhold til kvinnene. Dersom ein ser på aldersgruppene kvar for seg, verkar det som om dette særleg gjeld dei vaksne, men skilnaden er ikkje spesielt markant. Sjølv om dette resultatet er litt uventa, finst det granskingar i Noreg som har vist tilsvarande resultat.

Datamaterialet viste at foreldra sin språkbakgrunn truleg er har noko å seia for barna sin språkbruk. Eit stort fleirtal av dei språklege variablane viste at dei med begge foreldre frå Bømlo hadde ein tendens til å bruka færre moderne former i språket sitt enn dei med berre ein av foreldra frå Bømlo.

Med omsyn til språklege forskjellar mellom dei som har budd vekke og dei som har budd på Bømlo heile tida, er materialet svært lite eintydig.

7. 3. Resultat i forhold til haldningar

7. 3. 1. Innleiing

Haldningsaspektet blei undersøkt ved hjelp av spørjeskjema som informantane fylte ut. Mange av desse spørsmåla blei analyserte kvantitativt. Det var likevel nokre av spørsmåla som ikkje eigna seg for denne typen kvantifisering. Desse vil bli trekte inn på ein meir kvalitativ måte i den følgjande drøftinga. Mange av spørsmåla som blei gjenstand for kvantifisering, var eigentleg fleire måtar å spørja om det samme på. Dei vil derfor saman bli brukte til å støtta opp under eller svekka samme hypotese.

Resultata vil bli markerte ved hjelp av +, - eller 0, på samme måte som eg gjorde greie for ovanfor. Det er altså berre tendensen i resultata som blir notert, og det blir ikkje operert med signifikanstesting. Resultata vil bli freista forstått i lys av relevant teori og kjennskapen min til dei lokale tilhøva.

7. 3. 2. Haldning til dialektar

H7a: *Det er ein samanheng mellom haldning til dialektar og språkform.*

Spørsmåla som er grunnlag for hypotesen, er desse:

1. Synst du din eigen dialekt er fin?
2. Snakkar du alltid likt?
3. Hender det du synst at dialekten din ikkje passar inn?
4. Finst det situasjonar der dialektar generelt ikkje passar inn?

Med omsyn til det første spørsmålet er det slik at heile nitten variablar viser at dei som likar dialekten sin, har lågare modernitetsprosent enn dei som oppgav at dei ikkje likar dialekten sin (sjå tabell 7). Med omsyn til ti av desse er forskjellen mellom gruppene over 10 %, og ein kan derfor snakka om ein viss tendens i materialet til at positiv haldning til eigen dialekt samvarierer med ei tradisjonell språkform. Særleg skal ein merkja seg variabel 11, 12 og 15. Dette er variablar med relativt mange belegg i materialet, og forskjellen mellom gruppene er med omsyn til desse ganske markert. Fire språklege variablar viser verdiar som går i motsett lei, men når det gjeld tre av desse er forskjellen så liten at ein ikkje kan snakka om nokon tendens. Med omsyn til tre språklege variablar var modernitetsprosenten lik for dei som svara ja og dei som svara nei. Når det gjeld desse, hadde begge gruppene 100 % moderne former. Sjølv om eit stort fleirtal av variablane viser at dei som likar talemålet sitt har lågast modernitetsprosent, skal ein merkja seg at forskjellen mellom gruppene i dei fleste tilfelle ikkje er særleg markant.

Synst du din eigen dialekt er fin?

	Ja	Nei	Støttar/støttar ikkje (0) hypotesen.
V1: Presens av svake verb i a-kl.	30,04	26,57	0
V2: Presens av sterke i-omlydsverb	17,83	25,55	0
V3: Assimilasjon av <i>ld</i> i ordslutt	95,76	50,00	-
V4: Assimilasjon av <i>ld</i> i innlyd	65,65	81,25	+
V5: Assimilasjon av <i>mb</i> i ordslutt	67,90	91,67	+
V6: Assimilasjon av <i>mb</i> i innlyd	80,00	100	+
V7: Assimilasjon av <i>nd</i> i ordslutt	48,82	53,41	0
V8: Assimilasjon av <i>nd</i> i innlyd	38,32	29,08	0
V9: Assimilasjon av <i>ng</i> i ordslutt	95,45	100	0
V10: Assimilasjon av <i>ng</i> i innlyd	84,48	92,71	0
V11: Palatalisering av <i>k</i> i innlyd	68,91	100	+
V12: Palatalisering av <i>g</i> i innlyd	66,29	100	+
V13: Palatalisering av <i>sk</i> i innlyd	59,04	100	+
V14: Differensiasjon av <i>rn</i> i ordslutt	38,33	68,75	+
V15: Differensiasjon av <i>rn</i> i innlyd	38,62	70,83	+
V16: Segmentasjon av <i>ll</i> i ordslutt	98,57	100	0
V17: Segmentasjon av <i>ll</i> i innlyd	59,32	84,97	+
V18: Segmentasjon av <i>nm</i> i ordslutt	86,67	100	+
V19: Segmentasjon av <i>nm</i> i innlyd	94,51	100	0
V20: Lenging av /ɑ:,ø:/ føre /dŋ/	41,32	50,00	0
V21: Lenging av /ɑ:/ føre /gŋ/	-	-	
V22: Lenging av /e, ɔ, u/ føre /dʎ/	100	100	0
V23: Lenging av /ɔ/ føre /dŋ/	100	100	0
V24: Lenging av /e, ø, ɔ/ føre /gŋ/	100	100	0
V25: Lenging av /u/ føre /gʎ/	92,86	100	0
V26: Uttale av kort <i>y</i> som [ɣ] el. [ʉ]	24,94	24,41	0
V27: Uttale av kort <i>y(ø)</i> som [ɣ],[ʉ]el.[œ]	13,44	21,85	0

Tabell 7: Gjennomsnittleg modernitetsprosent i forhold til haldning til dialekt, spørsmål 1.

For spørsmål nummer to (sjå tabell 8) er det ti språklege variablar som viser at dei som meiner dei alltid snakkar likt har lågare modernitetsprosent enn dei som svara nei på dette spørsmålet, men det er berre ein variabel (v18) som viser ein forskjell på over 10 % mellom gruppene.

Tretten språklege variablar viser at dei som meiner dei alltid snakkar likt har fleire moderne former enn dei som ikkje trur dei gjer det, men berre to variablar viser ein skilnad på over 10 %. Tre språklege variablar viser like resultat for begge gruppene, og når det gjeld desse er det slik at dei moderne formene utgjer 100 % av belegga. Materialet verkar altså ikkje å støtta opp om hypotesen.

Snakkar du alltid likt?

	Ja	Nei	Støttar/støttar ikkje (0) hypotesen.
V1: Presens av svake verb i a-kl.	30,87	29,21	0
V2: Presens av sterke i-omlydsverb	18,47	21,33	0
V3: Assimilasjon av <i>ld</i> i ordslutt	93,14	95,24	0
V4: Assimilasjon av <i>ld</i> i innlyd	75,37	67,48	0
V5: Assimilasjon av <i>mb</i> i ordslutt	68,42	71,43	0

V6: Assimilasjon av <i>mb</i> i innlyd	100	50,00	-
V7: Assimilasjon av <i>nd</i> i ordslutt	47,35	53,91	0
V8: Assimilasjon av <i>nd</i> i innlyd	39,17	33,74	0
V9: Assimilasjon av <i>ng</i> i ordslutt	96,73	93,41	0
V10: Assimilasjon av <i>ng</i> i innlyd	84,98	84,24	0
V11: Palatalisering av <i>k</i> i innlyd	75,10	68,69	0
V12: Palatalisering av <i>g</i> i innlyd	68,68	68,54	0
V13: Palatalisering av <i>sk</i> i innlyd	62,59	56,25	0
V14: Differensiasjon av <i>rn</i> i ordslutt	56,37	41,15	-
V15: Differensiasjon av <i>rn</i> i innlyd	47,32	40,88	0
V16: Segmentasjon av <i>ll</i> i ordslutt	97,78	100	0
V17: Segmentasjon av <i>ll</i> i innlyd	58,10	67,61	0
V18: Segmentasjon av <i>nn</i> i ordslutt	86,67	100	+
V19: Segmentasjon av <i>nn</i> i innlyd	93,32	98,39	0
V20: Lenging av /a:,ø:/ føre /dŋ/	52,45	43,08	0
V21: Lenging av /a:/ føre /gŋ/	-	-	
V22: Lenging av /e, ɔ, ʉ/ føre /dʎ/	100	100	0
V23: Lenging av /ɔ/ føre /dŋ/	100	100	0
V24: Lenging av /e, ø, ɔ/ føre /gŋ/	100	100	0
V25: Lenging av /ʉ/ føre /gʎ/	100	91,67	0
V26: Uttale av kort <i>y</i> som [ɣ] el. [ʉ]	22,82	28,43	0
V27: Uttale av kort <i>y(ø)</i> som [ɣ],[ʉ]el.[œ]	12,14	16,04	0

Tabell 8: Gjennomsnittleg modernitetsprosent i forhold til haldning til dialekt, spørsmål 2.

Med omsyn til spørsmål nummer tre (sjå tabell 9), fordeler materialet seg slik at for sytten av variablane er det dei som oppgjev at det hender dei føler at dialekten deira ikkje passar inn som har høgast modernitetsprosent. Berre fem av desse viser ein forskjell på over 10 %. Fem variablar viser resultat som går i motsett retning, og med omsyn til tre er skilnaden mellom gruppene på over 10 %. Det vil seia at fjorten variablar viser minimal forskjell mellom gruppene, og når det gjeld fire variablar er det slik at begge gruppene berre har belegg på moderne former. Det er med andre ord ingen klar tendens i materialet.

Hender det du føler dialekten din ikkje passar inn?

	Ja	Nei	Støttar/støttar ikkje (0) hypotesen.
V1: Presens av svake verb i a-kl.	30,89	27,40	0
V2: Presens av sterke i-omlydsverb	12,74	23,84	-
V3: Assimilasjon av <i>ld</i> i ordslutt	79,46	95,90	-
V4: Assimilasjon av <i>ld</i> i innlyd	72,71	66,28	0
V5: Assimilasjon av <i>mb</i> i ordslutt	76,92	68,18	0
V6: Assimilasjon av <i>mb</i> i innlyd	100	100	0
V7: Assimilasjon av <i>nd</i> i ordslutt	46,01	53,31	0
V8: Assimilasjon av <i>nd</i> i innlyd	40,52	34,99	0
V9: Assimilasjon av <i>ng</i> i ordslutt	94,50	96,24	0
V10: Assimilasjon av <i>ng</i> i innlyd	85,08	84,19	0
V11: Palatalisering av <i>k</i> i innlyd	83,13	67,46	+
V12: Palatalisering av <i>g</i> i innlyd	77,79	65,41	+
V13: Palatalisering av <i>sk</i> i innlyd	70,37	57,69	+
V14: Differensiasjon av <i>rn</i> i ordslutt	51,67	48,81	0

V15: Differensiasjon av <i>rn</i> i innlyd	51,56	41,45	+
V16: Segmentasjon av <i>ll</i> i ordslutt	100	98,95	0
V17: Segmentasjon av <i>ll</i> i innlyd	70,05	57,79	+
V18: Segmentasjon av <i>nn</i> i ordslutt	86,67	100	-
V19: Segmentasjon av <i>nn</i> i innlyd	99,04	93,80	0
V20: Lenging av /ɑ:,ø:/ føre /dŋ/	53,94	47,92	0
V21: Lenging av /ɑ:/ føre /gŋ/	-	-	
V22: Lenging av /e, ɔ, ʉ/ føre /dʎ/	100	100	0
V23: Lenging av /ɔ/ føre /dŋ/	100	100	0
V24: Lenging av /e, ø, ɔ/ føre /gŋ/	100	100	0
V25: Lenging av /ʉ/ føre /gʎ/	100	92,86	0
V26: Uttale av kort <i>y</i> som [Y] el. [ʉ]	29,38	22,61	0
V27: Uttale av kort <i>y(ø)</i> som [Y],[ʉ]el.[œ]	16,66	12,82	0

Tabell 9: Gjennomsnittleg modernitetsprosent i forhold til haldning til dialekt, spørsmål 3.

Når det gjeld spørsmål nummer fire (sjå tabell 10), er det slik at seksten av variablane viser at dei som meiner at det finst situasjonar der dialektar generelt ikkje passar inn har fleire moderne former i språket sitt enn dei som meiner at det ikkje finst slike situasjonar. Når det gjeld elleve av desse er forskjellen mellom gruppene meir enn 10 %. Ein skal særleg merkja seg variabel 11, 12 og 15. Dette er variablar med relativt mange belegg i materialet, og forskjellen mellom gruppene er så pass stor at ein kan snakka om ein tendens i materialet til at ei negativ innstilling til dialektar korrelerer med høg modernitetsprosent. Fem språklege variablar viser verdiar som indikerer det motsette, men for tre av dei er skilnaden mindre enn 10 %. Fire variablar viser lik modernitetsprosent for begge gruppene: 100 %. Ein språkleg variabel har berre belegg for dei som svara nei på dette spørsmålet, og det er derfor ikkje mogleg å samanlikna.

Hender det dialektar generelt ikkje passar inn?

	Ja	Nei	Støttar/støttar ikkje (0) hypotesen.
V1: Presens av svake verb i a-kl.	47,22	26,08	+
V2: Presens av sterke i-omlydsverb	17,35	22,72	0
V3: Assimilasjon av <i>ld</i> i ordslutt	50,00	95,76	-
V4: Assimilasjon av <i>ld</i> i innlyd	67,06	68,54	0
V5: Assimilasjon av <i>mb</i> i ordslutt	83,33	61,90	+
V6: Assimilasjon av <i>mb</i> i innlyd	-	100	
V7: Assimilasjon av <i>nd</i> i ordslutt	43,05	59,39	-
V8: Assimilasjon av <i>nd</i> i innlyd	35,71	35,92	0
V9: Assimilasjon av <i>ng</i> i ordslutt	95,56	94,47	0
V10: Assimilasjon av <i>ng</i> i innlyd	91,43	81,38	+
V11: Palatalisering av <i>k</i> i innlyd	90,00	61,39	+
V12: Palatalisering av <i>g</i> i innlyd	85,96	58,98	+
V13: Palatalisering av <i>sk</i> i innlyd	83,33	54,49	+
V14: Differensiasjon av <i>rn</i> i ordslutt	81,25	36,90	+
V15: Differensiasjon av <i>rn</i> i innlyd	59,32	36,99	+
V16: Segmentasjon av <i>ll</i> i ordslutt	100	97,78	0

V17: Segmentasjon av <i>ll</i> i innlyd	83,46	51,14	+
V18: Segmentasjon av <i>nn</i> i ordslutt	100	100	0
V19: Segmentasjon av <i>nn</i> i innlyd	100	92,87	0
V20: Lenging av /ɑ:,ø:/ føre /dŋ/	62,50	40,42	+
V21: Lenging av /ɑ:/ føre /gŋ/	-	-	
V22: Lenging av /e, ɔ, ʉ/ føre /dʎ/	100	100	0
V23: Lenging av /ɔ/ føre /dŋ/	100	100	0
V24: Lenging av /e, ø, ɔ/ føre /gŋ/	100	100	0
V25: Lenging av /ʉ/ føre /gʎ/	100	90,00	+
V26: Uttale av kort <i>y</i> som [Y] el. [ʉ]	27,73	24,81	0
V27: Uttale av kort <i>y</i> (ø) som [Y],[ʉ]el.[œ]	18,42	11,39	0

Tabell 10: Gjennomsnittleg modernitetsprosent i forhold til haldning til dialekt, spørsmål 4.

Med omsyn til spørsmål nummer ein og fire er tendensen slik eg forventa. Dei som har ei positiv haldning til eigen dialekt og dialektar generelt, har gjennomgåande ei meir tradisjonell språkform enn dei som har ei meir negativ haldning, men tendensen i materialet er ikkje svært klar. Når det gjeld spørsmål nummer to og tre er materialet endå mindre eintydig. Materialet samla impliserer ein viss tendens til samvariasjon mellom positiv haldning til målførm og bruk av tradisjonelle språkformer. Det er likevel slik at hypotese 7a ikkje står særleg sterkt, sidan forskjellane mellom gruppene i dei fleste tilfelle ikkje er svært store. Ein kan likevel ikkje forkasta teorien om at det er ein samanheng mellom språkhaldningar og faktisk språkbruk. Til det er resultatata av tidlegare forskning alt for klare, men det vil eg komma tilbake til nedanfor.

7. 3. 3. Haldning til heimstad

H7b: *Det er ein samanheng mellom haldning til heimstad og språkform.*

Spørsmåla som er grunnlag for hypotesen, er desse:

1. Trivst du med å bu på Bømlo?
2. Kunne du tenkt deg å bu ein annan stad?

Når det gjeld trivselsfaktoren er svaralternativa delt inn i fire: svært god trivsel, nokså god trivsel, sånn passe god trivsel og dårleg trivsel. Som det går fram av tabell 11, viser sytten variablar at dei med god trivsel har lågare modernitetsprosent enn dei med dårlegare trivsel, og med omsyn til tretten variablar er forskjellen så stor (over 10 %) at ein kan snakka om ein tendens i materialet som indikerer at god trivsel korrelerer med tradisjonelle språkformer. Ein skal særleg merkja seg variabel 1, 2, 4, 11, 12, 15 og 17. Dette er variablar

med mange belegg i materialet som viser ganske store forskjellar mellom gruppene. To variablar viser resultat i motsett lei, men skilnaden er i desse tilfella ikkje særleg stor. Seks språklege variablar viser ingen forskjell mellom dei som oppgav dårleg trivsel og dei som oppgav svært god trivsel. I desse tilfella er det berre registrert moderne former i materialet. Når det gjeld ein språkleg variabel, mangla det belegg for dei som hadde oppgjeve dårleg trivsel.

Trivst du med å bu på Bømlo?

	Svært godt	Nokså godt	Sånn passe	Dårleg	Støttar /støttar ikkje (0) hypotesen. (forskjell mellom svært god og dårleg trivsel)
V1: Presens av svake verb i a-kl.	12,13	40,41	34,35	55,95	+
V2: Presens av sterke i-omlydsverb	8,75	16,30	25,28	51,41	+
V3: Assimilasjon av <i>ld</i> i ordslutt	80,49	100	96,43	-	
V4: Assimilasjon av <i>ld</i> i innlyd	57,20	77,08	70,58	92,14	+
V5: Assimilasjon av <i>mb</i> i ordslutt	56,25	75,00	100	80,00	+
V6: Assimilasjon av <i>mb</i> i innlyd	100	100	50,00	100	0
V7: Assimilasjon av <i>nd</i> i ordslutt	59,51	43,78	34,32	52,32	0
V8: Assimilasjon av <i>nd</i> i innlyd	37,66	38,80	32,95	39,14	0
V9: Assimilasjon av <i>ng</i> i ordslutt	95,25	95,64	93,81	100	0
V10: Assimilasjon av <i>ng</i> i innlyd	76,44	90,15	88,33	99,17	+
V11: Palatalisering av <i>k</i> i innlyd	55,29	82,41	88,70	100	+
V12: Palatalisering av <i>g</i> i innlyd	51,40	75,96	90,11	96,73	+
V13: Palatalisering av <i>sk</i> i innlyd	45,22	73,81	60,00	100	+
V14: Differensiasjon av <i>rn</i> i ordslutt	30,73	60,00	44,45	95,00	+
V15: Differensiasjon av <i>rn</i> i innlyd	23,28	47,60	50,71	96,67	+
V16: Segmentasjon av <i>ll</i> i ordslutt	100	100	93,33	100	0
V17: Segmentasjon av <i>ll</i> i innlyd	43,86	70,73	73,98	96,45	+
V18: Segmentasjon av <i>nn</i> i ordslutt	66,67	100	100	100	+
V19: Segmentasjon av <i>nn</i> i innlyd	91,08	100	100	100	0
V20: Lenging av /ɑ:,ø:/ føre /dŋ/	32,78	60,00	50,00	80,00	+
V21: Lenging av /ɑ:/ føre /gŋ/	-	-	-	-	
V22: Lenging av /e, ɔ, ʉ/ føre /dʎ/	100	100	100	100	0
V23: Lenging av /ɔ/ føre /dŋ/	100	100	100	100	0
V24: Lenging av /e, ø, ɔ/ føre /gŋ/	100	100	100	100	0
V25: Lenging av /ʉ/ føre /gʎ/	100	100	75,00	100	0
V26: Uttale av kort <i>y</i> som [Y] el. [ʉ]	20,40	35,70	32,28	18,30	0
V27: Uttale av kort <i>y(ø)</i> som [Y],[ʉ]el.[œ]	12,34	16,21	18,45	13,48	0

Tabell 11: Gjennomsnittleg modernitetsprosent i forhold til haldning til heimstad, spørsmål 1.

Som det går fram av tabell 12, viste nitten variablar at dei som kunne tenkja seg å bu ein annan stad, hadde høgare modernitetsprosent enn dei som ikkje kunne tenkja seg det. Tretten av desse viser ein forskjell mellom gruppene på over 10 %. Ein skal særleg merkja seg variabel 1, 2, 4, 10, 11, 12, 15 og 17. Dette er variablar med mange belegg i materialet, og med omsyn til desse er skilnaden mellom gruppene så stor at ein kan seia at tendensen i

materialet klart indikerer at positiv haldning til heimstad samvarierer med låg modernitetsprosent. Tre variablar viser resultat som går i motsett retning, og to av desse viser ein forskjell mellom gruppene på over 10 %. Ein skal merkja seg variabel 6. Det er svært få belegg i materialet når det gjeld denne variabelen, og derfor kan ein ikkje setja stor lit til dette resultatet. Tre variablar viser ikkje nokon forskjell mellom gruppene. Med omsyn til desse siste er modernitetsprosenten svært høg: 100 % moderne former. Når det gjeld ein språkleg variabel var det slik at det mangla belegg for dei som hadde svart nei, og det var derfor ikkje mogleg å samanlikna.

Kunne du tenkja deg å bu ein annan stad?

	Ja	Nei	Veit ikkje	Støttar / støttar ikkje (0) hypotesen. (forskjellen mellom ja og nei)
V1: Presens av svake verb i a-kl.	42,66	9,50	17,71	+
V2: Presens av sterke i-omlydsverb	27,44	11,65	9,77	+
V3: Assimilasjon av <i>ld</i> i ordslutt	98,41	81,86	83,33	+
V4: Assimilasjon av <i>ld</i> i innlyd	79,90	59,25	54,41	+
V5: Assimilasjon av <i>mb</i> i ordslutt	84,21	33,33	87,50	+
V6: Assimilasjon av <i>mb</i> i innlyd	75,00	100	100	-
V7: Assimilasjon av <i>nd</i> i ordslutt	48,25	60,78	42,57	-
V8: Assimilasjon av <i>nd</i> i innlyd	37,89	34,83	38,24	0
V9: Assimilasjon av <i>ng</i> i ordslutt	96,84	94,51	94,39	0
V10: Assimilasjon av <i>ng</i> i innlyd	94,07	68,32	82,02	+
V11: Palatalisering av <i>k</i> i innlyd	89,43	40,19	75,49	+
V12: Palatalisering av <i>g</i> i innlyd	88,59	39,09	63,68	+
V13: Palatalisering av <i>sk</i> i innlyd	79,76	37,73	46,67	+
V14: Differensiasjon av <i>rn</i> i ordslutt	62,13	21,30	47,22	+
V15: Differensiasjon av <i>rn</i> i innlyd	63,46	16,57	31,17	+
V16: Segmentasjon av <i>ll</i> i ordslutt	100	95,00	100	0
V17: Segmentasjon av <i>ll</i> i innlyd	81,05	39,48	46,55	+
V18: Segmentasjon av <i>nn</i> i ordslutt	100	-	33,33	
V19: Segmentasjon av <i>nn</i> i innlyd	99,57	93,33	90,63	0
V20: Lenging av /ɑ:,ø:/ føre /dŋ/	63,52	13,89	56,67	+
V21: Lenging av /ɑ:/ føre /gŋ/	-	-	-	
V22: Lenging av /e, ɔ, ʉ/ føre /dʎ/	100	100	100	0
V23: Lenging av /ɔ/ føre /dŋ/	100	100	100	0
V24: Lenging av /e, ø, ɔ/ føre /gŋ/	100	100	100	0
V25: Lenging av /ʉ/ føre /gʎ/	91,67	100	100	0
V26: Uttale av kort <i>y</i> som [ɣ] el. [ʉ]	27,10	18,70	30,79	0
V27: Uttale av kort <i>y(ø)</i> som [ɣ],[ʉ]el.[œ]	16,47	7,10	18,34	0


Tabell 12: Gjennomsnittleg modernitetsprosent i forhold til haldning til heimstad, spørsmål 2.

Etter å ha gjennomgått desse spørsmåla ser det ut til at hypotese 7b står svært sterkt. Haldning til heimstad verkar i høgste grad å ha noko å seia for språkform, og det verkar òg

rimeleg å seia at det å ha ei positiv haldning til heimstad, representert ved god trivsel og det å ikkje kunna tenkja seg å bu ein annan plass, fører til ei meir tradisjonell språkform.

Det som slår meg, etter å ha fått styrka hypotesen min om at haldning til heimstad verkar å ha noko å seia for språkbruk, er om denne haldningsfaktoren føl andre skiljelinjer i materialet. Er det slik at ein finn ulike haldningar dersom ein samanliknar aldersgruppene eller kombinerer denne haldningsfaktoren med det geografiske aspektet?


Dersom eg ser på trivsel som ein avhengig faktor i forhold til alder, kjem det klart fram at dei vaksne oppgjev å ha ein gjennomgåande betre trivsel enn dei unge.



Figur 2: Trivsel i forhold til alder.

Som ein ser av figur 2, er det ingen av dei vaksne som oppgjev å ha dårleg trivsel. Blant dei unge derimot, er det heile 20,8 % som oppgjev at dei trivst dårleg. Ein ser òg at heile 66,7 % av dei vaksne oppgjev at dei trivst svært godt, mot berre 33,3 % blant dei unge. Det kan verka som om språkforskjellane som viser samvariasjon med trivselsfaktoren, skriv seg frå at det er så ulik trivsel mellom dei to aldersgruppene. Alle dei som oppgav dårleg trivsel er unge, og dermed er det slik at det kun er dei unge sine språklege former som utgjer den delen av samanlikninga. Det er med andre ord aldersvariasjonen i materialet som kjem til uttrykk her òg. Likevel kan ein heller ikkje sjå bort i frå at ein kan dra trivselsfaktoren og haldning til heimstad inn i forklaringa av dei store skilnadene med omsyn til modernitetsprosent mellom aldersgruppene. Kanskje er det slik at ein medverkande faktor til at dei unge verkar å gå vekk i frå dei tradisjonelle formene i språket sitt, er at dei ikkje har ei så positiv haldning til heimstaden sin som det dei vaksne har?

Dersom ein ser på det spørsmålet som omhandlar det å kunna tenkja seg å bu ein annan plass, er det heile 66,7 % av dei unge som oppgjev at det kan dei tenkja seg. Berre 25 % av dei vaksne oppgjev det samme (sjå figur 3).



Figur 3: Ønskje om å bu ein annan plass i forhold til alder.

I tabell 12 er det altså først og fremst er språkbruken til dei unge som gøymer seg bak dei som oppgjev at dei kan tenkja seg å bu ein annan plass. Dette er jo naturleg, i og med at dei vaksne allereie er etablerte og har gjort sine val, medan dei unge i tida framover skal gjera nettopp slike val. Det seier likevel noko om haldningane til heimstaden deira som det er rimeleg å tru vil ha konsekvensar for språkbruken deira òg. Noko som resultatata viser svært klart. I samband med dette er det mogleg å spekulera i om dette er noko som kan knytast til fenomenet aldersavgrensa språkbruk. Truleg er det slik at dei av dei unge som bestemmer seg for å busetja seg på Bømlo, vil få ei meir positiv haldning til Bømlo med tida, og kanskje vil dei dermed ta opp fleire tradisjonelle former i språket sitt?

Dersom ein berre ser på dei språklege resultatata i tilknytning til dei unge,⁵⁴ er det framleis fjorten språklege variablar som viser at dei som oppgav god trivsel har lågare modernitetsprosent enn dei som oppgav dårleg trivsel, og med omsyn til ti av desse er forskjellen på over 10 %. Ein skal særleg merkja seg variabel 1, 2, 4, 7, 15, 17 og 19. Dette er variablar med relativt mange belegg i materialet, og med omsyn til desse er forskjellen så

⁵⁴ Sjå tabellgruppe 4 i vedlegg L.

stor at ein kan snakka om ein tendens i materialet som indikerer at god trivsel samvarierer med låg modernitetsprosent. Tre språklege variablar viser resultat som går i motsett lei, men berre variabel 26 viser så stor forskjell at ein kan kalla det ein tendens. Åtte språklege variablar viser ikkje nokon forskjell mellom dei som oppgav dårleg trivsel og dei som oppgav svært god trivsel. Med omsyn til begge gruppene er det berre registrert moderne former. Når det gjeld ein språkleg variabel, er det ikkje registrert former for dei som oppgav dårleg trivsel.

Ser ein på det som omhandlar det å kunna tenkja seg å bu ein annan plass,⁵⁵ er det for denne aldersgruppa fjorten av variablane som viser at dei som kan tenkja seg å bu ein annan plass, har høgare modernitetsprosent enn dei som ikkje kan tenkja seg dette. Sju av dei viser ein forskjell mellom gruppene på over 10 %. Ein skal merkja seg variabel 1, 4 og 15. Dette er variablar med mange belegg i materialet, og med omsyn til desse er forskjellen så stor at ein kan seia at det er ein tendens i materialet til at negativ haldning til heimstad samvarierer med høg modernitetsprosent. Sju variablar viser det motsette, men berre to av dei viser ein skilnad på over 10 %. Ein skal dessutan merkja seg at variabel 6 har så få belegg i materialet at ein ikkje kan festa stor lit til resultatet. Fire av variablane viser at begge gruppene har like mange moderne former: 100 %, medan ein språkleg variabel ikkje hadde belegg for dei som hadde svart at dei ikkje kunne tenkja seg å bu ein annan plass. Dermed var det ikkje mogleg å samanlikna.

Går ein over til berre å sjå på verdiane til dei vaksne,⁵⁶ er det fjorten språklege variablar som viser at dei som har svært godt trivsel, har lågare modernitetsprosent enn dei som oppgjev mindre god trivsel, og når det gjeld åtte av desse er forskjellen større enn 10 %. Ein skal særleg merkja seg variabel 2, 7, 11, 12, 15 og 17. Dette er variablar med relativt mange belegg i materialet, og med omsyn til desse er forskjellen mellom gruppene så markant at ein kan snakka om ein tendens i materialet til at positiv haldning til heimstad korrelerer med låg modernitetsprosent. Berre fem variablar viser ein motsett tendens, og når det gjeld to av desse er skilnaden mindre enn 10 %. Når det gjeld dei variablane som viser ein skilnad på meir enn 10 % skal ein merkja seg at variabel 13 og 14 er lite frekvente i materialet, og derfor kan ein ikkje festa alt for stor lit til resultata. Ein variabel viser at dei to gruppene har lik modernitetsprosent. Med omsyn til denne siste er det slik at eg berre har registrert moderne former. Når det gjeld to variablar er det slik at eg berre har registrert språklege former for dei som oppgav svært god trivsel, og dermed er det umogleg å samanlikna.


⁵⁵ Sjå tabellgruppe 4 i vedlegg L.

⁵⁶ Sjå tabellgruppe 4 i vedlegg L.

Det var, som nemnt, berre tre av dei vaksne som kunne tenkja seg å bu ein annan plass.⁵⁷ Likevel er det fjorten språklege variablar som viser at dei som kan tenkja seg å bu ein annan plass, har høgare modernitetsprosent enn dei som ikkje kan tenkja seg det, og ni av desse viser ein skilnad på meir enn 10 % mellom gruppene. Særleg skal ein merkja seg variabel 2, 4, 7, 10, 11, 12 og 17. Dette er variablar som er relativt frekvente i materialet, og dei viser ein så stor skilnad mellom gruppene at ein kan snakka om ein tendens i materialet som indikerer at positiv haldning til heimstad korrelerer med låg modernitetsprosent. Berre fem variablar viser resultat som går i motsett lei, og berre variabel 14 viser ein skilnad på over 10 % mellom gruppene. Sidan v14 er ein variabel med relativt få belegg i materialet, kan ein ikkje festa for stor lit til dette resultatet. Ein variabel viste ikkje forskjell mellom gruppene; dei som svara ja og dei som svara nei hadde like mange moderne former: 100 %. To språklege variablar mangla belegg på dei som hadde svara ja, og dermed var det ikkje mogleg å samanlikna.

Som ein ser, er det altså framleis ein viss samanheng mellom haldning til heimstad og språkform òg når ein tar omsyn til aldersfaktoren. I materialet mitt er det ein tendens til at det å ha ei positiv haldning til heimstad korrelerer med ein tradisjonell språkbruk.


Det er òg interessant å sjå om det er geografiske skilnader med omsyn til haldningar til heimstad. Har mostringar og bremnesingar ulike haldningar og kjensler til heimstaden sin? Då me såg på dei språklege resultatata i forhold til det geografiske aspektet ovanfor, såg me aldri på det språklege samla for dei to aldersgruppene. Me skilte heile tida mellom dei unge og dei vaksne. Det må me derfor gjera her òg.



⁵⁷ Sjå tabellgruppe 4 i vedlegg L.


Figur 4: Vaksne: trivsel i forhold til geografi.

Ser me berre på datamaterialet i tilknytning til dei vaksne (sjå figur 4 og 5), finn me at alle i frå Bremnes oppgjev at dei trivst svært godt, og at ingen av dei svara ja på spørsmålet om dei kunne tenkja seg å bu ein annan plass (33,3 % svara veit ikkje). Dette må tolkast slik at dei gjennomgåande har ei svært positiv haldning til heimstaden sin. Når det gjeld dei vaksne på Moster, var det ingen som oppgav at dei hadde dårleg trivsel, men informantane fordelte seg likt på dei resterande svaralternativa. Det var like mange som oppgav at dei trivst nokså godt eller sånn passe som dei som oppgav at dei trivst svært godt. Det var òg heile 50 % som oppgav at dei kunne tenkja seg å bu ein annan plass, medan berre 33,3 % svara at dei ikkje kunne tenkja seg det. Desse resultatata tolkar eg slik at dei på Moster ikkje har ei like eintydig positiv haldning til heimstaden sin. Dei er litt meir ambivalente i synet sitt. Det var òg det inntrykket eg danna meg i løpet av samtalanane med informantane mine.



Figur 5: Vaksne: ønskje om å bu ein annan plass i forhold til geografi.


Ser ein på resultatata i tilknytning til dei unge, finn ein mykje av den samme tendensen.



Bremnes

Figur 6: Unge: trivsel i forhold til geografi.

Som det går fram av figur 6, er det blant dei unge på Bremnes heile 58,3 % som oppgjev at dei trivst svært godt, mot berre 8,3 % på Moster. På Moster oppgjev 33,3 % at dei trivst dårleg, mot berre 8,3 % på Bremnes. Den største kategorien blant dei unge på Moster er sånn passe god trivsel: 41,7 %. Dette svaralternativet er det ingen av dei unge på Bremnes som har kryssa av for. Her oppgjev fleirtalet at dei trivst svært godt, medan 33,3 % oppgjev at dei trivst nokså godt.



Figur 7: Unge: ønskje om å bu ein annan plass i forhold til geografi.

På Moster oppgjev heile 83,3 % av dei unge at dei kan tenkja seg å bu ein annan plass (sjå figur 7), medan berre 8,3 % svara nei på dette spørsmålet. På Bremnes er det òg ein del av dei unge som svara ja på dette (50%), men det er likevel merkbart færre her enn på Moster. På Bremnes oppgjev 16,7 % av dei unge at dei ikkje kan tenkja seg å bu ein annan plass. Det er naturleg at det er fleire blant dei unge som kan tenkja seg å flytta vekk enn blant dei vaksne, derfor er det litt interessant at prosenten ikkje er høgare enn den er blant dei unge i Bremnes sokn. Resultata viser tydeleg at det rår ei meir positiv haldning til heimstaden på Bremnes i forhold til på Moster. Dette gjeld altså for begge aldersgruppene. Dersom ein så samanliknar desse resultata med det språklege, ser ein at dei unge på Moster er dei som klart har den mest negative haldninga til heimstaden samstundes som dei òg er dei som tenderer mot den mest moderne språkforma. I motsett ende finn ein dei vaksne på Bremnes, som har den mest positive innstillinga til heimstaden sin. Som me såg, viste materialet at dei svakt tenderte mot

den mest tradisjonelle språkbruken òg. I materialet mitt er det med andre ord eit ganske klart samband mellom haldning til heimstad og språkbruk. Positiv haldning til heimstad verkar å samvariera med ei tradisjonell språkform.

7. 3. 4. Personlegdomstypar

I tilknytning til haldning til heimstad, kan ein trekkja ein parallell til ulike personlegdomstypar, slik tankane rundt dette blei presentert i teorikapittelet. I likskap med andre som har drøfta personlegdomsteori i tilknytning til dei sosiolingvistiske granskingane sine, hadde eg òg ei kjensle av at eg kunne dela informantane mine inn i to grupper basert på personlegdom. Denne kjensla fekk eg allereie under samtalaneg hadde med informantane mine, og kjensla blei ytterlegare styrka då eg såg korleis haldning til heimstad verka å samvariera med språkbruk. I arbeidet med datainnsamlinga var store delar av informantsamtalaneg sentrerte rundt kva tankar informanten hadde om Bømlo som ein plass å veksa opp og bu. Eg fekk raskt eit inntrykk av at det fanst to sett av haldningar hos informantane mine. Den eine gruppa var dei som var svært nøgde med å bu på Bømlo, og som meinte at dei hadde alt dei trong der. Dei unge følte at dei hadde nok fritidstilbod, og dei vaksne følte òg at dei i det store og det heile fekk dekka dei fleste av behova sine. Dei var opptadde av Bømlo som ein god plass å veksa opp for barn, og mange verka faktisk å vera litt skeptiske til livet i byen. Dei såg på livet i byen som litt stressande og framandgjerande. Den andre gruppa var dei som la vekt på dei tinga dei sakna, og som dei meinte at dei kunne få tilfredsstilt dersom dei hadde budd nærmare ein by. Dei var meir opptadde av dei negative sidene ved å bu på bygda, og dei unge i denne gruppa synst at det var alt for lite fritidstilbod der dei budde, i forhold til kva tilbod dei tenkte seg at ungdommar i byar hadde. Det skal nemnast at dei færraste uttrykte at dei kunne tenkja seg å bu midt i ein by. Dei som hadde tankar om å flytta frå Bømlo, uttrykte at dei kunne tenkja seg å bu rett utanfor ein by eller tilsvarande. Dette gjaldt gjennomgåande for begge aldersgruppene. Det er viktig å understreka at dette ikkje er noko eg har undersøkt systematisk. Dette var det inntrykket eg sat igjen med etter at feltarbeidet var avslutta. Det er likevel noko av den samme tankegangen som ligg bak granskinga mi av kva haldning eller innstilling informantane har til heimstaden, uttrykt som grad av trivsel og eit eventuelt ønskje om å flytta. Dei personane som uttrykker ei positiv haldning til heimstad, deler karaktertrekk med dei Skjekkeland (2001:122-123) kallar homo staticus. Dei trivst godt der dei er, og dei har ikkje eit ønskje om å flytta til ein annan plass. I samme grad kan ein trekkja parallellar frå dei av informantane mine som uttrykker at dei ikkje trivst så godt og som ønskjer å flytta vekk, til dei som Skjekkeland kallar homo dynamicus. Ein ser òg at dei språklege

karakteristikkane av dei ulike informanttypane mine stemmer med det Skjekkeland (2001:123-124) fann ut om det språklege i forhold til homo staticus og homo dynamicus. I likskap med homo staticus hadde dei av mine informantar som var karakteriserte ved ei positiv innstilling til heimstad, fleire tradisjonelle variantar i språket sitt enn dei som verka å ha ei meir negativ haldning. Det er absolutt rimeleg å tru at dei haldningane individet har til ulike sider ved tilveret er farga av personlegdommen til individet. Det er jo ofte slik at personar som ytre sett har like forhold og lik bakgrunn, likevel har svært ulik innstilling og haldning. Dersom ein reknar det som rimeleg sikkert at personlegdomstrekk verkar inn på åtferda og innstillinga til individet, er det òg rimeleg å rekna med at dette òg er relevant i forhold til den språklege åtferda. Resultata mine i tilknytning til forholdet mellom haldning til heimstad og bruk av moderne talemålsvariantar, styrker trua mi på at dette er eit felt som i større grad burde vore trekt inn i sociolingvistisk forskning.

7. 3. 5. Identitet

H7c: Det er ein samanheng mellom grad av lokalidentitet og språkform.

Spørsmåla som er grunnlag for testinga av hypotesen, er desse:

1. Kva dialekt snakkar du? Mostramål/bremnesmål, bømlamål eller noko anna (som i så fall må spesifiserast)?
2. Kvar har du identiteten din? Kjenner du deg som mostring/bremnesing, bømling, sunnhordlending eller noko anna (som i så fall må spesifiserast)?

Ingen av informantane oppgav at dei hadde identitet som sunnhordlendingar, derfor ser eg bort frå dette svaralternativet i analysen. Når eg skulle testa identitetsfaktoren opp mot språkform, valte eg å laga to nye variablar på grunnlag av desse spørsmåla. I dei nye variablane konstruerte eg ein ny variant som eg kalla for lokal språkform/identitet, ved at eg slo saman svaralternativa mostramål/bremnesmål og mostring/bremnesing. I tillegg viste det seg at dei som valte svarkategori 'anna' måtte reknast som meir regionale, fordi dei hadde spesifisert dette som noko mindre lokalt. No er det slik at det å ha identitet som bømling og meina at ein snakkar bømlamål ikkje fullt ut kan sjåast som eit uttrykk for regionalisme. Det er likevel mindre lokalt enn det heilt lokale, og kan kanskje sjåast som eit steg på vegen mot ein regional identitet. Dersom hypotesen min blir underbygd på ein slik måte at mindre lokal identitet verkar å samvariera med ei mindre tradisjonell språkform, vil eg tolka det som eit teikn på dette.

Når ein ser på kva målform informantane sjølve meiner at dei har og samanliknar dette med korleis dei snakkar (sjå tabell 13), er det slik at tretten av dei språklege variablane viser at dei som kryssa av for lokal språkform har lågare modernitetsprosent enn dei som kryssa av for bømlamål. Ni av desse viser ein skilnad mellom gruppene på over 10 %. Ein skal merkja seg variabel 10, 11, 12, 17, 26 og 27. Dette er variablar med relativt mange belegg i materialet, og skilnaden mellom gruppene er så stor at ein kan snakka om ein tendens. Ti variablar viser resultat som går i motsett lei, og seks av desse har ein skilnad mellom gruppene på over 10 %. Særleg skal ein merkja seg variabel 2, 7 og 19, som er variablar som er relativt frekvente i materialet. Tre variablar viser at det ikkje er nokon forskjell mellom gruppene. Begge har like mange moderne former: 100 %. Resultata er med andre ord ikkje heilt eintydige.

Kva dialekt snakkar du?

	Lokal (Bremnesmål el. mostramål)	Bømlamål	Støttar/støttar ikkje (0) hypotesen.
V1: Presens av svake verb i a-kl.	26,70	31,89	0
V2: Presens av sterke i-omlydsverb	20,04	8,80	-
V3: Assimilasjon av <i>ld</i> i ordslutt	92,71	75,00	-
V4: Assimilasjon av <i>ld</i> i innlyd	68,10	66,05	0
V5: Assimilasjon av <i>mb</i> i ordslutt	70,37	85,71	+
V6: Assimilasjon av <i>mb</i> i innlyd	75,00	100	+
V7: Assimilasjon av <i>nd</i> i ordslutt	56,40	23,10	-
V8: Assimilasjon av <i>nd</i> i innlyd	38,48	36,59	0
V9: Assimilasjon av <i>ng</i> i ordslutt	94,90	97,62	0
V10: Assimilasjon av <i>ng</i> i innlyd	81,18	95,22	+
V11: Palatalisering av <i>k</i> i innlyd	66,42	95,92	+
V12: Palatalisering av <i>g</i> i innlyd	63,44	90,20	+
V13: Palatalisering av <i>sk</i> i innlyd	53,05	100	+
V14: Differensiasjon av <i>rn</i> i ordslutt	46,00	40,56	0
V15: Differensiasjon av <i>rn</i> i innlyd	40,19	48,23	0
V16: Segmentasjon av <i>ll</i> i ordslutt	98,18	100	0
V17: Segmentasjon av <i>ll</i> i innlyd	55,70	81,30	+
V18: Segmentasjon av <i>nn</i> i ordslutt	100	77,78	-
V19: Segmentasjon av <i>nn</i> i innlyd	97,88	87,50	-
V20: Lenging av /ɑ:,ø:/ føre /dŋ/	46,18	40,56	0
V21: Lenging av /ɑ:/ føre /gŋ/	-	-	
V22: Lenging av /e, ɔ, ʉ/ føre /dʎ/	100	100	0
V23: Lenging av /ɔ/ føre /dŋ/	100	100	0
V24: Lenging av /e, ø, ɔ/ føre /gŋ/	100	100	0
V25: Lenging av /ʉ/ føre /gʎ/	100	83,33	-
V26: Uttale av kort <i>y</i> som [ɣ] el. [ʉ]	21,21	42,97	+
V27: Uttale av kort <i>y(ø)</i> som [ɣ],[ʉ]el.[œ]	12,09	23,88	+

Tabell 13: Gjennomsnittleg modernitetsprosent i forhold til identitet, spørsmål 1.

Dersom ein går inn på det spørsmålet som meir direkte omhandlar identitet, går det fram av tabell 14 at det er femten variablar som viser at dei med den mest lokale identiteten har den mest moderne språkforma, men berre seks av dei viser ein forskjell som er større enn 10 % mellom gruppene. Ein skal likevel merkja seg variabel 1, 2 og 15. Dette er variablar med mange belegg i materialet, og når det gjeld desse er forskjellen mellom gruppene så tydeleg at ein kan snakka om ein tendens i materialet til at lokal identitet samvarierer med høg modernitetsprosent. Åtte variablar viser resultat som går i motsett retning, men berre fire av dei har ein skilnad på over 10 % mellom gruppene. Tre variablar viser ingen skilnad mellom gruppene. Begge gruppene nyttar kun den moderne varianten. Det er med andre ord ingen eintydig tendens i materialet som støttar opp om hypotesen.

Kvar har du identiteten din?

	Lokal (Mostring el. bremnesing)	Bømling	Støttar/støttar ikkje (0) hypotesen.
V1: Presens av svake verb i a-kl.	34,39	22,53	-
V2: Presens av sterke i-omlydsverb	25,35	9,17	-
V3: Assimilasjon av <i>ld</i> i ordslutt	89,06	88,89	0
V4: Assimilasjon av <i>ld</i> i innlyd	72,14	63,70	0
V5: Assimilasjon av <i>mb</i> i ordslutt	76,19	71,43	0
V6: Assimilasjon av <i>mb</i> i innlyd	75,00	100	+
V7: Assimilasjon av <i>nd</i> i ordslutt	50,46	46,59	0
V8: Assimilasjon av <i>nd</i> i innlyd	39,57	32,97	0
V9: Assimilasjon av <i>ng</i> i ordslutt	95,89	96,33	0
V10: Assimilasjon av <i>ng</i> i innlyd	84,64	85,07	0
V11: Palatalisering av <i>k</i> i innlyd	78,98	70,45	0
V12: Palatalisering av <i>g</i> i innlyd	75,47	67,81	0
V13: Palatalisering av <i>sk</i> i innlyd	57,61	73,33	+
V14: Differensiasjon av <i>rn</i> i ordslutt	65,79	26,41	-
V15: Differensiasjon av <i>rn</i> i innlyd	51,97	35,48	-
V16: Segmentasjon av <i>ll</i> i ordslutt	98,00	100	0
V17: Segmentasjon av <i>ll</i> i innlyd	64,97	62,14	0
V18: Segmentasjon av <i>nn</i> i ordslutt	100	77,78	-
V19: Segmentasjon av <i>nn</i> i innlyd	97,87	92,86	0
V20: Lenging av /ɑ:,ø:/ føre /dŋ/	63,60	28,61	-
V21: Lenging av /ɑ:/ føre /gŋ/	-	-	
V22: Lenging av /e, ɔ, ʉ/ føre /dʎ/	100	100	0
V23: Lenging av /ɔ/ føre /dŋ/	100	100	0
V24: Lenging av /e, ø, ɔ/ føre /gŋ/	100	100	0
V25: Lenging av /ʉ/ føre /gʎ/	90,00	100	+
V26: Uttale av kort <i>y</i> som [ɣ] el. [ʉ]	21,75	32,10	+
V27: Uttale av kort <i>y(ø)</i> som [ɣ],[ʉ]el.[œ]	12,93	17,77	0

Tabell 14: Gjennomsnittleg modernitetsprosent i forhold til identitet, spørsmål 2.

Ein ser altså at resultata samla ikkje er eintydige med omsyn til korleis identitet påverkar språkbruk. Hypotese 7c er dermed ikkje særleg godt underbygd. Likevel blir det litt sterkt å slå fast at identitet ikkje har noko å seia for språkbruk. Til det er teorien rundt dette for etablert. Det er mogleg å seia at identitet ikkje verkar å samvariera på ein systematisk måte med språkbruk på Bømlo, men eg trur det òg er noko ein skal vera litt varsam med å slå fast.

7. 3. 6. Medvit om språkleg tilpassing

Det er blitt nemnt at dei nye formene i bømlamålet verkar å spreia seg frå naboområda, og at talemålet på Bømlo på den måten verkar å bli likare måla i nabokommunane. På den måten kan ein nok snakka om ein type av språkleg regionalisering, slik fleire granskingar av norske målføre har komme inn på dei siste åra,⁵⁸ sjølv om det truleg er eit stykke igjen før ein kan konstatere at det er det som er i ferd med å skje. Denne tilpassinga av måla mellom naboområde, tenkjer ein seg ofte skjer gjennom ein akkommodasjonsprosess, der språkbrukarane konvergerer eller tilpassar talemålet sitt i større eller mindre grad til talemålet til dei dei samhandlar direkte med. Dette vil ofte vera ei gjensidig tilpassing, men, som det blei nemnt i teorikapittelet, er det ofte statusforholdet mellom samtalepartane som bestemmer kven som konvergerer mest. Det er ikkje berre personar som kan ha ulik status; talemål blir òg tildelt ulik prestisje av språkbrukarane, og denne oppfatninga av dei involverte talemåla sin status vil nok i stor grad påverka kven som konvergerer mest i møtet mellom personar med meir eller mindre ulik dialekt. Ein ser at slike akkommodasjonsprosessar i stor grad blir påverka av haldningane til språkbrukarane. Ein tenkjer seg at akkommodasjonen mellom språkbrukarar går over til å bli permanent språkendring, når dei konvergerande språkbrukarane går over til å nytta den tilpassa forma i samanhengar der dei personane som dei opphavleg konvergente til, ikkje er til stades. Språkendring er sjølv sagt avhengig av at dei nye draga spreier seg innanfor talemålet, og ein reknar ikkje endringar innanfor ein person sin idiolekt som språkendring.

Nokre av spørsmåla som eg stilte informantane mine på det spørjeskjemaet som omhandla haldningar, var nettopp om det var situasjonar der dei meinte at dei endra på talemålet sitt, og eg bad dei om å skildra desse situasjonane. Eg bad dei òg om å rangera talemål, for på den måten å sjå kva talemål som i deira auge hadde høgast status, og om det var ein tendens blant informantane til å evaluera talemål på samme måte. Noko av det som

⁵⁸ Sjø *Målbryting nr. 2, 1999*: Talemålsendring i Noreg (red. Gunnstein Akselberg) for granskingar som kjem inn på denne problemstillinga.

kom fram på dette skjemaet kan kanskje kasta lys over det som tidlegare i avhandlinga er blitt sagt om korleis bømlingane verkar å endra på og variera talemålet sitt. Ein skal merkja seg at det berre var dei som følte at talemålet deira ikkje alltid passa inn, eller som meinte at dei endra på språket sitt i særlege situasjonar, som skulle forklara nærmare. Ein del informantar svarte, som me har sett, nei på desse spørsmåla.

Ein god del av informantane svarte at dei endra på talemålet sitt i møte med folk i frå andre plassar. Dette skulle tyda på at konvergering truleg er noko som i mange tilfelle finn stad når bømlingar møter folk med andre talemål. Fleire nemnte at dette spesielt gjaldt i møte med folk i frå byar, og nokre skreiv at dei følte at dialekten deira ikkje passa inn når dei møtte folk i frå Austlandet. Desse svara overraska meg ikkje, i og med at dei speglar eit ganske tradisjonelt statusforhold mellom sentrum og periferi. Det er eit ganske velkjent fenomen at dei som talar eit bygdemål ofte kjenner seg litt underlegne i møte med bytalemål, og kanskje særleg i møte med austlandske bytalemål. Det er likevel truleg ikkje slik at det er når ein er i kontakt med folk i frå heilt andre kantar av landet at talemålet i størst grad blir påverka på ein slik måte at det fører til permanent endring. Det er truleg samhandlinga med dei personane ein oftast treff som påverkar talemålet mest, og dermed er det ofte slik at nabotalemål påverkar kvarandre i størst grad. Svara til informantane mine seier i liten grad noko om korleis dei nyttar språket i interaksjon med folk i frå nabokommunane. Det var likevel ein informant som gav opplysningar om det forholdet. Denne informanten sa det slik: *Når eg er andre plassar som: Bergen, Oslo, Trondheim, synst eg dialekten min høyrest heilt teit ut. Men når eg er på Stord/Haugesund går det heilt greit, for dei snakkar litt likt.* Denne utsegna kan ein godt tolka slik at informanten ikkje endrar talemålet sitt når ho snakkar med folk i Haugesund eller på Stord. Det er likevel lett å tenkja seg at ho føler at det går så greit å snakka bømlamål i møte med personar frå Haugesund eller Stord, fordi det er lettare å konvergera til deira talemål, nettopp fordi dei snakkar litt likt. Det kjennest ikkje så markert å ta opp nokre av deira trekk i talemålet, og det skjer truleg meir umedvite. Det er heilt klart mykje vanskelegare å tilpassa talemålet sitt når ein snakkar med personar som har ein lingvistisk varietet som er svært ulik den ein sjølv har, nettopp fordi det då er så stor fonetisk og morfologisk avstand mellom talemåla. Det er ofte òg slik at heile uttrykksmåten er svært ulik. Den erfaringa har eg sjølv hatt, og noko seier meg at det er ganske allmenngyldig. Det følest rett og slett for markert å tilpassa talemålet sitt til folk som snakkar svært forskjellig frå ein sjølv, og dersom ein likevel gjer det er ein ofte svært medviten om kva ein endrar og kva ein ikkje endrar. Den typen tilpassing vil truleg ikkje bli tatt opp som ei permanent endring

av ein dialekt. Dersom eit talemål skal endrast krev jo det at dei nye formene spreier seg innanfor talemålet.

Mykje av det informantane skreiv som svar på desse spørsmåla, speglar òg ganske klare språkhaldningar. Ein informant skreiv at han valde å ikkje seia ord som han meinte høyrdest dumme ut: *Høyres det dumt ut seier eg det ikkje*. Ei anna skreiv at det hendte at ho følte at talemålet hennar ikkje passa inn og grunn gav det slik: *Fordi dialekta vår er ganske tjukk og dessutan er det ikkje så mange som forstår den*. Det var fleire som skreiv at dei endra på talemålet sitt, fordi dei meinte at dei ikkje ville bli forstått elles. Dette med å endra på talemålet sitt for å bli forstått speglar sjølv sagt ikkje berre haldningane til dei som endrar. Det seier jo ein heil del om dei haldningane dei blir møtt med òg. Men det var òg informantar som verka å ha heilt motsett innstilling når det gjaldt det å tilpassa talemålet sitt. Som me har sett, var det jo faktisk ein heil del som hevda at dei aldri endra på talemålet sitt, og at dei aldri følte at talemålet deira ikkje passa inn. Slike svar seier nok meir om intensjonen og haldninga deira enn om det som faktisk skjer i språkbrukssituasjonen, men det er klart at haldningar truleg påverkar i kor stor grad ein konvergerer i møte med andre talemål. Det var faktisk ein informant som sa det så sterkt som at han likte at han ikkje alltid blei forstått: *Eg liker når andre liksom ikkje forstår kva eg seie*. Ei slik utsegn seier ein heil del om positive kjensler ovanfor eigen dialekt, og det å vera stolt av særpreget til talemålet sitt. Ein kan kanskje òg lesa ei divergerande språkleg åtferd ut av denne utsegna. Det er lett å tenkja seg at denne personen framhevar språklege ulikskapar i møte med folk med andre talemål for å markera identitet og lojalitet til eiga gruppe.⁵⁹ Det var òg ein av informantane som la vekt på at ho aldri endra på talemålet sitt for folk i Noreg, og det uttrykker vel òg nokre av dei samme stolte kjenslene.

Ein del informantar skreiv at dei ikkje synst at bømlamålet gjorde seg så godt på fjernsyn. Der eg bad dei om å rangera ulike dialektar etter kva talemål dei synst passa best på tv, var det likevel overraskande mange som hadde plassert bømlamålet i den øvre enden av skalaen. Dei som hadde rangert bømlamålet frå middels til dårleg på denne lista, var likevel i fleirtal (20 av 36), og oslomål var det målet som oftast fekk den beste rangeringa her (28 av 36). Fire av dei som hadde rangert bømlamålet relativt lågt på denne lista, hadde òg skrive at dei synst at bømlamålet passa dårleg på tv, medan to som hadde rangert bømlamålet relativt høgt med omsyn til dette, likevel hadde skrive at dei følte at talemålet deira ikkje passa på tv. Dette viser kanskje at rangeringa av dialektar blei litt vilkårleg for mange. Det var òg nokre

⁵⁹ Sjå det som er skrive om divergens på s. 24 i teorikapittelet.

som uttrykte at dei synst det var vanskeleg, fordi dei meinte dei aldri hadde tenkt på den måten før. Ein informant vegra seg faktisk mot å gjera det, fordi ho meinte ho ikkje kunne stå inne for det. Eg vel likevel å referera kva som var hovudtendensen i denne rangeringa, men kjem ikkje til å leggja for mykje vekt på det som kom fram der.

Med omsyn til kva mål dei generelt likte best, var bømlamålet det målet som oftast blei plassert på førsteplass; 22 av 36 informantar hadde gjeve bømlamålet rangering nr. 1. Dei aller fleste svara òg ja på spørsmålet om dei synst sin eigen dialekt var fin. Slike utsegner er nok først og fremst uttrykk for patriotisme, og seier truleg ikkje så mykje om korleis dei synst at talemålet deira fungerer i møte med andre talemål.

Eg var kanskje særleg spent på korleis dei hadde rangert nabotalemåla sine, men med omsyn til desse var det vanskeleg å lesa ut nokon klar tendens i materialet. Målet i Haugesund blei gjeve alt i frå topplassering til sistede plass, og når det gjaldt kva mål dei meinte passa best på tv, blei Haugesund stort sett rangert frå middels til dårleg. Det var fire unge som hadde rangert det høgt oppe. Stordamålet blei av tjue informantar rangert frå høgt oppe til midt på tre, og slik sett kan ein kanskje seia at det verkar å vera ein svak tendens til at målet der har ganske høg status i medvitte til informantane. Likevel skal ein hugsa på at seksten informantar gav det relativt låg rangering. Dei fleste gjev stordamålet middels til dårleg plassering når det gjeld i kva grad dette målet passar på fjernsyn. Det var likevel nokre som rangerte det høgt med omsyn til dette. Ein ser at det ikkje er nokon eintydig tendens til at talemåla på Stord og i Haugesund har nokon særleg høg status i medvitte til informantane mine, sjølv om ein kanskje skulle tru det ut i frå kva retning bømlamålet utviklar seg i. Men sjølv om desse talemåla ikkje står så høgt i medvitte til informantane, kan det godt henda at dei umedvite kanskje likevel gjev dei ganske høg status. Dette ville kanskje komma betre fram i ein dialektmaske-test eller liknande.

7. 3. 7. Oppsummering og problematisering

Som ei oppsummering kan ein seia at det først og fremst er haldning til heimstad som er den haldningsfaktoren som mest eintydig viser ein samanheng med språkbruk i materialet mitt. Ei positiv haldning til heimstad, representert ved god trivsel og eit ønskje om å fortsetja å bu på Bømlo, verkar å korrelera med ei meir tradisjonell språkform. I samband med dette verkar det fruktbart å dra inn kva ulike personlegdomstypar har å seia for ulike haldningar og innstillingar. Eg hadde eit inntrykk av at eg kunne dela informantane mine inn i to grupper etter kva innstilling dei hadde til tilveret, og at dette verka å påverka dei språklege strategiane deira.

Kva haldningar informantane hadde til språkform og identitet viser ikkje så klar samanheng med kva talemålsvariantar dei gjer bruk av. Det var vanskeleg å sjå nokre klare tendensar i materialet på dette punktet. Eg synst likevel ikkje at eg kan forkasta tankane mine om at haldningar på desse områda faktisk er med og pregar individet sine språklege val og strategiar. Til det er teorien rundt dette for veletablert. Heller trur eg at eg må forklara mangelen på klare tendensar i materialet mitt med at eg kanskje ikkje fullt ut har lukkast i å måla haldningane til informantane mine. Spørsmålet om validitet dukkar ofte opp i samband med måling av språkhaldningar. Korleis kan me vita kva me egentleg måler, og korleis kan me vita at me måler det me trur me måler? I følgje Gjert Kristoffersen (1996:230), er validiteten avhengig av dei metodane ein gjer bruk av i granskinga, og dei spørsmåla som ein ønskjer å få svar på gjennom granskinga. Ein må finna fram til metodar som best mogleg finn fram til svar på dei spørsmåla ein ønskjer svar på. Jo betre metodane fyller dette kravet, jo høgare validitet har dei. Dette utgjer idealet og er sjølvstøtt ikkje like lett å få til i praksis.

Spørsmåla på spørjeskjemaet mitt spør heilt eksplisitt etter haldningar til språkbruk, men det er ofte slik at det ein oppgjev sjølv at ein meiner ikkje treng å samsvara med kva ein egentleg meiner eller korleis ein handlar i forhold til språkbruk. I følgje Tore Kristiansen (1997:291), er det ikkje uvanleg at informantar reproduserer 'den vanlege oppfatninga' i staden for å gje uttrykk for sine personlege kjensler. Kristiansen (forelesing) skil mellom tre ulike nivå når han snakkar om språkhaldningar: 1) eit kognitivt nivå 2) eit affektivt nivå og 3) eit konativt nivå (omhandlar handlingsaspektet), og han meiner at den beste måten å studera dei 'verkelege', personlege haldningane til folk på, er å registrera korleis folk reagerer i forhold til språk i verkelege situasjonar. Dette utgjer nivå tre i inndelinga hans: det konative. Kristiansen (1997:303) legg òg vekt på at det er forskjell på om folk er medvitne om at dei uttrykker haldningane sine eller ikkje, og han meiner at dei verkelege haldningane til folk best kjem til uttrykk dersom dei ikkje er medvitne om det (jfr. 'the observer's paradox').

Måten eg går fram for å kartleggja ulike haldningar til diverse sider ved språkbruk, er truleg for eksplisitt. Eg innser at dette truleg ikkje var den beste måten å måla haldningar til språkbruk på. Dersom eg hadde nytta ein meir direkte metode, der eg hadde registrert informantane sine handlingar som reaksjon på ulike språklege varietetar, trur eg at eg ville sett ein klarare tendens i resultatane. Det samme gjeld truleg der eg freista å finna ut noko om identiteten til informantane mine.

Samstundes som eg er kritisk til metoden min i samband med målinga av språkhaldningar og identitet, godtar eg den samme metoden der eg målte haldning til heimstad. Dette er sjølvstundt litt problematisk. Likevel meiner eg at det kan forsvarast. Eg trur at haldningar til talemål og identitet er vanskelegare å måla enn trivsel og haldningar til heimstad. I samband med dei to første trur eg det lettare blir slik at ein berre reproducerer ein 'gjengs oppfatning', i staden for at ein gjev uttrykk for sine personlege, subjektive kjensler og oppfatningar. Eg trur det ofte er slik at det finst visse uttrykte, kollektive oppfatningar med omsyn til slike tema. Identitet og den lokale dialekten er truleg nært samanbundne, og blir ofte eit uttrykk for den lokale ånda. Ei haldning som seier til dømes at "me er mostringar og snakkar mostradialekt", seier kanskje meir om eit kollektivt uttrykk for identitet, enn om kva kvart individ sine subjektive, personlege kjensler er.

I motsetnad til det, er spørsmåla knytt til trivsel og eit eventuelt ønskje om å bu ein annan plass meir uløysleg knytte til kjenslene til kvart individ. Det blir på ein måte ei motsetning til den kollektive ånda. Det er vanskeleg å tenkja seg at ein plass sitt kollektive uttrykk skulle vera mangel på trivsel og ønskje om å flytta vekk. Derfor trur eg desse spørsmåla i større grad blir knytte til kvart individ sine personlege kjensler og ønskjer, og derfor er dei òg lettare å måla.

8. AVSLUTNING

8. 1. Oppsummering og konklusjonar

Føremålet med denne granskinga har vore å undersøkje om talemålet på Bømlo no er i ein endringsprosess vekk frå dei tradisjonelle målformene. Eit delføremål har vore å undersøkje om dei språklege skilnadene som tradisjonelt har eksistert innåt på Bømlo, framleis eksisterer. Eg har òg freista å sjå om den språklege variasjonen på Bømlo kunne setjast i samband med kjønn, foreldrebakgrunn, tid borte frå Bømlo og haldningar til dialekt, heimstad og eigen identitet.

Eg valde å avgrensa granskinga mi til Moster sokn og sentralområdet i Bremnes sokn, men det er liten grunn til å tru at desse områda skil seg nemneverdig frå dei andre sokna i Bømlo kommune, og det er derfor nærliggjande å tru at det eg har komme fram til i denne avhandlinga i større eller mindre grad gjeld for målet i heile Bømlo kommune. Likevel skal ein vera merksam på at konklusjonane mine gjeld talemålet i Moster og Bremnes sokn. Særleg med omsyn til det eg seier om talemålsforskjellar innåt på Bømlo, skal ein vera varsam med å generalisera. Det er òg slik at eit utval på 36 informantar ikkje utgjer ein særleg stor del av folkesetnaden, og òg derfor skal ein vera litt varsam når det gjeld å generalisera på bakgrunn av resultatata frå granskinga. Det er likevel ingen grunn til å tru at mine informantar, som gruppe, skulle vera noko særleg annleis enn andre bømlingar, og derfor meiner eg at dei klaraste resultatata frå granskinga er eit godt grunnlag for å seia noko om kva lei utviklinga av talemålet på Bømlo synest å gå i, og kva som verkar å påverka den språklege variasjonen der.

Granskinga viser at alder er den sosiale faktoren som klarast viser eit samband med språkbruk. Med omsyn til eit fleirtal av dei språklege variablane er det slik at låg alder korrelerer med høg modernitetsprosent, og når det gjeld ni variablar er korrelasjonen statistisk signifikant: v1: -a-ending eller e-ending i presens av tradisjonelle a-verb, v9 og v10: assimilasjon av *ng* i ordslutt og innlyd, v11-v13: palatalisering av *k*, *g* og *sk*, v15: differensiasjon av *rn* i innlyd, v17: segmentasjon av *ll* i innlyd og v27: uttale av kort *y* (*ø*) som [ɣ], [ʉ] eller [œ]. Det er òg slik at dei moderne formene er dominerande i materialet med omsyn til fleire av dei variablane som ikkje viste signifikant skilnad mellom aldersgruppene.

Dei tradisjonelle geografisk betinga målforskjellane mellom Moster og Bremnes ser eg få spor av i materialet mitt. Unntaket er vinglinga mellom [ɣ], [œ] og [ʉ] av kort *y* (*ø*). Dei geografiske skilnadene verkar å vera godt oppretthaldne på dette punktet. Det er kanskje ein svak tendens i materialet som indikerer at mostringane generelt nyttar litt fleire av dei

moderne formene i forhold til bremnesingane, men skilnaden er ikkje signifikant. Det kan òg verka som om det er litt større geografisk betinga variasjon i den yngste aldersgruppa, og i denne samanhengen kan ein undra seg på om det har skjedd ei endring med språket til dei vaksne samanlikna med då dei deltok i Stokka (1982) si gransking.

Materialet mitt viser at det er grunn til å tru at bakgrunnen til foreldra har noko å seia for barna sin språkbruk. Dette er ikkje overraskande, i og med at mange sociolingvistiske granskningar har konkludert med det samme.

Det går fram av materialet mitt at ei positiv innstilling til heimstad, representert ved god trivsel og eit ønskje om å fortsetja å bu på Bømlo, verkar å samvariera med ei tradisjonell språkform. Dette er noko som det verkar å vera fruktbart å sjå i samband med ulike personlegdomstypar, og som kan vera ein indikasjon på at personlegdomsteori er noko som i større grad burde vore trekt inn i sociolingvistisk forskning.

Kjønn verkar ikkje å vera ein avgjerande faktor for språkbruk på Bømlo, sjølv om det er ein liten tendens i materialet som indikerer at mennene i litt større grad enn kvinnene gjer bruk av dei moderne formene. Dette gjeld særleg dei vaksne. Heller ikkje det å ha budd borte frå Bømlo ser i denne granskinga ut til å ha noko å seia for språkbruken. Materialet er i alle høve svært lite eintydig på dette punktet.

Haldning til dialektar og identitet viser heller ikkje eintydige mønster i forhold til språkbruk. Ein kan likevel ikkje forkasta at dette er faktorar som kan verka inn på språkbruken, og mangelen på klare tendensar i mine resultat kan kanskje heller forklarast med at eg ikkje fullt ut har lukkast i å måla dette.

Hovudkonklusjonen etter at granskinga er avslutta er at talemålet på Bømlo verkar å vera i ein endringsprosess vekk frå dei tradisjonelle formene, men at dei ulike språklege trekka som her er blitt granska, verkar å vera på ulike stadium i prosessen. Det er likevel eit samla inntrykk at dei tradisjonelle formene gradvis blir bytta ut med moderne, meir normaliserte former. Det er rimeleg å tru at dei nye formene verkar å spreia seg frå naboombåda via akkommodasjon. På den måten kan ein kanskje sjå spor av ein språkleg regionaliseringsprosess, der dei mest markante språklege forskjellane mellom dei ulike bygdene og kommunane blir utjamna. Dette er likevel noko som ein skal vera svært varsam med å slå fast, og det perspektivet har heller ikkje vore framtrédande i denne avhandlinga.

8. 2. Framtidsdialekten

Dersom ein skulle byggja på funna i denne granskinga og ved eit seinare høve gå tilbake for å granska talemålet på Bømlo, kunne det nok vera interessant å ta tak i dette med språkleg regionalisering. Bømlo og kommunane ikring vil truleg utgjera eit spanande språklaboratorium i åra framover. Trekantsambandet, som er eit bru- og tunnelsamband mellom Bømlo, Stord og fastlandet, opna i april 2001, og det kan bli interessant å registrera kva det vil ha å seia for talemålet i regionen. Det er grunn til å tru at dette på sikt kan føra til auka kontakt mellom dei kommunane som er involverte, og Haugesund som den største byen i regionen, vil truleg òg styrkja posisjonen sin. Det er alt for tidleg å spekulera i kva språklege konsekvensar dette vil få, men det ville vore interessant å føreta ei slik gransking tjue år inn i framtida. Korleis vil målet på Bømlo og dei andre måla i Sunnhordlandsregionen vera då?

Litteraturliste

- Akselberg, Gunnstein (red.). 1999. *Målbryting. Skrifter frå prosjektet Talemålsendring i Noreg – nr. 2: Talemålsendring i Noreg*. Bergen: Nordisk institutt, UIB.
- Brink, Lars og Jørn Lund. 1975. *Dansk Rigsmål I-II: lydudviklingen siden 1840 med særligt henblik på sociolekterne i København*. København: Gyldendal.
- Brodersen, Randi Benedikte. 2000. *Det kvalitative telefoninterview og andre interviewmetoder i sociolingvistikken*. Bergen: Nordisk institutt, UIB.
- Butler, Christopher. 1985. *Statistics in Linguistics*. Oxford: Blackwell.
- Bømlo kommune og Bømlo Reiselivslag. 2001. *Bømlo. Såg du ei øy...* Bømlo.
- Eckert, Penelope. 1997. Age as a sociolinguistic variable. I Coulmas (red.): *The Handbook of Sociolinguistics*, s. 151-167. Oxford: Blackwell.
- Giles, Howard. 1973. Accent mobility: a model and some data. I *Anthropological Linguistics* 15, s. 87-105.
- Giles, Howard, Taylor, D. og Bourhis, R. 1973. Towards a theory of interpersonal accommodation through speech: some Canadian data. I *Language in Society* 2, s. 177-192. Cambridge: Cambridge University Press.
- Gregersen, Frans. 1999. Sociolingvistikken forandringer Indledende knæbøjninger før Projekt Bysociolingvistik eventuelt genoptages. I *Dansk Folkemål* 41, s. 203-247.
- Grønmo, Sigmund. 1996. Forholdet mellom kvalitative og kvantitative tilnærminger i samfunnsforskningen. I Kalleberg R. og Holter H. (red.): *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*, s. 73-108. 2. utgåve. Oslo: Universitetsforlaget.
